

Møte mellom menneske og laks

Om laksefiskepraksisar ved Namsenvassdraget

Anita Nordeide



Masteroppgåve

Sosialantropologisk institutt

UNIVERSITETET I OSLO

Vår 2012

Møte mellom menneske og laks

Om laksefiskepraksisar ved Namsenvassdraget

Anita Nordeide

Masteroppgåve ved Sosialantropologisk institutt

UNIVERSITETET I OSLO

Vår 2012

© Anita Nordeide

2012

Møte mellom menneske og laks. Om laksefiskepraksisar ved Namsenvassdraget

Forfattar: Anita Nordeide

<http://www.duo.uio.no>

Trykk: Oslo Kopisten AS

Samandrag

Tema for denne masteroppgåva er relasjonar mellom menneske og laks slik dei kjem til syne gjennom praksisar i laksefiske ved Namsenvassdraget i Nord- Trøndelag. Oppgåva er knytt til prosjektet «Newcomers to the Farm; Atlantic Salmon between the Wild and The Industrial». Prosjektet har som målsetjing å utforske spørsmål knytt til utvikling av husdyrhald i havbruket.

Det empiriske materialet er innsamla under eit halvt års feltarbeid frå mars til september i 2011. Med ei tilnærming til materialet ut frå aktør-nettverk teori, vart ulike fiskepraksisar der laks figurerte fylgt. Materialet omhandlar både intime relasjonar mellom fiskarar og laks, og større nettverk av forsking, forvalting og turisme. Slik viser studiet korleis laks vert til forskjellig innanfor kvar av desse praksisane.

Med utgangspunkt i empirien kjem det òg fram at relasjonar mellom menneske og laks har gjennomgått store endringar over tid. Frå å vere mat knytt til hushaldet, er laks no i større grad ein deltakar i ein sportsaktivitet og eit produkt i fisketurisme. Spennet mellom desse måtane å gjere laks, gjev seg også utslag i endringar i ulike relasjonar og moralar knytt til fisken. Dette kjem til uttrykk gjennom forskjellige fiskepraksisar, men òg gjennom forsking og forvaltingspraksisar i Noreg.

Utviklinga av oppdrett på laks har òg hatt avgjerande innverknad på korleis laks vert til i Namsenvassdraget. Den nye næringa skapte eit behov for å etablere eit omgrep for laksen i elva - villaks - i opposisjon til den domestiserte oppdrettslaksen. I Namsenvassdraget vert det operert med eit sett av kategoriar for å skilje desse laksane frå kvarandre. Studiet viser korleis den rømte oppdrettslaksen er sett som ein trussel mot Namslaksen som eit «autentisk produkt», og såleis òg for turistnæringa ikring laksen.

Takk

Tusen takk til alle i Grong, som tok varmt i mot ein undrande antropolog til bygda. Utan dei mange spennande samtalane og opplevingane hadde denne oppgåva aldri vorte til.

Takk òg til alle dykk som let meg få ta del i dykkar liv med laksen!

Min rettleiar, Gro Ween. Takk for inspirerande samtalar, god støtte og for at du har hatt trua på meg og mitt prosjekt frå byrjing til slutt!

Til mine utruleg flotte studievenar – takk for minneverdige augneblink.

Linda og Lene, takk for at de tok dykk tid til å lese gjennom oppgåva, gje gode kommentarar og nyttige innspel.

Takk til min fantastiske familie. For at de alltid er der.

Innhold

| | |
|--|-------------|
| MØTE MELLOM MENNESKE OG LAKS | I |
| OM LAKSEFISKEPRAKSISAR VED NAMSENVASSDRAGET | I |
| MØTE MELLOM MENNESKE OG LAKS | III |
| OM LAKSEFISKEPRAKSISAR VED NAMSENVASSDRAGET | III |
| SAMANDRAG..... | V |
| TAKK | VII |
| INNHOLD | VIII |
| 1 INNLEIING..... | 1 |
| TEMA OG PROBLEMSTILLING | 2 |
| NEWCOMERS TO THE FARM | 3 |
| TEORETISK RÅMEVERK | 4 |
| <i>Om samskaping</i> | 5 |
| REGIONAL ANTROPOLOGISK LITTERATUR | 7 |
| OPPBYGGING AV OPPGÅVA | 8 |
| 2 METODE - DEN VEGEN EG VAL..... | 10 |
| FELTARBEID I NOREG | 10 |
| MITT FELT: NAMSENVASSDRAGET | 12 |
| INFORMANTAR | 14 |
| DELTAKANDE OBSERVASJON | 14 |
| SEMISTRUKTURERT INTERVJU | 18 |
| MI ROLLE I FELTTET | 20 |
| ETISKE VURDERINGER | 23 |
| AVRUNDING | 24 |
| 3 LAKS - FRÅ MAT TIL TURISME OG LIDENSKAP | 25 |
| DEN FULLKOMNE SPORTSFISKAR | 25 |
| NAMSEN - FØR BRITISKE FISKARAR VITJAR ELVA | 26 |
| «THE QUEEN OF RIVERS» | 27 |
| EIN NASJONAL LAKS | 30 |
| LAKS SOM TURISME | 31 |
| LAKS SOM LIDENSKAP | 32 |
| <i>Harlingfiske</i> | 32 |
| <i>Markfiske</i> | 34 |
| <i>Flugefiske</i> | 35 |
| MØTER MELLOM FISKEPRAKSISAR | 36 |
| <i>Lokale fiskarar om andre</i> | 36 |
| <i>Flugefiskarar om andre</i> | 39 |
| AVRUNDING | 40 |

| | | |
|---|---|-----------|
| 4 | SAMSKAPING MELLOM MENNESKE OG LAKS | 41 |
| VINTER..... | 42 | |
| VÅR..... | 43 | |
| SUMAR | 45 | |
| HAUST..... | 50 | |
| AVRUNDING | 52 | |
| 5 | REGULERING | 54 |
| FORVALTING AV LAKS I TID OG ROM | 54 | |
| FORSKING OG FORVALTING | 56 | |
| EIN REGJERLEG LAKS..... | 57 | |
| REGELOPPFYLGING | 58 | |
| REGULERING | 59 | |
| REISKAPSBRUK..... | 60 | |
| FISKESTID | 62 | |
| LAKSEBØRS | 62 | |
| DØGNKVOTER | 64 | |
| FORSTÅELEGE FORVALTINGSPRAKSISAR | 66 | |
| FANG OG SLEPP – EIN FORVALTINGSPRAKSIS? | 67 | |
| LAKSEFISKE I FRAMTIDA | 71 | |
| AVRUNDING | 73 | |
| 6 | EIN ORDNA LAKS..... | 75 |
| EIN SPREK OG SØLVSKIMRA LAKS..... | 76 | |
| EIN UYNSKT LAKS | 78 | |
| EIN FEILVANDRA LAKS | 79 | |
| MØTE MED NYKOMAREN | 81 | |
| STADFESTING AV NYKOMAREN | 82 | |
| FJERNING AV NYKOMAREN | 84 | |
| VERKNADAR AV OPPDRETTSLAKS | 85 | |
| TRUSSEL..... | 87 | |
| SVARTELISTA | 88 | |
| FRAMANDE TRUSLAR | 89 | |
| AVRUNDING | 91 | |
| 7 | AVSLUTNING..... | 92 |
| LITTERATURLISTE..... | 95 | |

X

1 Innleiing

Det er siste kvelden i mai ved den store elva Namsen i Nord-Trøndelag. Mange menneske har samla seg ved elvebreidda. Eldre folk, menn og kvinner sit på benkar med ølboksar mellom hendene, innpakka i varme klede. Lukta av røyk legg seg tett rundt oss, frå rullingsane som heng i munnvikane til mennene. I skråninga nedanfor, mot elva, står det tett med folk, unge som vaksne. Nokre få born har fått vere vakne, sjølv om klokka nærmar seg midnatt.

Elva er vid, og vatnet ligg flatt. Regnet har akkurat stogga, og eit lett skydekke ligg over himmelen. Inntil elvekanten ligg tre båtar av mørkt treverk. To personar sit i kvar båt, ein som ror og ein heldig fiskar som har sikra seg fiskerett denne særskilde kvelden. Utstyret er nøyegjennomgått.

Det er ei jamn summing av folk som pratar. Ein mann i blå genser står like ved sonen sin. Han snakkar fort, medan han held ein kikert i handa og speidar utover elva. «No krible det ja» seier han spent. Sonen trippar og kikar utover. Folk snakkar om den gode vasstanden, at det nesten er perfekte forhold. At det heilt sikkert vert teke mykje i natt. Bjarne ser på klokka, det er han som skal skyte startskota i år. Ein ung mann med eit stort tv-kamera filmar mot elva. Midnatt nærmar seg, men det er framleis lyst.

Årene bryt varsamt den flate vasskorpa, og skyv båtane roleg bortover. Dei plasserer seg på ulike stadar. Bjarne stiller seg opp med geværet, han ser på klokka, «om 4 minutter» seier han konsentrert. Klokka er nøyaktig innstilt. Alle vert stille, dei held auga på båtane. Så smell det! Eit fyrverkeri glimtar i ulike mønster og fargar. Like etter bryt tonar frå nasjonalsongen stilla.

Med eitt er det nokon som har fisk på. Spenninga brer seg. Alle ser ut på elva. «Bare det itj e oppdrett» sukkar ein eldre kar. Mannen i den blå genseren tek fram kikerten og ser, «Jo, det e ein stor laks!» Utbryt han. «Det e laksen som styre båt'n, dein dreg båt'n. Det e laksen som bestæm.»

Tema og problemstilling

Inspirasjon til denne oppgåva fekk eg etter lesnad av *Naturen som praksiser: Natur i nyere norsk antropologi* (Ween og Flikke 2009). Artikkelen gjorde meg nyfiken på antropologisk forsking som granska eit vidt spenn av materialitetar. Eg undra kvifor det vart så mykje oppstuss når ein gav andre materialitetar enn menneske ei stemme i antropologisk studie? Eg kontakta forfattaren av artikkelen, Gro Ween. Ho anbefalte meg å delta på prosjektet «*Newcomers to the Farm; Atlantic Salmon between the Wild and the Industrial*». Som del av prosjektet kunne eg då utforske laksefiskepraksisar i elv. Til grunn for oppgåva mi ligg no eit halvt års feltarbeid utført ved elva Namsen, i Nord- Trøndelag.

Laksefiske i elv har vore praktisert i lang tid i Noreg. Likevel har det vore store endringar i korleis fisket har vore utført, og kva mål menneska har hatt med det. Av den grunn har menneske hatt ulike relasjoner til fisken. Frå å vere eit dyr til bruk som mat, er laksen no så mykje meir.

For å utforske laksen og menneska ikring den, val eg å fylgje fisken i ei mengd praksisar som den er ein del av. Oppgåva sporar laksen i mellom anna lokalkunnskap, fisketurisme, forvalting og forsking. Laks vert ikkje til isolert, men avheng av eit mylder av delar: objekt, teknikkar og menneske. Desse delane kan inkludere fiskeutstyr, båtar, statistikk, fotoapparat, menneskelege eigenskapar og mykje anna. Eg oppdaga at laks vart til på ulike måtar i dei forskjellige praksisane. Dette tyder på at det ikkje eksisterer éin laks, men mange ulike laksar (Law og Lien 2011). Slik handlar mi oppgåve om korleis laks vert gjort, og gjort forskjellig innanfor kvar praksis.

I kvar praksis fekk eg auge på ulike relasjoner mellom menneske og laks. Nokre er nære, intime relasjoner mellom fiskar og laks. Desse er knytt til møter med laks gjennom adrenalin og kamp eller som kjøt og middagar. Medan andre kan bruke nærbilde med fisken til andre ting som å produsere tal, gjennom forsking og forvalting. Namsen er skjeringspunktet der alle praksisane møtast. Desse er ikkje isolerte, men verkar derimot inn på kvarandre. Kvar praksis oppstår i relasjon til, og i møte med, andre praksisar. Problemstillingane som er sentrale i oppgåva er: *Kva menneske – laks relasjoner trer fram frå laksefiske i Namsen? Korleis vert laks skapt i og gjennom praksis? Kva går føre seg i møta mellom praksisar?*

Newcomers to the Farm

Mi oppgåve er knytt til prosjektet *Newcomers to the Farm; Atlantic Salmon between the Wild and the Industrial*. Deltakarane i prosjektet er Marianne Lien, Gro Ween, Kristin Asdal og John Law. Prosjektet er finansiert av Norges Forskningsråd gjennom programmet Miljø 2015. Prosjektet tek utgangspunkt i ulike kunnskapspraksisar som laks vert til i.

På 1970-talet tok oppdrett av laks form i Noreg. Sidan dess har næringa ekspandert så kraftig at ho no er ei av dei største i verda. På vel 40 år har det skjedd ei rivande utvikling, frå at atlantisk laks hovudsakleg levde i det fri, til at ni av ti laks no lev i oppdrettsanlegg. Domestiseringa av havbruket har på denne måten skjedd i eit særskilt høgt tempo, i kontrast til då husdyrhald i jordbruket tok til. Utviklinga har skapt eit bilet av atlantisk laks som to ulike laksar; ein oppdrettslaks og ein villaks, åtskild av motsetjingar mellom det kulturelle og det naturlege (Treimo 2007). Desse laksane oppsto i møte med kvarandre, dei står i relasjon til og verkar inn på kvarandre. Med utgangspunkt i denne endringa stiller *Newcomers to the Farm* spørsmåla: *Korleis endrar domestiseringsprosessen vår forståing av artane, dyra sjølve, og menneske-dyr relasjonane? Korleis utfordrar desse prosessane vår tanke om natur?*

Til grunn for prosjektet ligg ei komparativ forsking. Ulike kunnskapspraksisar der laks skapast er studert, ved at forskarane nærmar seg laks i og gjennom praksis. Prosjektet skil ikkje åt dei ulike laksane, men nærmar seg oppdrett og vill laks på liknande vis, i ulike laksemiljø i Noreg. Villaksnæringa er utforska i miljøa kring velkjente laksefiskeelver som Tanavassdraget, Altaelva og Namsenvassdraget (Ween 2011a). Mellom desse er det store variasjonar i korleis laks vert til. Samstundes er oppdrettsnæringa granska i område der næringa har utvikla seg mest, i Hardangerfjorden på Vestlandet (Law og Lien 2011). Mellom desse næringane finn ein eit klekkjeri på Voss, der det er eit prosjekt for å få attende Vossolaks til elva der (Dalheim 2012). Til saman syner desse studiane den multiplisitet og heterogenitet som eksisterer i skapinga av laks i Noreg, og opnar opp for komparasjon mellom dei ulike funna.

Teoretisk råmeverk

I 1986 gav Michel Callon ut artikkelen *Some elements of a sociology of translation: domestication of the scallops and the fishermen of St. Brieuc Bay*. Utgangspunktet er ein vitskapleg og økonomisk strid om årsaka til ein minkande kamskjelbestand i St. Brieuc Bay i Frankrike. Nokre forskarar utvikla ein strategi for å auke mengda kamskjel i bukta. Artikkelen omhandlar utviklinga av denne strategien. Callon utforska denne prosessen ved å nytte symmetri. I ein symmetrisk studie jamstiller ein menneske og ikkje-menneske som forskingsobjekt, noko som gjer det mogleg å studere ikkje-menneske som kamskjel. I praksisar der noko vert omset til noko anna skjer det ei fiksering. Når noko vert fiksert, fører det til at dei vert mobile og kan sirkulere utan at forma vert endra. Ved å merke seg desse omsetjingane i utforskinga av eit objekt vil ein sjå dei heterogene nettverka som bind dei saman. Callon synleggjer dette ved å fylgje korleis kamskjel vert til eit forskingsobjekt. Ved å endre form vil vert dei fiksert til noko anna, noko som gjer dei moglege å bevege. Kamskjela kan då sirkulere, uforanderleg, eksempelvis frå havet til statistikkar på forskingskonferansar (Callon 1986). For at forskarane skal lukkast i prosjektet om ein auka kamskjelbestand, må både kamskjela og fiskarane samarbeide om det same målet. Men dette går ikkje etter forskarane sin plan. Korkje kamskjela eller fiskarane samarbeider med forskarane. Kamskjela nektar å feste seg til havbotnen, og fiskarane tek opp alle kamskjela på ein gong. På denne måten syner han at kamskjel kan agere på lik linje med fiskarane. Deira handlingar har store verknadar for forskarane, ved at dei ikkje klarer å nå det målet dei hadde set seg føre (Callon 1986). Dette er ikkje handling i ein snever forstand, som krev ein intensjon. I staden er dette ei handling (noko) som skapar ein viss verknad. Det er denne forståinga av agens, og dei som utfører det, nemleg aktørane, som vert gjort tydeleg i Callon sitt døme. På liknande vis vil eg sjå laks som ein tydeleg aktør. Om den på same måte som kamskjel lar seg vere med, eller ikkje er like villig til å samarbeide. Om den lar seg gjere eller ikkje lar seg gjere.

Lik med Callon syner John Law korleis ein ved å fiksere noko gjer det uforanderleg i ei bestemt form som kan sirkulerast. Han eksemplifiserer dette i ei analyse av måten portugisarar etablerte og vedlikehald handelsruta frå Portugal til India, på 1400-1500 talet. Handelsruta gjekk over store avstandar. Law syner korleis dette vart mogleg fordi skipet, segl, navigatørar, både menneske og ikkje-menneske vart omset, og fiksert i uforanderlege formar. Dette var solide konstruksjonar der relasjonane innanfor held fram å vere dei same over tid. Skipet og alt inni det sirkulerte over 150

år. Skipet er både ein materialitet og ein metafor (Law 2007). Ein kan nytte same tankegong og førestille seg korleis til dømes kunnskap vert omset og kan sirkulere over store områder og lange periodar. Til liks fann eg dette i laksepraksisar i Namsen. Laks vart omset, og fiksert, til andre materialitetar som fotografi, mat, skjelprøver som slik kunne sirkulere. Skildringane av desse gav meg tilgang til ei forståing av kunnskap som materiell-semiotisk nettverk. Eg kunne slik utforske både menneskelege og ikkje-menneskelege aktørar i desse nettverka.

Denne retninga innanfor samfunnsvitskap er ofte referert til som aktør- nettverk teori (ANT). Saman med dei nemnte teoretikarane, Michel Callon og John Law, danna Bruno Latour grunnlaget for denne retninga. Performativitet er sentralt i ei slik tilnærming. For at noko skal kome til, må det verte skapt i og gjennom praksis. Ting skapast ulikt i kvar praksis. Jamvel om ein i teorien kan seie at noko er singulært, viser ei utforskning av praksis at ting alltid er multiple (Law 2007). Ved å fylgje denne tilnærminga må ein studere kva som er og korleis det vert gjort, altså det konkrete og empiriske, snarare enn å granske abstrakte teoriar. Ei slik tilnærming står i motsetjing til konstruktivismen. I konstruktivismen er ting forstått som representasjonar av noko, dei har ikkje ein materialitet som bidreg til danninga av eit objekt (Barad 2003).

Praksisar er kunnskapsbasert. Det er store skilnadar i korleis ulik kunnskap vert til. Nokre gongar kjem kunnskap til gjennom kunnskapsoverføring mellom generasjonar i subsistensaktivitetar, andre gongar gjennom konferansar, forelesingar, forsking og lesing av internasjonale fagartiklar. Andre er lært gjennom film, magasin, samvær med kameratar, prøving og feiling, og kombinerer bokleg lærdom og kroppsleg praksis. I elva Namsen møtast fleire ulike kunnskapspraksisar, laksen vert eit grenseobjekt. Mellom nokre praksisar er det stor gnissing, motstand, konflikt, andre gongar kan det skje endring og kunnskapsoverføring (Law 2004).

Om samskaping

Donna Haraway har merka seg sterkt i studiet av menneske og andre dyr. I boka *When Species Meet* diskuterer ho samskaping mellom menneske og andre dyr. Ho er oppteken av å overskride artsgrensene og vise fram kor samanknytt menneske-dyr relasjonar er i praksis. Difor er ho oppteken av å finne ord som skildrar samskapinga som skjer i ulike menneske-dyr relasjonar. Innanfor biologien tyder *symbiogenese* korleis to separate artar vert til ein. Haraway nyttar omgrepet til å tenkje over kva samansmeltingar som skjer når artar vert til saman. Det tyder at vi

alle eksisterer i og skapar verda saman (Haraway 2008). Ho viser òg til Karen Barad som er oppteken av at ikkje noko vert til åleine, men i møtet med andre. Barad går til livet sine grunnleggande bestanddelar for å prove dette, der ho syner korleis atom støytar mot kvarandre, og vert skapt. Ting får altså ikkje meining før det vert sett i relasjon til noko anna. På denne måten skjer det ei handling som får verknad i møter. Dette gjeld ikkje berre for menneske, men òg for «matters» som kamskjel og laks. Slik kan dei òg seiast å ha ei handling, ein agens. «Matters» er slik ikkje ein ting, snarare er det ein *gjeren* (Barad 2003).

Haraway nyttar omgrepet *companion species*. Omgrepet handlar ikkje berre om dyr vi brukar mest tid med, som kjæledyr, men dyr vi konstituerer oss saman med. I møtet med andre endrar vi oss, vi vert konstituert gjensidig gjennom samskaping. Samskapinga finn stad med artar som er signifikante for menneske. Det er stor skilnad på korleis ein vert skapt saman med hundar, som Haraway studerer, i kontrast til fisk, som eg utforskar. Difor er menneske-dyr relasjonar særslig ulike avhengig av kva dyr det er snakk om. Menneske vil til dømes ha ein annan type relasjon til dyr ein *et*, enn til dyr ein *et med* (Douglas 1966 i Ween 2011a). Kva er då særskild med menneske - laks relasjonar? Til skilnad frå hund er laks eit dyr vi et. I tillegg er det eit dyr som vi ikkje har den daglege, nære, kontakta med som hund, sidan fisken for det meste er usynleg under vatn. Dette gjer laks framand, på same måte som deira element havdjupa er framandt for oss, noko Stefan Helmreich syner i boka *Alien Ocean* (Helmreich 2009). Likevel er dei ikkje så framande for oss som maneter og plankton. Vidare vert den framand sidan reaksjonsevna til fisk er annleis enn hjå mange andre dyr. Laks gjev ikkje frå seg lyd, eller har eit ansikt som kan uttrykke kjensle, difor er det vanskeleg å sjå korleis dyret reagerer. Laks vert då ein absolutte andre i forhold til menneske (Ween 2011a, Law og Lien 2011).

Antropologar har lenge vore opptekne av klassifikasjon av dyr. Claude Levi Strauss var oppteken av dyr, som gode til å tenke med (Levi- Strauss 1968 [1962]). Medan Mary Douglas hevda at menneske ordnar dyr som er signifikante for oss i moralske system. Ho synte korleis menneske klassifiserer mellom dyr ein et og dyr ein et med. Dyr som er signifikante for vår diett er òg ein sentral del av våre liv (Douglas 1966 i Ween 2011a). Relasjonar mellom menneske og dyr har òg gjensidig overføringsverdi i forhold til andre klassifikasjonssystem, til dømes i relasjonar mellom menneske. Dette ynskjer eg å synleggjere gjennom menneske- laks relasjonar i laksefiske.

Regional antropologisk litteratur

Sidan mi oppgåve fokuserer på menneske-laks relasjonar ved Namsen, vil eg her kort gå gjennom andre teoretiske perspektiv og tilnærmingar på studie av relasjonar mellom menneske og dyr i regional antropologi. I antropologi har tilnærminga til dyr vore utforska tidlegare. I Noreg har boka *Marine Mammals and Northern Cultures* av Arne Kalland og Frank Sejersen stått sentralt. Boka handlar om relasjon mellom menneske og kval, ved at den fokuserer på kval og seljak i den Nord Atlantiske regionen. Her vert dyret, kvalen, forstått som eit symbol eller ein representasjon i staden for ein aktør (Kalland og Sejersen 2005).

I jakt har menneske – dyr relasjonar lenge vore studert. I Noreg har antropologen David Ramslien skrive om forhold mellom jakthund og jeger i harejakt (Ramslien 2006). Internasjonalt har Tim Ingold og Rane Willerslev utforska jegerar i relasjon til reinsdyr og elg (Ingold 1980, Willerslev 2007). Tilknytinga til den fenomenologiske teori er samlande for desse. Denne retninga gjer det mogleg å skildre intime augeblink, som fangsthendingar, tydeleg. Jamvel om fenomenologi er god til å skildre intime augneblink mellom menneske og dyr, er tilnærminga mangelfull for mitt formål. Fenomenologiske studie av natur har ikkje vore symmetrisk. Dyr, insekt og bakteriar har ikkje vorte studert på lik linje med menneske. Sjølv om dei òg syner at dyr verkar inn på menneske. Perspektivet inkluderer heller ikkje nettverka rundt studieobjektet. Slik manglar ein det større nettverk av menneske- dyr relasjonar som til dømes vert synleggjort gjennom fiskerettar, forvalting og forsking.

Ulike tilnærmingar til menneske- fisk relasjonar har tidlegare vore utforska i Noreg. Nokre av desse studiane har vore inspirert av eit aktør- nettverk perspektiv. Antropologane har då retta søkjelys mot tema som fiskerettar, fordeling, allmenningens tragedie og lokalkunnskap (Knudsen 2009, Maurstad 2000). Felles for deira studie er fokuset på fiske til havs. Det eksisterer ein anna menneske- fisk relasjon i fiske på havet enn i elvefiske. Til havs er det ein relasjon til mange fiskar. I elva handlar det om menneske i relasjon til ein og ein laks, fylgjeleg ein meir intim relasjon.

I denne oppgåva vil eg i staden nytte meg av ei tilnærming som gjer at eg kan kome nærmare inn på laks. Dette vil eg gjere ved ei aktør- nettverk tilnærming, der fokuset ligg på performativitet. I staden for å handle om ”veren” i verda som i fenomenologi, er dette ei meir handlande tilnærming med ”gjera” i verda. Dette er noko som eg òg ynskjer å få fram i min studie av laks,

og laksefiskarar. Her vil fokuset vere på korleis laks og menneske kjem til saman. I min studie av menneske- laks relasjonar, går eg nært på laks og menneske og dei intime relasjonen mellom dei. Samstundes held eg blikket ope slik at eg får med nettverka utover dette, ved å fokusere på mange ulike praksisar der laks figurerer, som til dømes forsking, forvalting og turisme.

Oppbygging av oppgåva

I dette introduksjonskapitlet har eg presentert det teoretiske råmeverket som ligg til grunn for oppgåva. Her forankra eg forståingar som eg kjem attende til gjennom heile teksten. Eg har presentert nokre tilnærmingar til natur og menneske-dyr relasjonar som eg har valt bort. I kapittel to drøftar eg kvifor mitt felt hamnar i ein større diskusjon om antropologisk feltarbeid. Sidan skildrar eg den geografiske staden som er åstad for mitt feltarbeid. Vidare presenterer eg vegen til informantar og datainnsamlinga, ved å synleggjere dei særeigne utfordringane med å gjere ANT baserte tilnærmingar til natur. Dernest situerar eg mine roller og posisjonering ifeltet. Til sist gjer eg ei kritisk vurdering av metodane eg har nytta. I kapittel tre presenterer eg ein kort historisk gjennomgang av korleis laks gjekk frå å i hovudsak vere mat til å verte turistnæring og naturoppleving. Eg tek utgangspunkt i utviklinga av sportsfiske i England på 1600-talet. Denne utviklinga følgjer eg til Namsen og Noreg på 1800-talet. Eg ynskjer å vise endringar i fiskepraksisar og menneske-laks relasjonar ved Namsen. Dernest skildrar eg dei ulike laksefiskepraksisane ved elva, som næring, naturoppleving og matauk. Fyrst gjer eg ei framstelling av dei ulike fiskarane som delar elva, kva utstyr dei nyttar, fiskemetode og måte dei tilnærma seg fisken på. Etter det, syner eg kva som går føre seg når desse praksisane møtast. I kapittel fire viser eg korleis menneske og laks vert skapt saman på ulike måtar. Samskapinga føregår ikkje berre i fiskesesongen, men gjennom heile året. Laks vert ikkje teke ut av sirkulasjon når den er daud, han sirkulerer vidare gjennom å verte omset til andre storleikar. Kapitlet gjev eit innblikk i nettverka som laks er ein del av. I kapittel fem opnar eg blikket mot andre menneske-laks relasjonar som verkar inn på elvefiske, som forsking og forvaltingspraksisar. Målet er å vise korleis dei kjem til, verkar saman og formast i møte med kvarandre. Eg syner korleis forvaltinga i Noreg legitimerer ein type moral kring laks, laksen som ein sportsfisk. I kapittel seks syner eg korleis fiskarar og forvaltarar ordnar og klassifiserer laks. Eg framhevar korleis klassifiseringspraksisar er ein prosess der kategoriar er i stadig endring. Slik vert nye forskjellar og grenser alltid skapt. Etter at rømt oppdrettslaks har kome i elva har det vore eit aukande fokus på klassifisering. Vidare argumenterer eg for at slike klassifiseringspraksisar ikkje eksisterer

eksklusivt innanfor grensene av felta dei høyrer til, i tilknyting til biologi og botanikk, men at klassifikasjonane resonnerer med samfunnet elles. Til sist, i avslutningskapitlet, freistar eg å summere opp oppgåva i sin heilskap.

2 Metode - den vegen eg val

I dette kapitlet ynskjer eg å vise kva metode eg har nytta og kvifor eg har sett den som mest tenleg for oppgåva mi. Eg vil vise korleis eg gjekk fram både før og under feltarbeidet. Fyrst vil eg introdusere mi tilnærming til geografiske feltstad. Vidare vil eg drøfte ulike synspunkt om feltarbeid i Noreg. Dernest skildrar eg feltarbeidsstad, presenterer mine informantar og syner korleis eg fekk tilgang til desse. Vidare diskuterer eg metodiske implikasjonar for val av teoretisk utgangspunkt. Eg ynskjer å vise mine roller og posisjon i feltet, før eg vurderer desse. Etter det, drøftar eg dei etiske problema knytt til metoden.

Då eg hadde bestemt at tema for prosjektet skulle vere laksefiske i ei elv i Noreg, byrja eg å utforske kva feltstad som var best eigna for dette studie. Eg kontakta leiar i Vitskapleg Råd for Lakseforvaltning Torbjørn Forseth i NINA (Norsk Institutt for Naturforskning), som råda meg til å studere Namsen i Nord-Trøndelag. Elva er ei svært populær lakseelv, både for lokale og tilreisande. Innslaget av rømt oppdrettslaks og problematikken kring dette er mykje debattert i lokalavisene i Namdalens. Like ved Namsen ligg bygda Grong. I denne bygda ligg ein Vidaregåande skule med landslinje for sportsfiske. Eg kontakta skulen som sa at eg var velkommen til å delta i undervising der. Eg såg føre meg at dette ville vere gode utgangspunkt for mitt feltarbeid. Slik sirkla eg inn bygda Grong og elva Namsen som geografisk område for mitt prosjekt. Grong kommune ligg i Namdalens i Nord-Trøndelag, omlag 20 mil nord for Trondheim. Det er ein liten kommune på omlag 2 600 innbyggjarar. I mars 2011 køyrdie eg frå Oslo til Grong. Her buset eg meg sentralt i bygda, i ei leilegheit ved Namdals Folkehøgskule. Det vesle folketalet i bygda gjorde til at ein nykomar vart særslig synleg. Innbyggjarane var nyfikne på meg og mitt prosjekt frå fyrste stund. Oppgåva mi byggjer på feltarbeidet som eg utførte her, frå mars til september 2011. Valet av geografisk stad og tema fører til at mitt prosjekt hamnar i ein større diskusjon om feltarbeidet si framtid i antropologifaget. Dette vil kort verte drøfta, før eg går attende til mitt feltarbeid.

Feltarbeid i Noreg

Staden for feltet og måten eit feltarbeid skal utførast har lenge vore gjenstand for diskusjon. I eit klassisk feltarbeid skal ein reise langt av stad over ein lengre tidsperiode. Samstundes skal ein

leve tett saman med sine informantar, og ikkje ha kjennskap til deira levemåte tidlegare. Dette har vore eit antropologisk ideal frå tida då Bronislaw Malinowski gjorde sitt feltarbeid på Trobrianderar på Papua Ny-Guinea (Malinowski 1984 [1922]). Jamvel om dette er omlag hundre år sida, heng idealet framleis att i antropologifaget.

Kathinka Frøystad problematiserer dette i artikkelen *Forestillingen om det "ordentlige" feltarbeid og dets umulighet i Norge*. I artikkelen syner ho at det eksisterer eit hierarki av feltstadar der fjerne stadar vert høgre prioritert enn eige samfunn, og landsbyar sett føre byar (Gupta og Ferguson 1997 i Frøystad 2003). Mange er kritiske til dei metodiske utfordringane ved å leggje feltet i eige samfunn. I Noreg er Signe Howell den som har uttrykt sterkest motstand mot Noregsantropologi. Frykta ligg i at slike studiar vert «dårleg sosiologi» (Howell 2001 i Frøystad 2003). I eige samfunn kan det vere vanskeleg å utføre eit feldarbeid i tråd med det klassiske feldarbeidet. Ofte får ein ikkje tilgang til å leve med sine informantar heile tida, som å bu heime hjå dei. Den største frykta er likevel «heimeblindskap», det vil seie at ein i eige samfunn vil kunne oversjå viktig data, sidan ein manglar ein analytiske distanse til feltet. Mange antropologar som har utført feldarbeid i eige samfunn utviklar metodiske grep for å unngå dette. Blant dei er Kirsten Hastrup som skriv om korleis *forbløffelse* er eit naudsynt verkty i møte med feltet (Hastrup 1992). Halvard Vike diskuterer behovet for å *sjølveksotifisere*, det vil seie å sjå sitt eige samfunn med framande auge (Vike 1996 [1994] i Frøystad 2003). Medan Marianne Lien og Runar Døving diskuterer korleis ein ved å stille heilt banale spørsmål, kan få fram ting som er heilt sjølvsagt for informantar, men ikkje for antropologen (Lien 1991). Desse metodiske grepa rettar merksemd på redselen for å verte «heimeblind». Dersom sjølve grunnsteinen i det antropologiske feldarbeidet skal vere *forbløffelse* og at vi skal la det eksotiske vere sentralt, så vil antropologi som fagfelt til slutt skrumpe inn. Kva vil det seie å gjere feldarbeid heime? Verda har endra seg mykje sidan tida då Malinowski utførte sitt langvarige feldarbeid. I dag er det ikkje like enkelt å oppdage ein «framand» stad. Område som ligg fjernt geografisk, kan ha meir fellestrek med deg, enn område som ligg nærare. Likeins kan menneske som bur nær deg, vere meir «framand» enn andre som bur fjernt. Slik er det òg med tema, dei kan ligge nært eller fjernt din tidlegare kjennskap. Difor vert det ei vanskeleg oppgåve dersom ein i antropologisk feldarbeid i framtida berre skal halde fram med å oppsøke område som ligg fjernt frå antropologar sin heim.

Sjølv har eg valt ein alternativ veg for mine metodiske grep. Grunnleggjande måtar vi tenkjer på, vert teke for gjeve og reproduusert i eige samfunn. For å avdekke slike strukturar treng ein andre analytiske hjelpemiddel enn *forbløffelse* og *sjølveksotifisering*. Vitskapsstudier (STS) og ei

tilnærming til aktør- nettverk, kan tilføre konkrete verkty til den antropologiske metode. I dette fagområdet har ein alltid studert eige samfunn. Her fokuserer ein heller på praksis enn på mening. Ein vert tvinga til å sjå vekk frå ting som i utgangspunktet er kjent, ved at ein må fylgje praksisane det skapast i. På denne måten fokuserer ein på kva som får noko til å kome til. For å få ei erkjenning om kva laks er, har eg observert dei ulike praksisane laks figurerer i. Laks er ulik om den bit på fiskestanga, ligg på matbordet eller skal vurderast etter gytebestandsmål.

Mitt felt: Namsenvassdraget

Med sine 228 kilometer svingar Namsen seg nedover Namdalen i Nord-Trøndelag, i Noreg. Elva skjær seg gjennom botn av dalen, og leiar vegen ut mot kysten. Langstrekke elvebreidder, med stein og sand dannar ei linje som skil elva frå dei grøne markene rundt. Så tettar granskogen seg til, opp mot dei blåe avrunda fjella, som dannar bakteppet i landskapet. Andre elver går saman i Namsen, dei største av desse er Sandøla, Bjøra og Sørøa. Til saman dannar dei Namsenvassdraget. I nokre deler av Namsen strøymer vatnet ned i store fossefall. Andre stadar vidar elva seg ut og vert som ein stille innsjø.

Elvene i Namsenvassdraget er samlingspunkt for menneska kringom. Om somrane er det eit yrande badeliv i dei største hølene. Mange dykker ned i elva for å nyte synet av laksar som sirklar over dei, og for å symje ilag med laksane. Berga rundt vert nytta til soling, grilling og prat, medan laksane vakar. Seine kveldar og tidelege morgenar før og etter arbeidstid, vert nytta til fiske ved elva. Laks er ein vanleg middagsrett, til grilling ein sein sumarkveld, eller røykelaks til jul. Samstundes er laksefiske ei kjelde til inntekt. Slik lev menneska langs Namsen i sameksistens med laksen.

Fiskerett er eigd av grunneigarar med gardar som grensar til elva. Fiskerettane langs elva er delt inn i vald (sone). Det er gardane sin storleik som avgjer kor stor fiskerett ein har, det vil seie kor mange fiskedagar ein har pr. sesong. Organiseringa av dette er ulikt frå vald til vald. Nokre stadar deler fleire grunneigarar på fiskeretten. Andre stadar går fleire grunneigarar saman og sel fiskeretten direkte til fiskarar. Det er òg vanleg å leige ut fiskeretten til turistoperatørar som vidaresel retten til fiskarar.

Laksesesongen vender om på det stille livet i bygdene rundt Namsen. Mørke robåtar av tre glir fram og tilbake over elva sumartid. Tidleg på morgonen står spente fiskarar og støle roarar klare til ein ny dag på elva. Roaren styrer båten elegant i sikksakk nedover elva. På grunnare områder i elva står fiskarar med vatnet høgt opp til livet. Dei kastar fiskesnøret roleg fram og tilbake, før det landar lett i vatnet. Andre fiskar frå elvebreidder og berg, for å nå ned til dei beste kulpane i elva.

Sportsbutikkane ikring Namsen er ein møteplass for fiskarar. Dei kjem innom for å slå av ein prat med betjeninga, høyre historier om den siste laksen som er fanga, og kanskje investere i nytt utstyr. Ein av sportsbutikkane ligg i eit kjøpesenter ved Namsen. I det eg opnar døra til butikken vert eg slått av ein vegg der biletet i ulike storleikar heng tett i tett. Alle bileta syner ein stor laks og nokre nøgde fiskarar. Like over biletet heng ei avstøyping av ein gapande laks i full figur. Vidare inn i butikken er det ei stor avdeling med fiskeutstyr. Heile veggar er dekorert med fargerike slukar, wobblers og fluger. I eit hjørne av butikken heng ein liten flatskjerm, der «laksebørsen» står på. Dette er ei internetside for registrering av fanga laks. Sjølv om laksebørsen er tilgjengeleg på internett, gløttar fiskarar alltid bortom når dei er på butikken.

Eg er på sportsbutikken for å vere med å jobbe på ein av dei mest hektiske dagane i året. Fiskarar kjem inn heile tida. Eldre engelskmenn, spente tyskarar og lokale fiskarar. Mange går rundt seg sjølv, spente på kva dei neste døgera skal bringe. Eg står i kassen ved sidan av dei tilsette, der eg prisar nokre fargerike slukar, og pratar med kundane. To menn kjem inn i butikken, dei rundar hjørnet, nikkar mot oss, medan dei strenar konsentrert mot skjermen. Den eldste mannen er spinkel, krokrygga, og går med hendene på ryggen. Han er kledd i grønlege tonar. Ein fiskarvest. Ved sidan av står ein yngre mann, fyldigare, men kledd i dei same fargane. Skjermen heng litt høgt, så dei lyftar blikka opp, og bøyer hovuda bakover. Dei peikar og diskuterer høgflydt. Det er svensk, med eit sterkt finsk tonefall. Dei kommenterer namnet på fiskaren, kor fisken er teken, og kor stor den er. Men mest vurderer dei kva utstyr laksen er teken på. Burde dei kjøpe det same? Sam, som er tilsett i butikken står ved sidan av meg. Han smiler stort, snur seg mot meg og fortel at dei finnane, dei kjem attende kvart einaste år.

Informantar

Mitt mål for prosjektet var å samle inn informasjon om laks frå eit vidt spenn av menneske. Eg ville ikkje berre konsentrere meg om ei lita gruppe laksefiskarar, men gå brent ut i mi tilnærming til kva laks er i ulike praksisar. Eg velde difor bort å berre fylgje nokre få informantar gjennom heile feltarbeidet. I staden fokuserte eg på å verte kjend med mange ulike menneske. Desse var turistoperatørar, grunneigarar, forvaltarar, forskarar, lokale og tilreisande fiskarar. I tillegg var det lokale innbyggjarar i bygdene kringom Namsen.

Dette har resultert i at eg har eit brent spekter av informantar. Dei fyrste menneska som introduserte meg til laksefiske, hadde eg kontakt med gjennom heile prosjektet. Dei var opne for spørsmål til ei kvar tid og kontakta meg dersom det skjedde noko som dei meinte kunne vere nyttig for meg. Tilreisande fiskarar vitjar berre Namsen nokre få veker i sesongen. Difor møtte eg mange informantar for ei kort tid. Til sist enda eg opp med ei hovudvekt av mannlege informantar, i alderen 15- 70 år.

Deltakande observasjon

I Namsen startar ikkje laksefiskesesongen før fyrste juni, medan eg byrja mitt feltarbeid allereie i mars. Korleis er det mogleg å forske på laksefiske før sesongen er i gong? For meg vart dette tydeleg med det same eg kom til Grong. Menneske–laks relasjonar føregår gjennom heile året. Fiskarar handlar utstyr, studerer fiskefilmar, les fiskelitteratur og planlegg nye turar. Turistoperatørar og grunneigarar har ofte oppgåver som marknadsføring og sal av laksefiske, sjølv utanom sesongen. Forskarar og forvaltarar arbeider med rapportering og analyse av laks gjennom heile året. Samstundes som laks figurerer i mellom anna mat, fotografi, historier og avstøypingar. Laks sirkulerer slik i mange praksisar, som eg kunne fylgje både før og undervegs i sesongen.

Landslinja for sportsfiske var den fyrste eg kontakta då eg kom til Grong. Sportsfiskelinja var eit godt utgangspunkt til å starte feltarbeidet. Den fyrste tida var eg der nærmast kvar dag for å delta på undervising og fisketurar. I undervisinga var det mykje fokus på ulike fiskeartar. Her deltok eg

på lik linje med elevane, eg plasserte meg bakarst i klasserommet og fylgte med på kva lærarane fortalte. I matpausane åt eg saman med lærarane for sportsfiskelinja og andre lærarar. Dette gjorde til at eg vart kjend med andre innbyggjarar som kunne setje meg i kontakt med grunneigarar og andre. Ein stor del av sportsfiskelinja handlar om å praktisere fiske. Difor arrangerte dei mange fisketurar, for å fiske etter sjøaure, håkjerring og andre artar, før laksesesongen starta. Eg deltok på nokre av desse turane. I mars var eg på sjøaurefiske og håkjærringfiske på Trøndelagskysten. Turane gjorde det mogleg for meg å verte kjent med fiskarar, og få meir informasjon frå dei. Desse turane varte ofte i fleire dagar, noko som gjorde til at eg kunne vere med dei heile døgeret. Vi køyrdde bil saman, sov i telt og åt alle måltida saman. På desse turane fekk eg sjå kor opptekne elevane var av fluger, flugebinding og kastetrening. I byrjinga av april reiste eg med lærarane på Sportsfiskelinja til Villmarksmesse på Lillestrøm. Her deltok eg i deira arbeid med å marknadsføre skulen for unge, ivrige fiskarar. Gjennom dette opphaldet fekk eg eit stort innblikk i kva sportsfiskeaktivitetar dreiar seg om.

Jamvel om eg hadde god tilgang til informasjon om fiske gjennom denne skulen, ynskja eg å sjå korleis turistoperatørar, grunneigarar, forvaltarar og lokale fiskarar relaterte seg til laks. Desse kontakta eg utover våren og haldt kontakta med fram mot fiskesesongen. Heile våren nytta eg det lokale treningssenteret. Eg meldte meg inn i ei klatregruppe og der eg deltok med jamne mellomrom. Under ulike arrangement som teateroppsetjinga «Namsens Auge» og «Nansen Laksfestival» arbeidde eg som frivillig saman med lokale innbyggjarar. Desse tilnærmingane til feltet gjorde at eg var godt kjend i lokalmiljøet. Eg vart invitert på mange tilstellingar og festar, som utvida mine nettverk gjennom heile opphaldet. Samstundes gav det meg godt innblikk i lokale fiskarar og grunneigarar sitt syn på laksefiske og tilreisande fiskarar. Eg brukte mykje tid på å sende e-postar og ringe til andre grunneigarar. Eg ville kontakte desse før fiskesesongen tok til, slik at eg kjende desse før tilreisande fiskarar kom til Nansen. Dette lykkast eg med, slik at eg fekk vere med på grunneigarane sine vald når laksesesongen opna.

Det kan vere utfordrande å studere naturpraksisar. Fiske er ein særskilt kroppsleg naturpraksis. Korleis skal eg som antropolog få kjennskap til ein praksis som i seg sjølv er så kroppsleg? Korleis kan eg fange opplevelingane til fiskarane? Sosiologen Adrian Franklin har arbeidd med dette. Han hevdar at ein må leggje vekt på kroppen og sansane til menneske. Sjølv har han studert jakt og sportsfiske, og rådar til å fokusere på det multisensoriske i desse praksisane, sidan fiske er ei total oppleveling der alle sansar er i spenn (Franklin 2001). Likeins har eg vore oppteken av å skildre kropp i min observasjon av laksefiskarar. Eg har retta mitt blikk mot deira bruk av

kroppen. Fiskarane hører etter lydar, kjenner etter korleis kastet er, studerer elva for å finne ut om det er laks. Sjølv sa fiskarane at eg ikkje kunne skrive oppgåva utan å få ein laks, sidan dette ikkje kan forklarast, det må *erfarast*.

Måten eg tilnærma meg laksefiske var ulikt etter kvar fiskepraksis. I starten av sesongen er det mest båtfiske i Namsen. Her er det ein lokal guide som ror båten, medan ein annan person fiskar. Tidlegare hadde eg kontakta grunneigarar som let meg få vere med på dette fisket. Dei presenterte meg for fiskarane, og slik fekk eg tilgang til å vere med. Desse fiskarane er i Namsen i alt frå nokre dagar, til fleire veker. Ofte var det store kameratgjengar som kom, medan det andre gongar var firma som betalte for at deira tilsette skulle få ei lakseoppleveling. Desse budde på hotell eller herskaplege hus, der både mat, overnatting og lokal guide var inkludert. Då kunne eg kome attende fleire dagar på rad for å ta del i fisket. Nokre fiska i båt, medan andre fiska frå land. På denne måten kunne eg observere fisket frå elvebreidda, samstundes som eg hadde uformelle samtalar med landfiskarane. I pausane samtala eg med fiskarane i gapahukar. Vertskapet hadde stelt i stand med kaffi, god mat og øl. På kveldstid var eg med attende til deira vertshus. Der kledde dei seg om til finklede og husets kokk hadde gjort i stand måltid, med mange retter og tilhøyrande vin. Kveldane var dermed gode høver til å observere medan dei reflekterte over dagens hendingar. Her forsto eg at sjølve fisket ikkje var alt laksefiske dreia seg om, for desse fiskarane.

Seinare i sesongen kom det fleire flugefiskarar til elva. Dette var fiskarar som berre fiska frå land og med fluge. Med desse fiskarane fekk eg meir tilfeldig kontakt. Mange vart eg kjend med gjennom andre informantar. På Villmarksmessa vart eg kjend med fiskarar som skulle til Namsen ut i sesongen. Då dei kom til elva kontakta dei meg, og inviterte meg med på fisket. Desse fiskarane kom oftast i kameratgjengar. Mange av desse kom attende til Namsen fleire gongar gjennom heile sesongen, dermed var det mogleg å halde mange samtalar med dei. Desse fiskarane var mykje meir fleksible når det gjaldt fisketid. Dei hadde ikkje lokale guidar, men fiska sjølve. Difor kunne dette vere fiske på tidleg morgonar og seine kveldar. Flugefiskarar fiskar ute i elva, difor prata eg ikkje med dei medan dei fiska. I staden observerte eg dei, og prata med dei i pausar. Dei budde på campingplassar, hytter eller hjå kjente i Namsen. På kveldstid var eg med dei på den lokale puben eller på grilling på campingplassane. På mange måtar var det lettare å halde kontakten med desse fiskarane. For dei var fiske lidenskap. Dei hadde mykje å fortelje om deira fiskeopplevelingar i Namsen i kontrast til andre elver.

Lokale fiskarar var eg med meir under heile opphaldet mitt i Grong. Desse hadde eg kontakt med på andre aktivitetar enn fiske. Vi møtast på butikken, til fjellturar, til klatring og på lokale festar. Når eg var med dei på fiske, var eg oftast med under pausar når dei jobba som guide og roar. Elles var eg med når dei fiska åleine på kveldstid. Ei hending i byrjinga av sesongen gjorde til at eg forsto kor viktig deltagande observasjon er for å setje meg inn i fiskarane si verd:

Ein sein junikveld er eg med ein lokal roar på båtfiske. Fiskarar fortalte meg alltid om det spesielle meg laksefiske. Det å køyre laksen. Dette hadde eg vanskeleg for å forstå, men det skulle endre seg etter denne fisketuren: Plutseleg har eg ein laks på sjølv. Laksen er så tung at det kjennast som eg så vidt maktar å halde att fiskestonga. Roaren ror raskt inn mot ein sandbank, medan han forklarar meg kva eg skal gjere. Han ber meg hoppe ut av båten, for å køyre laksen frå land. Han seier at eg må la laksen gå ut, og så stramme inn med ein gong eg får sjansen, slik at snøret alltid er stramt. Eg gjer som han seier. Til sist byrjar laksen å verte sliten og eg får den nærmare land, der roaren står klar med hoven. Med ein gong han får sjansen hovar han den opp.

Hendinga venda om på oppfatninga mi av laksefiske, og det å køyre ein laks. Etter det skjøna eg kva fiskarane meina når dei snakka om kampen mellom dei sjølv og laksen. Ikkje berre gjennom å tenke på det, men i samtalar om laks, kjende eg fysisk korleis det var å ha ein så stor fisk, på nærmest 10 kilo på stonga.

I teksten *Min, din og vår friluftshistorie* diskuterer Margrete Skår korleis ein gjennom samtalar utandørs best kan forske på friluftsliv (Skår 2009). Dette er noko eg har nytta meg av i stor grad. Ofte kan det vere enklare å forklare korleis noko er, når ein er i situasjonen. Dette fekk eg erfare:

Tidleg i sesongen vitjar eg ein fiskar som sit på ein stol ved elvebreidda. Eg har kledd meg i tjukke ullkledde sidan dei siste dagane har vore så kjølige. No derimot, steiker sola og gjer meg glovarm. Eg stiller han spørsmål om fiske, medan han fiskar. Plutseleg har han ein fisk på kroken! Han røyser seg opp, går att og fram langs elvebreidda og ropar at eg må springe og hente kameratane hans i hytta like ved. Eg spring så fort eg kan og hentar dei ned til elva. Vi stiller oss like ved han til han får laksen på land.

Forskarrolla venda om i det same han fekk laksen på kroken. Eg gjekk frå ei intervju- og observasjonsform til brått å spele ei aktiv rolle i hendinga. Mange slike situasjoner førde til at eg ikkje berre skildra og observerte fisket, derimot gjorde det til at eg fekk erfare fiskepraksisar på

nært hald, noko som gav meg eit større innblikk i kva laksefiske var for dei ulike menneska eg trefte.

I siste del av feltarbeidet fekk eg låne eit eige kontor i eit kontorfellesskap i Grong. Her fekk eg ro til å skrive feltnotatar og kontakte nye informantar. Samstundes var fellesskapet nyttig sidan eg her fekk etablert eit nytt nettverk av menneske. Desse var lokale innbyggjarar som alle hadde ein relasjon til laks, gjennom mat, som grunneigarar eller som fiskarar. Her var det felles matpausar der tema om laks stadig kom opp i diskusjonane. På denne måten fekk eg ei anna vinkling på kva laks tyder for lokale innbyggjarar gjennom vanlege, kvardagslege samtalar.

Semistrukturert intervju

Som synt ovanfor har deltakande observasjon vore min hovudmetode gjennom heile prosjektet. I tillegg har eg nytta meg av semistrukturert intervju. Semistrukturert intervju er ei intervjuform der ein på førehand ikkje har fastsett nokre spesifikke spørsmål. Derimot er intervjuforma temabasert. Slik vert det eit laust intervju, som kan vendast mot nye, interessante tema som dukkar opp. Sjølv set eg opp ei liste med tema, innleia intervjeta og fylgde informantane sine interesser. For å få tilgang til informantar, nytta eg i fyrste omgang e-post og telefon. Der presenterte eg kort prosjektet mitt og fekk vidare avtalt eit møte. På det fyrste møtet nytta eg så semistrukturert intervju. I byrjinga nytta eg denne metoden mykje, då fekk eg presentert og etablert meg sjølv som antropolog. Eg informerte om at eg gjerne ville delta på aktivitetar ved seinare høve, der eg kunne nytte deltakande observasjon som hovudmetode. Den fyrste månaden påfeltet nytta eg semistrukturerte intervju med mellom andre turistkontoret i Grong, Kunnskapssenter for laks og vannmiljø i Namsos, og fiskeforvaltaren i Nord-Trøndelag. I desse tilfella fungerte semistrukturerte intervju i stor grad for å få eit overblikk over korleis laksefiskepraksisar heng saman ved Namsen. I tillegg sette intervjeta i gong ein undringsprosess hjå meg, som skapa nye spørsmål i det vidare arbeidet.

I månaden før laksesesongen starta bestemde eg meg for å få tilgang til informantar som eg kunne vere hjå i sesongen. I denne delen av prosjektet utførte eg mange intervju med turistoperatørar, grunneigarar, lokale fiskarar, eigarar av sportsbutikkar, tilsette på laksemuseum, og arrangørar av friluftsspelet ”Namsens Auge”. Eg avslutta alltid intervjuet med å spørje om det var mogleg for meg å delta på noko i sesongen. Desse intervjeta førde til at eg i sesongen deltok på fisketurar,

arbeidde i sportsbutikk, deltok på lokale arrangement som ”Namsen Laksfestival” og friluftsspelet ”Namsens Auge”.

På denne måten nytta eg ei veksling mellom ein liten del semistrukturerte intervju og ein hovuddel med deltakande observasjon. Semistrukturerte intervju fungerte både som ein optimal metode for å få tilgang til ny informasjon, og nye informantar. Sjølv var dette eit svært nyttig reiskap for meg. På den andre sida syner deltakande observasjon korleis ein, gjennom å delta på aktivitetar som ikkje har noko med tema å gjere, vidare kan føre til at ein får nye viktige informantar. Dette vekslingsforholdet verka slik positivt på å få tilgang på informasjon.

I alle intervjuia eg gjorde nytta eg notatblokk. Som skildra ovanfor hadde eg då spørsmål etter tema. I Noreg er ein moglegvis mest kjend med forskrarar som nytta seg av intervju som metode, medan deltakande observasjon er mindre kjent. Jamvel om eg forklarte metoden til informantar, var det mange som forventa at eg skulle stille tydelege spørsmål og notere svaret i ei notatblokk. Difor tok eg ofte fram notatblokka og stilte nokre innleiande spørsmål. For informantane var det ofte vanskeleg å forstå at eg skulle ”vere med” å delta. Etterkvart som dei vart meir komfortable med at eg var tilstade, og meir opptekne av det dei gjorde var det ikkje så viktig å ha notatblokka framme. Lydband nytta eg berre i eitt intervju. Sjølv syntes eg det var problematisk. Eg klarte ikkje å fokusere på dei kroppslege rørslene til informanten, i staden la eg for mykje vekt på det som var sagt i intervjuet. Samstundes kjende eg at eg tok for mykje plass som forskar når eg både nytta lydband og notatblokk. Difor val eg å fokusere meir på å delta og observere, medan eg noterte stikkord til seinare skildringar. Fotoapparat nytta eg i nokre situasjonar. Nokre fiskarar forventa at eg skulle ta biletar dersom dei hadde landa ein laks. For dei er fotoapparat ein viktig del av fiske, bileta er provet på at ein laks er fanga.

Gjennom heile feltarbeidet var eg medvitne på å oppdatere meg på det som skjedde i lokalsamfunnet. Abonnement på lokalavisa *Namdalsavisa* syntes eg å vere svært tenleg. For det første var det nyttig for å få informasjon om hendingar kring laksefiske, noko som eg då kunne fylge vidare. Samstundes var det svært viktig som innleiande samtaletema med lokale innbyggjarar. Mange gongar kunne eg ta del i samtalar på grunnlag av nyhende i avisar. Likeins gjaldt det lokalradioen. Kvar morgon høyrde eg på nyhende frå området, slik at eg var førebudd på nye samtaletema.

Mi rolle i feltet

I den antropologiske forskingsmetoden nyttar ein seg sjølv i stor grad. Den personen ein er, eigenskapen ein har og rollene ein får, vil ha konsekvensar for kva datamateriale ein tileignar seg. Datamaterialet vert ikkje samla inn berre ved å observere og notere det ein ser (Law 2004). Eg var sjølv, med min kropp, mine eigenskapar og mine roller, noko som påverka feltsituasjonane på ulike måtar. Materialet vert situert, ikkje berre gjennom min eigen kropp, men gjennom andre materialitetar. I denne studien har eg utforska ulike materialitetar, til dømes forvaltingsrelevante materialitetar som dokument og laksebørs (fangstatistikk), og fiskestenger, ulike typar agn, klede, filmar og fotografi. I tillegg til andre materialitetar som campingplassar, hotell, fiskekort og marknadsføring. Slik har eg ynskja å vise at mitt materiale er situert. Donna Haraway har kritisert naturvitenskap for å fjerne så mykje informasjon frå forskingsprosessen at vitskapen vert heilt distansert frå forskaren. Slik verka det som om det eksisterer eit overblikk som kan observere alt utanfrå, som uavhengig av ein særskild lokalitet eller praksis. Dette kallar Haraway eit «gudetriks» (Haraway 1988). Det at materialet er samla inn av meg, har noko å seie for kva data som vart skapt. Sidan mitt feltarbeid vart utført i ei lita bygd, der eg vart lagt merke til, vart eg sjølv sett i sirkulasjon i bygda. Innbyggjarane der snakka om meg og hadde meiningar om meg, slik vart eg ein del av lokale diskursar. Nokre trekk ved meg vart viktigare enn andre i møtet med menneska her. Eg vil gå nærmare inn på nokre av desse trekka. Det at eg er ei ung kvinne har hatt påverknad på feltet. Likeins at eg kjem frå ei bygd på Vestlandet, på omlag same storleik som Grong. Til sist kjenner eg at friluftsinteressa mi hadde noko å seie i feltarbeidet. På denne måten ynskjer eg å syne korleis eg sjølv, med mitt nærvær, er med på å danne materialet. Dernest vil eg vurdere kva påverknad dette har hatt både for innpass i feltet og tilgang på data.

Desse trekka gjorde til at eg fekk ulike roller i møte med informantar. Cato Wadel diskuterer kva rolle ein kan få i feltet. Ein av rollane han skildrar er «lærlingerolla.» Han meiner dette truleg er den vanlegaste rolla å få i eit feltarbeid (Wadel 1991). Her vil informantane lære forskaren om eit tema, medan informanten sjølv gløymer at han vert studert. Sjølv ser eg tydeleg at dette var ei rolle eg fekk, og som eg medvite spela vidare på. Før eg starta mitt prosjekt hadde eg ikkje noko direkte kunnskap om laksefiske. Tidleg i prosjektet var mine informantar overraska over min mangelfulle kunnskap om laks, i tillegg til min stadige undring over dei ulike reiskapen og teknikkane fiskarane nytta seg av. Denne mangelfulle kunnskapen gjorde det mogleg for meg å gli inn i «lærlingerolla.» Rolla gjorde det enklare å stille «banale spørsmål», slik som Marianne

Lien skildrar, sidan dei forsto at eg ikkje kunne mykje om emnet (Lien 2001). På same tid som eg fekk opplæring, fekk eg god innsikt i kva praksisar informantane la vekt på. Kva laks var for dei og korleis dei snakka om andre laksefiskarar. «Lærlingerolla» vart gjort meir tydeleg på grunn av min alder. Det verka som eg då var meir unnskyldt for at eg ikkje hadde så mykje kunnskap om dette temaet. Alderen min gjorde til at eg fekk rolle som student på skulen, sidan mange av elevane var jamgamle med meg.

Det at eg kjem frå ei lita bygd på Vestlandet kan ha hatt påverknad på mitt felt. Dialekten min gjorde til at eg hadde ein språkleg avstand frå universitetsmiljøet i Oslo. Det verka som om dei lokale informantane kjende at vi hadde noko til felles, ved å kome frå bygde-Noreg. Samtalar handla ofta om Vestlandet, heller enn mitt liv i Oslo. I tillegg hevdar eg at oppveksten min fører til at eg har kjennskap til korleis dei sosiale mekanismar fungerer på mindre tettstadar i Noreg.

Mine friluftsinteresser gjorde tilgangen til feltet enklare. Som tidlegare nemnt deltok eg i klatregruppa, på fjellturar og på andre fritidsaktivitetar. Mykje av gleda som fiskarar skildra om å vere i friluft, er noko eg sjølv kjende meg att i. Laksefiskarane samanlikna ofte interessa mi for klatring med deira lidenskap for fiske. Dersom dei skulle forklare kjensla av å ha ein stor laks på kroken, gløtta dei bort på meg og fortalte at det slik måtte vere å klatre opp ein fjelltopp. Mestringskjensla klatring gjev danna eit samanlikningsgrunnlag for deira eiga interesse.

Til sist spela kjønn inn på mi tilnærming og påverknad i feltet. Laksefiskemiljøet rundt Namsen er kjønna, det er ein svært maskulin naturpraksis. Å vere kvinne på feltarbeid i dette miljøet vil påverke kva datamateriale ein får tilgang til. Tidleg i prosjektet hevda lærarar ved sportsfiskelinja at det ville vere enklare å få tilgang til informasjon blant elevane sidan eg var ei kvinne. I klassen eg deltok i var det ingen andre kvinner, ikkje av elevar eller lærarar. Mogelegvis gjorde det at eg var kvinne til at eg fekk enklare tilgang til kameratgjengar òg. I respons på e-postar og telefonar var det ofte slik at dei svarte at dei ikkje hadde noko problem med at eg «som ei sot jente» kunne kome og intervju dei.

Likevel var det ikkje før i laksefiske sesongen at eg verkeleg oppdaga kor kjønna dette miljøet er. Runar Døving har skildra samanhengen mellom laksefiske og maskulinitet i studien av nordmenn sine haldninga til laks (Døving 1997). Denne samanhengen finn eg tydeleg att hjå mine informantar ved Namsen. Maskuliniteten gjer seg gjeldande både for korleis fiskarar er i relasjon til laks, men òg i språk om laks.

Eg er på veg til ein kameratgjeng som kvart år fiskar i Namsen. Som vanleg er eg litt spent på kven eg skal møte. Eg svingar inn på eit tun, med eit stort kvitt hus og ein raud låve like ved. Huset ligg herskapleg til, midt i det rolege landskapet. Bilen parkerer eg ved ein campingplass, ved sidan av nokre kvite, nye campingvogner. Det er ein lys og fredeleg sommarkveld. På toppen av ein mosegrodd bakke ligg nokre fine hytter gjøymt inn i ein liten skog. Eg traskar opp stien, løftar auga og ser opp mot hytteveggen. Eg vert sjokkert. På veggen like framføre meg heng det eit stort foto. Motivet syner ein naken mann som onanerer. Handa som held rundt kjønnsorganet, og det hårete brystet til mannen, er forstørra stort opp.

Dømet er henta frå den fyrste gongen eg skulle møte ein kameratgjeng på fisketur. Eg gjekk forbi hyttene og bak til fiskarane, der eg presenterte meg sjølv og mitt prosjekt. Like etter byrja dei å diskutere kva utstyr dei skulle velje for neste fisketur. I det augeblikket vart eg bevisst på meg sjølv, der eg sto ved midnatt, som ei ung kvinne i lag med ein stor kameratgjeng for å snakke om fiske og utstyr. Slik var det i mange situasjonar ubehageleg å vere kvinneleg antropolog i eit maskulint felt. Dei fleste fiskarane eg snakka med kom i gjengar på mange kameratar, medan kjærestar og koner var heime. Humoren var prega av at det berre er menn til stades. Mange kommenterte at fiske ikkje vart det same dersom kvinner var med. I samtaler med laksefiskarar var det vanskeleg å kome vekk frå det seksualiserte språket. Mange ord har ei dobbel tyding som gjer det vanskeleg å halde ein alvorleg samtale. Ord som «utstyr», «laksen», «nappe laksen» sender assosiasjonar til det mannlege kjønnsorgan og onani (Treimo 2007:54). Samstundes som måten fiskarar i mellom diskuterer den sensuelle stanga, og skildringar av korleis det var å «kjøyre laksen», liknar seksuelle metaforar. Mitt kjønn gjorde òg grensa mellom meg og informantar vanskeleg. Nokre av mine informantar var meir nærgåande enn eg er van med. Dei kunne halde rundt meg, og klemme meg, for å spøke med kameratane sine. Ved nokre høve kjende eg at eg slik ikkje vart teken alvorleg, som at eg vart ei hyggeleg underhalding for dei.

Mykje litteratur er skriven om jeger-bytte relasjonar. Måten jegerar relaterer seg til byttet sitt er ofte av ein erotisk karakter. Dette finn Rane Willerslev hjå dei Siberske Yukaghirs- jegerane. Sjølv samanlikna han måten jegerar førestiller seg sin relasjon med byttet, til kvinner i samfunnet (Willerslev 2007:111). Dette fann eg att i måten fiskarane relaterte seg til laksen og laksefisket i Namsen:

I eit intervju spør eg ein eldre mann kva som er så særskild med å fiske. Kvifor han fiskar? Tidlegare har han fortalt at han sjeldan får laks. Heile tida lengtar han etter kjensla det er å ha ein laks på stonga. Han prøver å finne noko han kan samanlikne kjensla med. Så finn han det.

Hans seier at han ikkje skal legge så mykje erotisk i det.

Hans: «Men det (å køyre laksen) er jo bare en kort periode, og det er jo så bra. Men man gjør jo det samme igjen og igjen.» Han tenkjer seg om. Medan han fortel vidare: «Men det er jo andre ting som er gode også, som man gjør igjen og igjen.» Vi ler. Kona ser oppgjeven på han. Hans smiler lurt. «Hva? Jeg måtte jo finne noe å sammenligne det med.»

Det same vert illustrert av fiskaren Harald, like etter han har landa ein laks:

Harald ligg på bakken og stryk hendene over laksen. Medan han ligg slik, lenar han hovudet ned og kyssar den. «Det er bedre enn å kysse et damebryst», seier han og nikkar mot meg.

Like før har Harald fortalt meg kva fiske handlar om: «*Det er rekreasjon. Som å rense sjelen. Men det er jo noe med å få laks, det er som elgjakt, man blir jo litt storkar. Det er som en pikkforlenger.*»

Etiske vurderingar

Nokre gongar synast eg den deltakande observasjonsmetoden var problematisk. Ofte kjende eg på dårlig samvit for at mine informantar ikkje heilt forsto kva den antropologiske metoden var, sjølv om dei hadde gjeve meg informert samtykke. I mange tilfelle kjende eg at eg fekk ein nærlasjoner, der eg kunne prate om “laust og fast”, med mine informantar. Dei tenkte nok ikkje at eg i desse situasjonane òg var ein forskar. Eg trur dei hovudsakleg førestilte seg forskarrolla som noko som var knytt til tema, altså i situasjonar der vi snakka om fisket. Derimot består mitt feltarbeid av seks månadar med deltakande observasjon, der eg har samla inn data frå alle områder; på lokalbutikken, på ulike arrangement, på fjellturar, i klatreveggen og ved å ta del i kvardagslivet i bygda.

Den nære kontakta eg fekk til mine informantar såg eg som nyttig for mitt prosjekt. Særleg var det viktig at dei kunne prate om korleis dei praktiserte fiske, sjølv om dette ikkje alltid fall inn

under reglementet som var sett i elva. Særleg var dette bruk av fiskereiskap, feilregistrering på laksebørsen og tjuviske gjennom å ikkje bry seg om kvoter Sjølv om desse handlingane er ulovlege, var det viktig informasjon som var vesentleg for oppgåva mi, difor kunne eg ikkje risikere å miste tillit frå informantar dersom eg rapporterte forholda.

I denne studien har eg valt å ikkje anonymisere stad. Namsen er ei særskild elv, sidan den er ei så kjend lakseelv i Noreg. Difor ser eg den som viktig for oppgåva. Bygdene kring Namsen anonymiserer eg heller ikkje. Før eg starta feltarbeidet meldte eg prosjektet mitt inn til Norsk samfunnsvitskapleg datateneste (NSD). Kravet var då at eg trond munnleg informert samtykke frå mine informantar for å gjennomføre prosjektet. Eg informerte alle mine informantar om mitt prosjekt, og kva datamaterialet skulle brukast til. I tråd med retningslinjene i NSD har eg valt å anonymisere informantar gjennom fiktive namn.

Avrunding

Korleis utforske laksefiske utanom fiskesesongen? Med dette som fyrste utfordring har feltarbeidet ved Namsen teke meg med på ei mangslungen og uventa ferd. Eg byrja med å delta i undervising i fisketeknikkar, fekk informasjon frå turistkontoret, snakka med eldre fiskarar, deltok på villmarksmesse og i andre praksistar der laks figurerte. Seinare vart arbeidet meir knytt til elvebreidda og fiskarane der. Dei metodiske vala vart teke underveis, som resultat av den erfaring eg gjorde meg. Slik vart materialet både innsamla ved hjelp av intervju, og ved at eg tok del i ei mengd aktivitetar.

Fiskepraksistar endrar seg over tid. Ved Namsen skjedde det ei gjennomgripande endring i relasjonen mellom menneske og laks ved inntoget av britiske fiskarar og deira fiskepraksistar på 1800-talet. I det vidare vil eg granske kva denne endringa bestod i og korleis denne og andre historiske prosessar har endra kva laks er. Eg vil også drøfte korleis laks i dag kjem til som del av ulike fiskepraksistar.

3 Laks - frå mat til turisme og lidenskap

I dette kapitlet vil eg sjå korleis laks har gått frå å hovudsakleg vere mat eller del av hushaldet til å verte lidenskap, naturoppleving og turistnæring. Dette byrja gjennom utviklinga av sportsfiske i England. Allereie på midten av 1800-talet kom britiske sportsfiskarar til Noreg for å prøve fiskelukka. Inntoget av britiske sportsfiskarar til norske lakseelver, endra praksistar og mentalitet kring fiske radikalt. Laks og laksefiske vart innlemma som del av nasjonsbygginga i Noreg. I løpet av 1900-talet utvikla fiske seg til å verte meir ein sport for norske fiskarar òg. Denne utviklinga vil eg sjå nærmare på ved å fylge endringar i Namsen frå 1800-talet og fram til i dag. Eg vil sjå korleis turismen endra fiskepraksisane, samt å presentere dei ulike fiskarane som er på jakt etter laksen i elva i dag. Desse fiskarane praktiserer fiske forskjellig. Kvar praksis har sine aktørar, sine materialitetar, det er eit mylder av delar som verkar saman. Sumartid møtast dei ulike fiskepraksisane i elva. Her kunne eg som antropolog vere vitne til korleis grenseflatene mellom dei ulike fiskepraksisane vart sett i verk. Før eg kjem til elva sin situasjon i dag, vil eg gå attende til dei fyrste sportsfiskarane.

Den fullkomne sportsfiskar

Ein av dei tidlegaste tekstar som omhandlar sportsfiske er boka *The Compleat Angler*, skriven av engelskmannen Izaak Walton (Walton 1951 [1653]). Jamvel om det er ei bok om fiske, er det vel så mykje ein tekst om meditasjon og rekreasjon. Walton høyrd til ein overklasse som var påverka av samtidige, filosofiske og litterære idear i det engelske samfunnet. Særleg var dette ein stoisk filosofi, der målet var å oppnå eit avbalansert sinn. I *The Compleat Angler* vert livet ved elvebreidda skildra som fredeleg og stille. Ved elva tek fiskarane i bruk alle sansar; dei høyrer fuglar som syng, nyt blomane som spirar opp rundt elvebreidda og trekk inn pusten frå den klåre, friske lufta. Slik skildrast sportsfiske som ein heilskapleg aktivitet for å oppnå eit roleg sinn. Sportsfiskarane posisjonerte seg aktivt mot andre som fiska for matauk. Fiske var ein opphøgd fritidsaktivitet, ein meditasjon over den guddommelege natur (Walton 1951[1653]). Aktiviteten kunne berre nyttast av nokre få velståande menneske, som hadde tid og råd til å bruke tida på denne måten. For dei aller fleste var fiske ein praksis for matauk eller som del av hushaldet.

Vel 200 år etter utgjevinga av *The Compleat Angler* var framleis sportsjakt og fiske ein viktig del av livsstilen til det britiske aristokratiet. På denne tida hadde landet koloniar over store delar av verda. Britiske praksisar og tankegods, saman med plantar og dyr, vart spreidd til nye område. Dette vart gjort med medvit, for å omskape ukjende landskap til meir heimlege britiske omgjevnadar (Lien 2005). På denne tida søkte britane òg etter nye område der dei kunne utvikle sportsfiske og sportsjakt. I områder utan tilgang til visse typar fisk og dyr, freista dei å importere det. Til dømes vart atlantisk laks forsøkt innført til elver i Tasmania. Marianne Lien skildrar dette i artikkelen '*King of fish' or 'feral peril': Tasmanian Atlantic salmon and the politics of belonging*'. Gjennom teksten syner ho korleis den britiske livsstilen, estetikken og synet på natur, bokstavleg tala fekk rotfeste over store deler av verda (Lien 2005). Som vi skal sjå, var ikkje Noreg eit unnatak for denne påverknaden.

Namsen - før britiske fiskarar vitjar elva

I tida då dei første britiske fiskarane kom til Noreg, var det andre fiskepraksisar som var vanlege her. Fangst var ofte kollektiv, der fleire personar arbeida saman. Desse praksisane var særslig annleis enn det britiske sportsfisket. Den mest utbreidde praksisen var laksegardar. Laksegardar var ein fangstmetode der ein sette opp mindre tømmerstokkar i eit gjerde frå land og 100 meter ut i elva. I enden på gjerdet vart det festa ein hov. Laks gjekk då langs med laksegarden, og vart fanga inn i hoven. I tillegg vart fiskerekiskap som nót og garn nytta i Namsen. Lystring var ein metode som vart brukt på hausten. Fremst på båten festa ein ei eldrist som lyste opp, slik at laksen vart nyfiken og sumde mot båten. Ein lystringsgaffel vart då nytta til å drepe laksen. Til sist vart det gjort noko fiske frå land, men dette var helst etter aure og ikkje laks (Bjerken 1955: 22). Gjennom desse fiskepraksisane vart laksen fanga til matauk. Sportsfiske som skildra av Walton var ein fjern praksis for menneska her.

Laks var ein særslig vanleg del av hushaldet til menneska i Namdalens. Fiskan var ikkje noko særskild, eller ynskja. Dette illustrerast i kontraktane mellom lokale husmenn og husbønder. I mange av desse var det ein lovnad der husmennene ikkje skulle få servert laks meir enn to gongar dagleg. På somrane vart laks eten fersk, medan på vinteren vart det brukt som saltfisk eller røyka (Bjerken 1955: 23). Fiske etter laks var ein del av ei hausting, ein kvardagsleg aktivitet.

Med inntoget av britiske laksefiskarar frå 1830-åra endra dette seg. Innanfor sportsfiske står arten atlantisk laks (*Salmo salar*) i ei særstilling. Den har ein mystikk kring seg ved at den både kan leve i ferskvatn og i sjø. Fisken er kjend for sin storleik, styrke og spenst, sitt sølvskimra skinn og raudlege kjøt. Heilt frå laksen vart nemnd som «King of Fish» i *The Compleat Angler* har denne fisken vore ein av den av dei mest ynskja for sportsfiske (Walton 1951[1653]). For desse fiskarane var laksefiske ein del av ein fritidsaktivitet. Det å fange ein stor laks var sett på som stor status i desse miljøa. Føremålet med laks, gjekk frå å vere kjøt til å verte ei oppleving. Dette fekk store konsekvensar for elvefisket i Namsen.

«***The Queen of Rivers***»

«*The first English anglers of who there is any record visited Norway seventy or eighty years ago. These early adventurers must have had something of the Elizabethan heroes in their blood. An expedition nowadays to fish the great African lakes would be a less arduous undertaking than was then a journey to the Namsen, their Mecca*» (Thomas-Stanford 1995 [1903]: 148- 149).

Namsen var ei av dei fyrste elvene i Noreg som fekk stor påverknad frå britiske sportsfiskarar. *Two Summers In Norway* er den fyrste kjende skildringa av britiske sportsfiskarar ved Namsen. Boka er utgjeven i 1840 av fiskaren William Belton. Han fortel om sine opplevingar ved Namsen to tidlegare sumrar, i 1837 og 1839 (Belton 1840). Teksten resulterte i at svært mange britiske fiskarar fekk auga opp for Namsen og ynskja å prøve fiskelykka i elva. Samstundes oppdaga dei andre gode lakselver i Noreg, og skreiv fyldige skildringar om desse i heimlandet. Etter kvart kom britisk livsstil, naturpraksisar og estetikk til syne ved mange norske elvebreidder. I *Two Summers In Norway* skildrar Belton den lange reisa frå England til Noreg. Livet som møter forfattaren i Noreg var svært annleis enn det han var van med frå England. Noreg var eit svært fattig land, der fiske handla om å skaffe mat eller pengar. Gjennom fiske med laksegardar, nót og garn var målet å få *mykje* laks (Hjulstad og Johansen 1992:10). Kontrasten var stor til britar sitt ynskje om *ei lakseoppleving*. Ideane ikring fiske og fisketeknikkane som desse fiskarane nytta var vanskelege å forstå for nordmennene, noko som vert synleggjort i ei historie av briten Thomas-Stanford, som fiska i Noreg kring 1900:

Some of the Bergen tradespeople have become keen anglers, but the notion of sport has not yet permeated all classes. We asked our excellent cook, Frederika, who for some years came from

the south of Norway to minister to our need, whether there was any salmon fishing near her home. «Oh yes», she said, «very good fishing; it belongs to a Norwegian gentleman. » «And does he fish? » we inquired. «Oh no», she replied with dignity, «he does not fish himself; he very rich man; he pay people to fish for him. »

Doubtless she considered us very foolish to labour with the rod when we might, like the Norwegian gentleman, achieve a better result by paying people to net the pools for us (Thomas-Stanford 1903: 108- 109).

Dei britiske laksefiskarane gav Namsen tilnamnet «The Queen of Rivers». Årsaka var den store laksen og det gode laksefisket i elva. Fiskepraksisen dei nytta var prega av ein sportsfisketradisjon frå Walton si tid, der stongfiske med fluge som agn var det beste fiske. Fiskarane oppdaga raskt at Namsen var ei stor elv, som mest effektivt burde nyttast ved båtfiske. Dei tilsette lokale menn til å ro båten deira, slik at dei kom seg til dei gode fiskestadane. I byrjinga sto fiskarane i båtane og kasta med flugestang. Etterkvart vart det utvikla ein teknikk kalla harlingfiske,¹ der stengene vart sett fast i båten. Nordmennene byrja litt etter litt å etterlikne fiskeutstyret og teknikkane frå dei britiske fiskarane. For dei var det likevel ikkje så vesentleg om dei nytta fluge eller anna agn for å få laksen på kroken.

Britane tilførde mykje pengar til Namdalens. For grunneigarar var det svært lønsamt å selje fiskeretten sin. I tillegg var det bra økonomisk å arbeide som roar for desse fiskarane. Mine informantar fortel at ein på nokre gardar tente så godt på ein sesong, at ein kunne kjøpe seg ein middels stor gard for pengane. Inntoget av britiske fiskarar venda slik om på økonomien i Namdalens. Store gardseigarar vart husvertar og sto til teneste for tilreisande britar. Sjølv om dei nye fiskarane hadde med store tenarskap frå England, tilsette dei òg nordmenn og-kvinner, mellom anna for å ro og lage mat for seg. Ein eldre roar fortel om det økonomiske aspektet ved å tene for britane:

«Æg rodd heile somrane. Det var god betaling! Æg starta når æg var 15 år, så rodd æg kvar sommer til æg starta i arbeidslivet. Æg e femte generasjon roar, far rodd i all år. Æg og far rodd. Søster og mor kokt. Så vi var fir som tjent god peng. For en måned med roing fikk vi 3000 kroner, æg jobba på meieriet her oppe seinar på vinteren, da fikk æg 400 før en måned. Så du kan tenk dæ! Ett år når det var godt med stor fesk, fikk æg og far 800 kr i bonus!»

¹ Eg vil kome attende til harlingfiske seinare i kapitlet.

Samfunnet i Namdalen vart særskilt påverka av dei britiske fiskarane, som hadde med seg moderne strøymingar frå utlandet. Dei haldt store stemner, tilstellingar og festar for dei lokale innbyggjarane. Tette band vart utvikla. Det norske tenarskapet lærde seg god engelsk, og mange vitja Storbritannia. Kontakt med dei britiske fiskarane førde til høg status i lokalsamfunnet, ikkje minst på grunn av den økonomiske gevinsten det gav. Likeins fekk britane nære relasjoner til menneska og omgjevnadane i Namdalen. Fleire britiske fiskarar er gravlagt på kyrkjegardar i området, etter ynskje om å ha staden som si siste kvile.

Jamvel om det var store endringar i fiskepraksisar, førde dei britiske fiskarane òg til store inngrep i landskapet i Namdalen. Fiskarane som kom til Namsen var blant dei mest velståande menneska i Storbritannia. Dei kravde liknande levestandard som dei var vane med. Deriblant måtte husvære oppgraderast, noko som førde til store endringar i arkitektur i Namdalen. Nye hus vart sett opp etter samtidige byggeskikk i Europa. Mange trønderlån fekk påbygg med stor veranda, der fiskarane kunne nyte sin ettermiddagste (Gartland 2004). Samstundes vart heile gardar flytta nærmare elva, for å halde utkikk mot vakande laks i elva.

Til tross for god kontakt mellom britane og nordmennene, fanst det ei underordning av lokallivet i månadane då sportsfiskarane råda. På gardane vart flagget «Union Jack» heist opp medan dei budde der. Eit teikn på at det var dei som styrde på gardane. Grunneigarar flytta ut av eigne hus, og let britane overta desse (Gartland 2004). På mange måtar vart dei husmenn på eigne gardar. Nokre eldre fiskarar fortel om korleis dei aldri kontakta britane, dersom dei ikkje vart kontakta sjølv. På ein gard var det målt opp ei linje, for å skilje nordmenn frå britane. Namsen var i dei britiske fiskarane sine hender heile somrane. Teikna i leigekontrakten var deira rett til stongfiske, medan fastståande eller drivande reiskapar var forbode (Krekling 1966:40). På denne måten var det ingen andre som hadde lov å fiske i elva. Ved starten av fyrste verdskrig gjekk det økonomisk dårleg for britane, noko som førte til at den britiske epoken tok slutt. Likevel sat denne perioden eit varig preg på Namdalingar.

Endringa i laksefiske førde til ein anna menneske-fisk relasjon enn Namdalingane tidlegare hadde kjennskap til. Før dei britiske fiskarane kom, vart fiske i hovudsak utført med laksegardar, garn og nót. Her vart det laga stengsel for fisken, der den sumde rett inn i feller. Med stongfiske vart det i staden ein teknikk for å freiste å lure fisken til å bite på. På denne måten tilpassa fiskarane agnet og fisket etter korleis dei tenkte seg at fisken kunne verte lurt. Slik måtte dei byrje å

førestille seg kva som kunne tiltrekke laksen. Fiskarane tenkte då at laksen sjølv kunne velje om den ville bite på, eller om den ville halde fram med vandringa opp til gytegropene. Slik vart laksen sin sjølvstende og frie vilje vektlagt, sidan den då såg ut til å ha ein sjanse mot reiskapen til fiskaren (Bjerken 1955:138).

Ein nasjonal laks

Då det norske sportsfisket tok til, på slutten av 1800-talet, blømde nasjonalromantikken. Søkjelyset vart retta mot det estetisk vakre, sublime, det opphavlege, reine og ville. Det var djupe fjordar, høge fjell og sprellande fisk. Nasjonalromantikken vart framheva mellom anna i musikk (Grieg), i måleri (Tidemand), i skrift (Bjørnson), og ikkje minst i samling av dei norske folkeeventyr (Asbjørnsen og Moe) (Ween og Abram 2012). Likeins vart dei norske lakseelver, og den norske laksen framheva i eit nasjonalromantisk lys. Mot slutten av 1800-talet vart det danna mange foreiningar, mellom andre Den Norske Turistforening (1868) og Norsk Jæger- & Fiskerforening (1871) (NJFF). Begge foreiningane vart etablert av nokre få velståande personar i Kristiania, no Oslo, med røter i det nasjonalromantiske (Ween og Abram 2012). Det var desse som hadde ressursar, både tid og pengar til å kunne praktisere sport på denne måten. Desse menneska representerte ein ny og sivilisert kultur, påverka av tankar og praksisar frå velståande menneske elles i Europa. NJFF fungerte som eit sosialt fellesskap for elitemenn. I desse laga gav både sportsfiske og sportsjakt høg status (Søilen 1995).

Mot slutten av 1800-talet fekk NJFF mange støttespelarar som underbygde dei nasjonalromantiske strøymingane. Den viktigaste av desse var Fridtjof Nansen. Same år som polfararen kom attende frå FRAM-ekspedisjonen, vart han æresmedlem i NJFF. Heimkomsten i 1896 vart ei stor hending for det norske folk. Sidan den norske nasjonale sjølvkjensla var på frammarsj vart ekspedisjonen framstilt som ein nasjonal sak, der Nansen verka samlande for det norske folk (Hoem 2011:384- 387). Nansen var ein ivrig sportsutøvar, han var både rype- og harejegar, og ein dyktig flugefiskar. Hans påverknad skapte ei samansmelting av natur, sport og nasjonal sjølvkjensle. Bror hans, Alexander Nansen, var formann for NJFF frå 1900 og 15 år fram. Sportsjakt og – fiske var òg konstituerande for nasjonen gjennom dei kongelege sin tilknyting til foreininga. Kong Haakon vart foreininga si øvste vernar frå 1906, og i dag har Kong Harald teke over denne rolla (Søilen 1995). Kongen er ein aktiv laksefiskar, som kvar sesong

vitjar mange av dei norske lakseelver. Dette er med på å oppretthalde denne nære koplinga mellom laksefiske og nasjonen Noreg (Treimo 2007:57).

Ifrå å vere ein sport for velståande menn, utvikla fiske seg til å verte ein allemannssport på 1920-talet. Utvikling av kastesnelle, gjorde det enklare og billegare for fleire å fiske. Ein kunne då fiske med mark og sluk. Samstundes auka levevilkåra slik at fleire fekk betre løn og fritid. I tillegg vart transportmiddel bygd ut, slik at nærast utilgjengelege område vart gjort tilgjengelege. Gjennom fiskepraksisane utvikla det seg tydelege skilje mellom flugefiskarar (som ikkje nyttar kastesnelle) og andre fiskarar. Skilje som framleis heng att i dag (Søilen 1995).

Etter andre verdskrig utvikla NJFF seg til å verte ein organisasjon som dekte det større tal av fiskarar. Det var ikkje lenger som i starten, då organisasjonen var for eliten, sportsfiskerar og sportsjegerar. I staden var organisasjonen tufta på demokratiske idear, som framleis kjem til syne i deira slagord: «*Jakt- og fiskeglede til alle - for alltid*» (Norges Jeger- og Fiskerforbund 2010).

Laks som turisme

I dag er laksefisketurisme ei stor næring i Namdalen. Jamvel om den direkte inntekta går til grunneigarar, hotell og restaurantbransjen, er ringverknadane av laksefiske større. Laksefiske er store delar av næringsgrunnlaget i Namdalen. I 1989 vart det utført ei økonomisk vurdering av kommunane Overhalla og Grong. Denne syntetiserte at dei to kommunane saman hadde ei total økonomisk inntening på 9 millionar kroner. Då var dette mykje pengar som gav meir enn 50 årsverk (Thorstad, Rikstad, Sandlund 2006: 45). Etter dette er det ikkje gjennomført økonomiske vurderingar av laksefiske ved Namsen, men truleg er det ei mykje større inntening i dag.

Det er ulike tilnærmingar til korleis laksefiske vert gjort til ei turistnæring. For grunneigarar er det i hovudsak ei attåt næring, der jordbruk er hovudnæringa. Desse tilbyr rimelege overnattingstilbod som campingplassar og hytter. Her kjøper fiskarane anten båtkort eller landkort, så vel dei om dei vil ro sjølv eller betalar nokon for å ro for seg. Eit landkort kostar frå 350- 1900 kr i døgnet. Ein del turistoperatørar driv ei årleg næring bygd på sal av jakt og fiskeopplevelingar. Desse kan vere grunneigarar eller turistoperatørar som leiger fleire vald for å drive stort. Eigarane satsar på å gje fiskarane ei oppleveling langt utover sjølve fisket. Herskaplege hus og eksklusive hotell er ein del av dette. Inklusivt i fisket er tilbod om kurslokale, gourmetmat,

vin og spaanlegg. Døgnprisen for dette, som òg inkluderer 8 timer med båt og roar, er omlag 8500kr. Prisane varierer etter om ein vil ha båtkort eller landkort, roar eller ikkje. Denne typen verksemd er utvikla ved dei beste valda i Namsen. Elvestrekka vert då avstengd for andre som ikkje ynskjer mat og overnatting inkludert.

Laks som lidenskap

Harlingfiske

Harlingfiske er den mest utbreidde fiskepraksisen i Namsen. Praksisen føregår ved at båten kryssar elva frå side til side, medan den glir nedover med straumen. Det er dermed naudsynt med god ro-teknikk for å nå stadane der fisken står. Fiskarane byrjar heilt øvst på valdet, og ror slik nedover. Dersom det er fleire båtar i elva, vil desse fylge etter omlag 50 meter bak. Ved elvekanten slakkast båten nedstraums nokre meter, før neste kryssing tek til. På denne måten vil reiskapen fiske nedstraums over standplassane til laksen, og slik nå over store delar av elva. Roaren har ansvar for å føre båten på rett måte nedover elva, samstundes som han må fylge med på at agnet hamnar på rett stad. På denne måten fiskar roaren ved å styre båten nedover elva. Fiskestengene er det derimot fiskaren som har ansvar for. Dersom ein laks bit på ei stong, byrjar roaren å ro sakte inn mot land. Som oftast går fiskaren i land før han held fram med å ta opp fisken. Fiskaren kjempar for å få laksen på land, og får ofte råd frå roaren om korleis han skal føre fiskestonga og snella for å best slite ut laksen. Snøra som vert brukt i dette fiske er ofte såpass sterkt at fiskaren kan vere litt hardhendt. Når laksen nærmar seg land, og byrjar å verte utsliten, hovar roaren den opp. Slik samarbeider roaren og fiskaren om å få laksen på land.

Hovudsakleg brukar fiskarane agna wobblers og sluk ved harlingfiske. Wobblers er eit agn laga av plast eller tre, medan sluk er laga av metall. Agna skal imitere småfisk som kan verke irriterande eller tiltrekkande på laksen. I nokre tilfelle fiskar dei òg med fluge som agn. Fluge er ein fiskekrok som er utstyrt med fjør. Flugene kan som dei andre agna imitere småfisk eller reke, jamvel om dei oftast er laga til irritasjon for laksen, ved at dei er særslig synlege og har god rørsle i vatnet. I harlingfiske i Namsen er det tillat å bruke to stenger på same tid, med eitt agn pr. stong.

Det var denne praksisen britiske fiskarar byrja med i elva på 1800-talet. Av denne grunn vart laksefiske i Namsen velkjend langt utanfor Noreg sin grenser. Laksefiske fekk slik ei sterk

historisk relasjon til det britiske aristokratiet. Framleis i dag er laksefiske i elva ei statusmarkering innanfor nokre miljø, og særleg er det ein trend blant velståande menn. I Noreg praktiserer Bjørn Rune Gjelsten, Johan H. Andresen, John Fredriksen, Kjell Inge Røkke og Kong Harald alle laksefiske som hobby. Ved Namsen møtte eg mange bankar og firma som tok med sine kundar på laksefiske. Samstundes trefte eg fleire velståande menn som kom i kameratgjengar eller med familie. Anten fiska dei frå båt med roar, eller dei fiska frå elvebreidda med ein lokal guide. Desse var opptekne av å få ei eksklusiv oppleving, der fisket handla like mykje om gode måltider og eit komfortabelt opphold. Forbruket deira kan sjåast i samanheng med Thorstein Veblen sin teori om fritidsklassen. For å vise sin rikdom treng dei å synleggjere at pengane kan brukast på noko ulogisk og unyttig (Veblen 2009 [1899]). Laksefiske kan slik vere ein del av eit kontinuerleg arbeid for å oppretthalde status. Laksefiske gjennom biletet, avstøyping og laksebørs, vert slik statusmarkering lik med resultatliste frå Birkebeinerrennet. Gjennom heile sesongen vert laksefiske godt dokumentert i norsk media, der dei største laksane sirkulerer i riksdekkande aviser som Verdens Gang og Dagbladet. Dagens Næringsliv, den største norske avisa for næringslivet, hadde i juni ein artikkel på 8 sider om laksefiske i Namsen (Dagens Næringsliv 2011). Det er nok ikkje tilfeldig at ei slik sak kjem i ei avis som denne. Fiskarar som bur på hotell og pensjonat, er om lag 17 prosent av alle fiskarar i Namsen (Driftsplan for Namsenvassdraget 2002).

Både tilreisande og lokale fiskar med båt, men for å praktisere harlingfiske effektivt treng dei lokalkunnskap. Dette er naudsynt for å vite korleis fiske skal praktiserast, og kva ustyr som skal brukast til fiske. Likeeins må dei ha kjennskap til korleis laksen oppfører seg på akkurat det valdet som vert fiska. For å vite dette må dei vite korleis elva ser ut under vatn, slik at skjulestadane til laksen er kjende. Fisken kan gøyme seg bak store steinar eller ned i djupe høler. Lokale fiskarar som er oppvaksne ved valdet har god kjennskap til dette.

Det er ikkje berre laksefiske i seg sjølv som er status for fiskarane. Dersom dei fangar ein stor laks, vert denne brukt som ein troféfisk i slike miljø. Fisken gjerast til eit trofé gjennom fotografi, men helst avstøyping. Fang og slepp, det å fiske for glede for så å setje fiske ut att, er difor ikkje ein utbreidd praksis i dette fisket, sidan dei fleste vil ha med seg laksen heim.

Markfiske

I Namsen er det ein sterk tradisjon for å drive markfiske. Dette er fritidsfiske for dei lokale innbyggjarane her. Namdalens område der fritidsaktivitetar er knytt til fiske, jakt, fjelltur og liknande. For lokale fiskarar er fiske rekreasjon frå det daglege arbeid, til liks med andre aktivitetar. Markfiske er eit fiske som drivast frå elvekanten. I markfiske nyttar dei ei kasteslukstang, med haspel eller multiplikatorsnelle og nylonsene. Til agn nyttar dei levande mark. Det er ikkje så vanskeleg å kaste, sidan eit bly heng i enden av snøret. For kvart kast sveivar dei inn med snella, noko som gjer det enklare å manøvrere agnet. Søkket går til botn og agnet fylgjer botnen nedover elva ved hjelp av straumen og at fiskaren aktivt nyttar stonga for å gjere dette. Difor ynskjer markfiskarar å fiske i djupe høler og kulpars.

Markfiskarar treng òg mykje lokalkunnskap. Denne kunnskapen har dei lokale opparbeid seg gjennom å fiske på dei same stadane kvart år, og ved å ha vore med eldre generasjonar på fiske. Markfiskarar treng å vite kor fiskens står, på same måte som i harlingfiske. Dei kjenner til oppgangsmønsteret til fiskens, og veit om lag kor tid fiskens kjem attende kvart år. Særskild treng dei å vite kor dei beste kulpane er. Mange har sin faste kulp som dei alltid har fiska i.

Som andre fiskarar er markfiskarar òg opptekne av å køyre laksen. Sidan snøret er kraftig og ikkje vil slite, kan dei vere meir hardhende i kampen med laksen. Når dei vel å fiske med mark, har dei gjennom utstyret allereie bestemt seg for at dei vil ta opp fiskens. Laksen vil oftast svelgje heile agnet, slik at dette ikkje lett kan fjernast for å sleppe fiskens ut at. Av den grunn er dette fisket meir retta mot matauk, som fell saman med lokale fiskarar sin moral om fiskens som eit bytte.

Pris for markfiskeutstyret treng ikkje vere så høg. Fiskarane brukar ei kasteslukstang, snelle, snøre og agn. Markfiskarane kan òg nytte andre agn som sluk på kasteslukstanga. Tidlegare var det lov å bruke reke som agn i Namsen, men no er dette forbode (jamfør kap. 5). I dette fisket treng ikkje fiskarane spesialtilpassa klede, sidan fiske går føre seg frå elvebreidda. Difor nyttar markfiskarar oftast fritidsklede, som òg vert nytta i andre aktivitetar.

Flugefiske

Flugefiske frå land er ikkje ein tradisjonell praksis i Namsen. Det er derimot flest tilreisande fiskarar som driv dette fisket. Ofte er flugefiske ein heilårsaktivitet, og ein sport på linje med andre idrettar. Flugefiske er landfiske med berre ein type agn, nemleg fluger. Kunnskapen som flugefiskarar har er ein meir generell kunnskap om laks og fiske enn den lokale kunnskapen som er meir knytt til elva. Flugefiskarar må ha mange eigenskapar utover sjølve fiske. Det krev ein særskild type kasteteknikk som tek tid å lære seg, i tillegg til at dei må kunne binde fluger til agn. Samstundes treng dei å vite om korleis laksen oppfører seg i ulike temperaturar, på ulik vasstand, i ulike straumforhold, og korleis den endrar åtferd utover i sesongen.

Fiskarar fortel meg at det i dette fisket ikkje er like enkelt å kaste som med ei kasteslukstong. Fluga held lita vekt, så det er flugesnøret som utgjer tyngda til kastet. Mangelen på tyngda i enden av snøret, fører til at dei må kaste med ein særeigen teknikk. Det må vere passeleg straum i vatnet for at fluga skal få rett fart og rørsle, sidan det er straumen som avgjer korleis fluga fiskar. Flugefiskarar sveivar ikkje inn mellom kasta som med kasteslukstonga, men drar i staden inn nok skyteline til at flugesnøret er rett utanfor stongtuppen, og slik er klar til neste kast. Av desse grunnane er flugefiskarar opptekne av å finne stadar i elva med passeleg straum for at fluga skal gjere fine flyt. Dei fiskar med jamne sektorar nedover elva med rørleg fiske. Til dømes kastar dei to kast, før dei tek to til tre steg og kastar to kast att. I eit slikt mønster vader fiskarane nedover elva, og får på denne måten fiska over alle områda. Er det fleire fiskarar i elva, er det vanleg at avstanden mellom dei er på omlag 30- 50 meter. Den første som går ut i valdet avgjer tempoet dei fiskar i. Når fiskaren har kome heilt nedst, byrjar han øvst att, slik at det alltid er ein sirkulasjon i fisket. I Namsen er nokre få elvestrekk utelukkande flugefiskesoner, der er det berre lov å fiske med fluge som agn, og rørleg fiske må praktiserast.

Utstyret i fiske gjer til at fiskarane må vere særsla varsame når dei landar laksen, slik at snøret ikkje ryk. Flugefiskarar vil ofte køyre fisken lenger enn fiskarar som brukar anna utstyr. Dette fører til ein anna kamp med laksen. Denne kampen vert vektlagd som heile føremålet med fisket, noko som grunngjev den levande laksen som viktig. Fiskarane har ein anna moral om laksen enn dei andre fiskarane, noko som gjer til at dei praktiserer fang og slepp oftare enn andre. Fluga festar seg oftast i munnregionen til fisken, slik at den ikkje er så vanskeleg å få ut. Fang og slepp er òg

synleg i måten dei landar laksen på. Fiskarane nyttar sjeldan klepp (grov fiskekrok på eit skaft), men i staden hov. Nokre hovar er tilpassa med vekt og mål slik at dei ser kor stor fisken er før den vert sett ut att. Ein anna teknikk fiskarane nyttar er «tailing». Her nyttar dei berre hendene for å lande laksen. Anten skuv dei fisken på land, eller så løftar dei den varsamt opp etter halen.

Flugefiske er ein relativt dyr fiskepraksis. Vanlegvis betalar desse fiskarane omlag 20 000 kr. for fullt utstyr, med flugestang, snelle, snøre, fluge. I tillegg brukar dei spesialtilpassa klede for å vade. Vadebuksene er laga av gore- tex materiale, og vadeskoen er konstruert for å gje betre feste når fiskarane vader i elva. Desse turistane er ikkje frå overklassen, snarare er dei frå alle samfunnslag. Hovudformålet med laksefiske er sjølve fisken, medan andre ting som gode måltid og komfort vert nedprioritert. Dei nyttar billegare husvære som hytter eller campingplassar. Til saman bur 29 prosent av fiskarane på slike stadar og om lag 13 prosent av alle fiskarane i Namsen bur hjå valdeigar (Driftsplan for Namsenvassdraget 2002). Alle desse er ikkje flugefiskarar, nokre kan vere andre landfiskarar eller harlingfiskarar.

Møter mellom fiskepraksisar

Det er i møtet med andre ein sjølv vert konstituert, slik er det òg med fiskarane i Namsen (Barth 1969). Dei definerer seg sjølve som fiskarar ved å skilje seg frå andre fiskarar. Tre ulike grupper fiskarar kjem til uttrykk gjennom korleis dei artikulerer skilnadane seg imellom. Desse kategoriane er lokale fiskarar/roarar, flugefiskarar og turistfiskarar. Skilnadane mellom dei vert synleggjort og opprettheldt ved hjelp av kunnskap, fiskepraksis, utstyr, klede og måten dei nærmar seg elva og laksen.

Lokale fiskarar om andre

Turistfiskarar kallar eg dei som leiger seg båt og roar i Namsen. Nokre av desse har mykje kunnskap om område, sidan dei har vore ved elva i mange år. Dei har med eige utstyr, og ordnar med fiskestong og reiskap sjølve. Andre har ikkje denne kunnskapen. Likevel set det ikkje ein stoppar for å få ei god oppleving ved elva. Den lokale roararen har all naudsynleg kunnskap, og fiskaren kan då lene seg tilbake og nyte harlingfiske. På denne måten er fiske tilgjengeleg for menneske som ikkje har tid eller interesse i å lære seg dei evner og kunnskapar som trengst i fiskepraksisen. Dette illustrerer dei lokale roarane Lars og Truls:

Eg smiler og seier at det er så rart at det er roarane som fiskar, medan fiskaren trur at det er han som har fått fisken. Dei ler og seier at turistfiskaren betalar for opplevinga. Vidare fortel dei at turistfiskaren veit ingenting om fiske, heller ikkje om kor fisken står. Dei berre fortel kor han skal sitje, så sit han der. Så forklarar dei korleis snella fungerer, og ror så ut til «godplassen».

Nokre av turistfiskarane er ikkje særleg interessert i fisket. Dei er i Namsen for å få den statusen eit slikt fiske fører med seg, og helst å skaffe seg ein Namslaks, som provet på at dei var her. Lokale roarar gjev meg døme på det dei kallar dei verste fiskarane, dei som ikkje bryr seg om fisket i det heile. Dette er velståande og travle forretningsmenn som hugar etter statusen laksen gjev. På same tid som dei fiskar har dei telefonen på øyret og datamaskin på fanget. Slike historier brukar lokale roarar for å fortelje om forskjellen mellom turistfiskarane og seg sjølv. Forskjellen handlar om dei lokale roarane sin moral, om at ein skal vere interessert i fisket. Skilnaden i moralen mellom lokale fiskarar og tilreisande fiskarar er stor. For dei lokale fiskarane er det viktig at ein konsentrerer seg om fisket når ein fiskar, ein skal ikkje vere uinteressert, slik som nokre av turistfiskarane er. Dette syner ein gnissing mellom praksisar. I samtale med ein ung roar, spør eg kvifor desse turistane kjem her for å fiske.

«Det kain vårrå mang groinna te det. Men det e nå spesielt me Namslaks, det e fer dæm som itj kain få stort dyrar bil. Sjøl om en itj får fesk, e det respekt å ha feska i Namsen, i nånn miljø.»

Det er likevel ikkje berre gnissingar som oppstår mellom praksisane. Turistfiskarar får kontakt med den lokale kunnskapen gjennom roaren. Roaren fortel fiskaren kva reiskap som er best eigna på varierande forhold, og korleis dei skal bruke denne reiskapen. Slik er det òg ein kunnskapsoverføring mellom praksisar.

Lokale fiskarar skil ikkje seg berre frå turistfiskarar, dei forstår seg heller ikkje på flugefiskarar:

Det er ein fredagskveld i mai, nokre få dagar før sesongopning. Eg sit i stova til Lars og Truls, to ihuga roarar i 20- åra. Stoveveggane er dekka med fiskebilete. På fjernsynet surrar eit videoklipp frå laksefiske førre sumar. I hendene held eg eit fotoalbum dei vil syne meg, med fotografi frå fisketurar frå dei var med bestefaren som smågutar. Mennene sit avslappa i svarte skinnstolar. Eg spør kva utstyr dei fiskar med, og legg til at eg har fått inntrykk av at dei berre fiskar med éin type agn, slik som flugefiske. Truls vert irritert over spørsmålet, han hevar stemma og seier: «Nei, å bruk såmmå agn det e typisk flufeskera, dæm e så trångsynt. Men det e umuli å lær ein 3-

åring å fesk me flustång, fer det e så vanskele. Da lære'n itj å fesk når ein e litn. Så sånn flufeskera e det dommaste eg veit.»

Markfiskaren Albert irriterer seg over dei same fiskarane.

Albert sit avslappa i ein campingstol ved elvebreidda. Sola varmar i andletet. Vi ser utover elva, på snøret som ligg roleg under vatnet. Albert snakkar om dei ulike fiskarane ved Namsen. Han byt om språket til ei pen Oslo dialekt, og hermar etter dei han kallar flugeadelen: «jeg spiser ikke laks som ikke er tatt på flue.» Han snur seg mot meg, ristar oppgjeven på hovudet, medan han held fast i fiskestonga si.

Geir er oppvaksen ved Namsen sine breidder. Som lokal fiskar ser han praksisen til flugefiskarar til stor forskjell frå seg sjølv og sin fiskepraksis. I ein lattermild tone fortel han om ei hending då han og faren møtte nokre flugefiskarar ved elva. Han skildrar korleis dei går kledd og måten dei tilnærma seg fisken og elva.

Han fortel om eingong han og faren var i Tømmeråshøla og fiska. På den andre sida av elva var det ein gjeng fiskarar. Han skildrar dei: «de ser ut som en skog... med utstyr i neopren, en liten hundre tusen i utstyr. De fiska med flu.» Geir fortel at han fekk ein laks, «æ tok den opp og kakka den i hue.» Han ler, og seier at dei andre fiskarane reagerte med å ta av seg lua og helse til fisken. Då spør faren «e de idiota?». Det same skjer på ny, når Geir får ein laks til: «Æ tok den opp og kakka den i hue». På den andre sida reagerte dei på same måten, dei «tok av sæ hu.. og hilste.» «Joda, dæm e idiota» konstaterer faren. Vi ler. Ein av flugefiskarane får på ein fisk på 5-6 kilo. Geir kommenterer: «Han holdt på i en halv tim, da hadd fesken vorri dø i tjue minutt. Så fann de fram et grønt nett, vaske gjellan, vegd den, skrev opp i ei bok, holdt en tal, til slutt sang de en sang! De sett ut igjen fisken, tok av huva, hilste og vinka. Så låg den med buken opp, dø. Da tok æ å pappa av hatten og hilste. Nei og nei førri idiota!» Seier Geir.

Møta mellom praksisar fører ikkje alltid til forskjell og gnissingar som i døma ovanfor. Somme tider er det ein overlapping av praksisar. Lokale fiskarar gjer heller om flugefiske til deira praksis, dei endrar den slik at den kjem saman med korleis dei praktiserer fiske. Dei nyttar då fluge som ein del av praksisen harlingfiske. Dei kastar ikkje med flugestonga som flugefiskarar gjer frå land. I staden nyttar dei flugestang og fluge frå båten. Dei dreg ut snøre som med ei haspelsnelle, fluga vert då fiska på same måte som andre agn.

Flugefiskarar om andre

Flugefiskarar er opptekne av andre forskjellar som skil dei frå andre. Likesom i forholdet mellom harlingfiskarar og lokale fiskarar så handlar skiljet om moral.

Det er pause i undervisinga ved sportsfiskelinja. Nokre elevar tek seg ein røykepause i eit lite skur, eg sit der med dei. «Kvifor fiskar ikkje de med sluk » spør eg. Dei verkar oppgjevne over at eg kan stille eit sånn våpeleg spørsmål. Ein elev svarar: «Det er jo kanonkulefyll, det er altfor lett, det er noe som alle kan.» Kameraten skyt inn: «å fiske med sluk det er som å kaste Stein på den peneste dama i klassen.»

Ein anna flugefiskar ser òg tydelege skilje mellom dei ulike fiskepraksisane:

«Med fluefiske må en være mer aktiv, en må påvirke, tilpasse leveransen mot elven, på elvens premisser. En blir en del av elven, det er forskjellig fra å dunke sluk. Men det kan gå år uten laks, så det er ikke det, det er opplevelsen.»

Døma syner at å fiske med sluk er sett ned på av flugefiskarar. Reiskapen vert sett som rå og brutale, i motsetjing til fluga. Samstundes er fisket meir effektivt, noko som kjem til uttrykk i flugefiskarar sin motstand mot harlingfiske. Dei hevdar at det ikkje er fiskaren i båten som fiskar, men at det er roaren som har erfaring og kunnskap om fisket. I tillegg meiner dei at å nytte seg av båt er for enkelt. Fiskepraksisen går på tvers av deira tanke om fiske som sport, der ein fanga laks er sjølve provet på at deira evnar og kunnskapar held mål.

Til tross for at forskjellige fiskarar har ulikt syn på fisket, kunne dei ofte fiske fredeleg ved sidan av kvarandre i elva. Likevel høyrté eg ofte om frustrasjon og irritasjon mellom ulike fiskarar. Flugefiskarar som driv rørleg fiske irriterte seg ofte over markfiskarar som praktiserer meir stilleståande fiske. Konfrontasjonar skjer ute i elva, medan dei fiskar. Særleg skjer dette dersom ein flugefiskar fiskar nedover elva, og ser ein markfiskar som kastar stillestående ned i ein høl. I fiskereglande står det at markfiskaren skal dra opp agnet når flugefiskaren passerar. Flugefiskarar fortel meg at dette sjeldan skjer, sidan markfiskarane argumenterer med at dei alltid har fiska på denne måten. I elva er det utvikla eigne flugefiskesonar i mange elver, for å unngå slike konfrontasjonar. Flugefiskarar kommenterte òg irritasjon over fiskarar i båt som fiska over snøra deira. Slik kjem gnissingar mellom dei ulike praksisane til syne i elva.

Avrunding

Endringar i fiskepraksisar har ført til store konsekvensar for relasjonar mellom menneske og laks. Dei britiske fiskarane hadde med seg ein ny fiskepraksis, men òg ein anna moral om kva laks var. Laks gjekk frå å vere mat og ein del av hushaldet til å verte eit fritidsobjekt for utanlandsk aristokrati. Etter kvart vart laksefiske òg ein sportsaktivitet for nordmenn. Det vart ein del av nasjonsbygginga og symboliserte den norske identiteten. Laksefiske som før hadde vore knytt til lokalmiljøet, vart no knytt til turisme.

I dag er laksefiske ei stor turistnæringsmiddel i Namsen. Fiskarane er ei samansett gruppe, dei kjem frå ulike samfunnslag, frå inn- og utland, og utøver ulike fiskepraksisar. Forskjellane mellom fiskepraksisar vert manifestert i moral knytt til respekt for dyr, til arbeid og til korleis fiske definerast.

Gjennom fiskepraksisar vert klasseforskellar oppretthaldt. Turistfiskarar liknar dei fyrste britiske fiskarane ved at dei ynskjer den status og æra som kjem med fiske. Sidan laksefiske er sett på som noko edelt, held dei fram med å fiske på same måte som britane gjorde. For dei er ikkje sjølve fiske det mest interessante, snarare er det statusen fiske fører med seg. Dei lokale fiskarane fiskar etter meir tradisjonelle formar, anten gjennom markfiske eller gjennom arbeid som rorar i harlingfiske. For dei er det vesentleg å praktisere fiske som ei interesse, og å drepe fisken av respekt for den. Medan flugefiskarar fiskar for lidenskap og for fisket sin skyld, der kampen med laksen er den ultimate opplevinga.

I elva kjem desse praksisane til syne. Dei ulike fiskarane konstituerer seg sjølv i opposisjon til andre fiskarar, mellom anna gjennom klede, artikulasjon, moral, utstyr og teknikkar. Dei stiller seg i noko grad uforståande til kvarandre sin praksis. Sidan dei har ulik moral knyt til dyret, til kva fiske er og korleis ein skal praktisere det, vert det skilnadar i korleis dei samskapast med laksen og korleis dei ynskjer at forvaltinga av laksen skal ta form. Dette kjem til syne i grenseflatene mellom dei ulike fiskepraksisane. Desse skilnadane vil kome tydelegare fram i dei neste kapitla der laksen sjølv får ei større rolle.

4 Samskaping mellom menneske og laks

I område kring Namsen er laks ein viktig del av menneska sine liv. Laks figurerer i ei mengd praksisar gjennom å verte omset til andre signifikante materialitetar som til dømes mat, fotografi og avstøyping. Staden er difor godt egna for å illustrere det Haraway kallar samskaping.

Samskaping handlar om korleis menneske vert skapt saman med andre artar, teknologiar og materialitetar (Haraway 2007). Ingen vert til isolert. Ved å ta føre meg årstid for årstid, vil eg vise nokre av dei ulike samskapingane som finn stad kring Namsen. Dette vil eg syne ved å sjå på eit mylder av delar som gjer til at møta mellom menneske og laks kjem til. Eg ser korleis laks vert til i ulike praksisar, hjå turistoperatørar, grunneigarar, tilreisande og lokale fiskarar og lokale innbyggjarar.

Samskaping er relasjonar både i tid og rom. Eg vil presentere ulike laksesyklusar som er sentrale for forskjellige laksepraksisar. Ein laksepraksis kan innebere fleire ulike formar for temporalitet, til dømes når det vårest, når det vert ferietid, eller gyting på hausten. Temporalitetar har òg agens, dei verkar inn på laks. Samstundes har laks agens ved at han verkar inn på menneske. Likeins kan både landskapet og elva reknast som aktørar ved at begge påverkar samskapinga av menneske og fisk. Vinterstid dekkast elva med is, på våren flaumar elva, over og på sumartid vert elva endra frå dag til dag, med ulik vasstand, temperatur og farge. Før eg gjennomgår samskapinga gjennom årstidene vil eg kort presentere syklusen til laks.

Laks er ein anadrom art, noko som tyder at den både kan leve i elv og i sjø. Han vert fødd i elva, sidan vandrar fisken til havet før den kjem attende til elva for å gyte. Denne vandringa er viktig for å forstå korleis menneske vert skapt med laksen. Vinterstid gyt laksen i elva, medan eggja fyrst vert klekka om våren. Dei fyrste åra lev laksen i elva, men etter 1-6 år vert laksen smoltifisert, den vert då tilpassa eit liv i saltvatn, og vandrar ut i havet. Når laksen er kjønnsmoden kjem den attende til den same elva for å gyte. Då kjem den anten som smålaks (under 3 kg), mellomlaks (3-7 kg) eller storlaks (over 7 kg). Til saman kan fisken leve i 4-8 år (Norske Lakseelver 2012a).

Vinter

På vinteren er Namsen dekka av is. Under isen er laksane ferdige med gytinga. Når gytinga er ferdig utviklar eggja seg i gytegropene, til dei skal klekkast på våren. Dei fleste vaksne laksar dør like etter gyting. Derimot overlev nokre laksar og overvinstrar i elva, før dei vandrar attende i havet på våren. Dei er då eitt eller fleire år i havet før dei vandrar attende til elva for å gyte. Desse laksane er kalla «vinterstøingar».

Vinterstid er grunneigarar i full gong med å planlegge neste fiskesesong. Dei marknadsfører valda sine, oppdaterer internettseite, og held ved like relasjonar med fiskarar som tidlegare har vitja deira vald. Samstundes held dei auge med Namsen for å sjå korleis værforhold vil påverke ynglane i elva. Det er ingen turistar som vitjar dei utanom laksefiskesesongen. For turistoperatørar er hotellnæringa ein heilårsaktivitet. Gjennom vinteren tilbyr dei andre aktivitetar enn laksefiske. Lokale fiskarar nyttar tida til andre fritidsaktivitetar. Nokre av dei lokale fiskarane vitjar turistfiskarar som har invitert til jakt i deira heimeområder. Vinterstid nyttar både grunneigarar og lokale fiskarar laks som mat, sidan røykelaks er ein viktig del av maten i høgtider.

Flugefiskarar nyttar vinteren til å tilegne seg generell kunnskap om laks og laksefiske. Dei ser fiskefilmar, les fiskelitteratur og binder fluger. Dei planlegg og sparar pengar til å reise rundt i ulike elver innlands og utanlands gjennom heile sesongen. Attraktive reisemål for flugefiskarar er Island, Russland og Latin- Amerika.

Ein kveld er eg invitert til flugebinding heime hjå nokre elevar ved Sportsfiskelinja. Eg går inn på hybelen, smiler forsiktig når eg ser framføre meg. Det eg ser minner meg om ein syklubb. To av elevane i klassen sit på kvar si side av eit stort bord. Bordet er overfylt av fjør, trådsneller og ferdige fluger. Flugene er fargerike og glitrande som julepynt. Ei lita maskin står framføre kvar av elevane. Maskina vert tredd med ein syltynn tråd. Så surrar dei blenkjande fjør og tekstilar rundt og rundt, til det til sist er skapt ei fluge. Dei forklarar og syner meg ulike fluger, medan eg stillar undrande spørsmål.

«Men kan dykk ikkje berre kjøpe fluger?», spør eg. «Nei», svarar Ulf, «Man må jo lage sine egne fluer, det er noe annet å få fisk med en flue man har laget.» «Kvifor det?», spør eg. «Da har man liksom gjort alt rett.», svarar han.

Vår

På våren byrjar isen å smelte frå elva og vårflaumen kjem med store mengder vatn. På same tid vert lakseegga klekt. I dei fyrste 2-8 vekene lev yngelen av plommeseikk, ei lita matpakke som den har på seg. Når denne er oppbrukt kjem yngelen fram frå grusen. Samstundes byrjar laksen i havet vandringa heim til elva for å gyte.

For utleigarar av laksefiske er våren ei travel tid, sidan dei då går i gong med førebuingar til laksesesongen. Dei fleste grunneigarar har laksefiske som ei attåtnærings, medan dei har som hovudnærings har gardsbruk. Difor vert mykje av tida på våren brukt til våronna. På same tid som den travle gardsdrifta, må laksesesongen klargjerast. Vårflaumar kan vere kraftige og øydelegge gapahukar, skilt og tilrettelagte område for laksefiske. Hus, hytter, campingstadar og båtar må byggast opp eller haldast ved like. Det må tilsettast rorar og kokkar. Grunneigarane har òg møter i Namsenvassdraget si Grunneigarforeining eller mindre grunneigarlag. Her går dei gjennom reglar for neste fiskesesong. Om det har kome til endringar i reglane for fisket, vil det vere tema for slike møter.

Turistoperatørar gjer mykje av same arbeidet som grunneigarar, men i større format. Det viktigaste for dei er å sikre seg gode vald av grunneigarar, slik at dei kan selje desse vidare til laksefiskarar. Elles klargjer dei alt det praktiske før laksefiskesesongen skal ta til. Dei tilset kokkar, rorar og guidar. I tillegg førebur dei finare menyar. Dei forbetrar hotell slik at dei vert konkurransedyktige i området, ved å kunne tilby mellom anna møte og konferanselokaler, tv, internett, alkoholservering og spa- anlegg.

For alle fiskarar er våren ei yrande tid. Likevel nærmar dei seg laksen på ulike måtar. Lokale fiskarar held ved like og oppdaterer fiskeutstyret. Mange av dei lokale fiskarane er òg rorar, dei må avtale kva veker og for kven dei skal ro, om det er grunneigarar eller turistoperatørar. Turistfiskarar planlegg kor dei skal reise for sesongen. Medan nokre reiser på turar som er organisert av firma, reiser andre attende til kjende vald. Dette kan gjerne vere vald som familien har besøkt i generasjonar.

Ofte er det organisert av firma, eller dei reiser attende til kjente vald, slik familien har gjort i generasjonar. For flugefiskarar intensiverast flugebinding, kastetrening og utstyrstesting. Høgdepunktet for dei er å reise på Villmarksmesser med kameratar kvar vår.

Eg har reist heile vegen frå Nord-Trøndelag for å delta på Villmarksmesse på Lillestrøm. Eg sit på toget. I det toget nærmar meg stasjonen røyser mange menn seg frå togseta. Alle er kledd i mørkegrøne fargar, fritidsbukser og caps. Dei skil seg frå andre reisande som er kledd i lyse, sommarlege klede. På stasjonen går dei av. Eg fylgjer etter dei det korte strekket til hallen der messa er. Ein høg lyd kjem mot meg når eg går innafør døra. Lyden av snører som treff vatn, og som vert trekt inn gjennom snella. Samstundes susar det frå våpen som vert lada, og skot som vert skutt på simulatorar. I bakgrunnen er det ein kvitrande fuglelyd av fløyter som skal imitere bestemte fuglar. Midt i hallen ligg det ein stor grøn presenning, fylt med vatn. «Kastedammen» er avlang, og 2 x 50 meter. Fleire menn står langs kanten av dammen med fiskeutstyr, der dei testar og diskuterer. Eg er her saman med nokre flugefiskarar som har ein stand. Plutseleg står eine fiskaren framføre meg. Han har eit spent ansiktsuttrykk. Eg lurar på kva det er. Han seier at han har bestemt seg for kva fiskestong han skal velje. «Det vart den 14 tommar, det sto mellom den og 13.» Han smiler. Så er han på veg ut att. «Eg må teste ei til», seier han og går raskt mot kastedammen.

Når det nærmar seg sesongen intensiverast kastetreninga. Undervising i flukekast er obligatorisk på Sportsfiskelinja. Denne dagen skal brukast til å lære om denne kunsten:

Vi sit i klasserommet. Læraren, Tarjei sit avslappa på kateteret, og held ei fiskestong i hendene. Han er kledd for å vere ute, med ein knall raud fleecegensar. Vi andre har òg kledd oss godt, med tjukkegensarar og stillongs. Det er mars og den kalde vinteren har framleis ikkje sloppet taket. Elevane verkar spente. Endeleg skal dei lære å kaste av ein svært dyktig flukekastar.

Tarjei fortel at flukekasting er ein eigen idrett, det handlar om meir enn å fiske, det er ein livsstil. Dette seier han medan han trer eit gult snøre inn i den lange fiskestonga. Han seier at denne stonga er svært ulik ei kasteslukstong. «Itjnå ska skje i røkk og napp, eig hi beståmt ka dein ska gjerra, presse i gang, akselrer, stopp. Det einaste som e brutalt med flukekast e når vi stoppe», han ser ut på elevane, som er heilt stille og mykje meir konsentrerte enn elles.

Vi går ut på idrettsbana, som er dekka av is. Vinden bles i varsame kast. Det susar frå den islagte elva like ved. Himmel er blå, med lette skyer. Det er ein kald og klår vinterdag. Tarjei står framføre oss og lærer oss å kaste. Det verkar som om fiskestonga og rørslene hans går i eitt med landskapet rundt. Like etter stiller vi oss spreidd utover bana, så alle kan prøve. Eg held fiskestonga i den eine handa, men veit ikkje heilt kor eg skal plassere den andre. Eg prøver å kaste, men snøret dett som ein sekk framføre meg. Klaus, den andre læraren, kjem bort. Han tek stonga og kastar lett fram og tilbake. Han fortel at nokre i klassen er betre til å kaste enn til å fiske. Så nikkar han mot ein gjeng som står nokre meter framme. Eg ser korleis dei kastar, det verkar som dei dansar, beina står stilt på bakken medan overkroppen og hovudet flyt i eit roleg tempo, fram og tilbake, fram og tilbake.

Dei mest ivrige flugefiskarane trenar på kast heile året. Innandørs er det trening i sportshallar, ute trenar flugefiskarar i hagar. Når det nærmar seg sesongen kastar dei på elver, utan fluger. Etter kvart er dei klare for fisket på sumaren.

Sumar

Issmeltinga fører med seg mykje og kaldt vatn til Namsen. Elva breier seg då ut over store områder. Etter kvart som vekene går vert det mindre og varmare vatn i elva, og store elvebreidder kjem til syne. Tidleg i sesongen kjem dei største og eldste fiskane (storlaks) attende til elva. Sidan laksen har vore i havet er den kamuflert med ein heilt sølvblank farge, noko fiskarane skildrar som ein nygått laks. Målet til laksen er å kome seg langt opp i elva for å gyte. På vegen opp elva tek den ikkje til seg noko næring. Tidleg i sesongen er elva kald, laksen er då roleg, og vandrar sakte oppover. Sidan det er mykje vatn legg laksen vandringsruta si djupt nede i elva. Denne laksen vert kalla «junilaks», og det er den alle fiskarar er ute etter. Fisken er då på sitt beste både med omsyn til kondisjon og som matfisk. Samstundes som nygått laks kjem oppover i elva, møter den «vinterstøingen» som er på veg den andre vegen, ut i havet. Denne laksen kan vere blank som ein nygått laks, men etter ein lang vinter utan næring er fisken heilt avmagra. Utover i sesongen kjem mindre laks, som mellomlaks og smålaks. Ettersom vatnet vert varmare og vasstanden økk, vil laksen då gå nærmare overflata, og vere meir aktiv. Mot slutten av sesongen får laksen ein mørkare farge. Åtferda endrar seg òg, ved at dei vert meir aggressive. Denne laksen er ikkje like ettertrakta som ein nygått laks då den ikkje har same faste forma, og ikkje er like god som matfisk. Slik vert laks sin utsjånad og åtferd endra gjennom heile sesongen.

Jamvel om fisken endrar seg sjølv, har vasstand og temperatur i elva påverknad for åferda til laks. Måten laksen endrar seg påverkar òg korleis menneske relaterer seg til han, noko eg vil syne nærmare i det fylgjande.

Natt til fyrste juni startar laksefiske sesongen offisielt i Namsen. Tidspunktet vender om på det stille livet i bygdene rundt elva. Ved elva vert det eit yrande liv, samstundes som det kryr av menneske på kjøpesenter, kro, og pubar. Sportsbutikkar er klare for den mest inntektsgjevande tida og har investert i mykje av det nyare fiskeutstyret og tilsett ekstra arbeidsfolk. Med sumaren vaknar mange andre aktivitetar til liv i bygda. Innbyggjarar kring Namsen kjem saman med laks på mange måtar. Mat er mogelegvis den mest sentrale, men dei opplever òg laksen på andre måtar. Mange ulike arrangement vert held i tilknyting til Namsen og laksen der, deriblant spelet «Namsens Auge» og «Namsen Laksfestival». Ved elva ligg det eit laksakvarium, der turistar og lokale vitjar for å sjå laksar på nært hald. I lokalet er det òg eit museum for norsk sportsfiskehistorie, i tillegg til restaurant. Kvar helg er den lokale puben i Grong, «Laksen» open, der ulike band spelar til dans. Utover sumaren vert elva endå varmare og lågare enn i byrjinga på sesongen. Kulpane i elva er då særskilt populære badestadar, der lokalinnbyggjarar sym med laksane, og dukkar ned for å sjå på laksar som sirklar over dei. Kvart år når laksen kjem opp i elva vert kvardagen til menneska kring elva endra. Laks skapar eit liv som er annleis enn resten av året. Han tiltrekk seg turistar ved at han gjer til at pubar, restaurant og butikkar opnar. Samstundes skapar det meir liv med ulike arrangement. Samskapninga mellom laks og lokalinnbyggjarar inngår slik i mange varierande praksisar. Dei sameksisterer gjennom heile året.

Utleigarane av valda har nokre travle månadar framføre seg når laksefiske sesongen startar. Laksefiske og laks er deira produkt som dei skal selje, og dei må difor fokusere på den økonomiske laksen. Det varierer stort korleis dei forskjellige utleigarane driv næringa. Nokre stadar er det alltid harlingfiske med guidar, mat og overnatting inkludert. Andre stadar er det berre fiskekort og overnatting. Dei fyrste vekene av sesongen er dei fleste valda heilt fullbooka og grunneigarane arbeider døgnet rundt. Dei lagar mat, vaskar, sel fiskekort, ror og yt service til fiskarane. Sjølv ventar dei med å fiske til slutten av sesongen, for å unngå konflikt med dei tilreisande fiskarane. Dei fyrste vekene er det mest ettertrakta fiske, noko som gjer at grunneigarane kan ta meir betalt for denne tida. For grunneigarar er det viktig at dei har gode fiskarar på sine vald. Gode fiskarar fører til at deira vald vert nemnt på laksebørsen. Dette aukar valda sin status og der i gjennom inntekter. Jamvel om laksefiske òg er hovudproduktet for turistoperatørar, legg dei i tillegg til rett for andre aktivitetar for sine kundar. Dette kan vere

sykkelturar, fjellturar, golf eller sjøfiske. Mange lokale innbyggjarar arbeider anten hjå grunneigarar eller turistoperatørar. Dei arbeidar mellom anna som kokkar, servitørar, rorarar, guidar, vaskehjelper, gartnarar eller kontortilsette. Laks vert her omset til eit anna materiale, nemleg pengar. For alle her handlar samskapinga med laks i stor grad om viktig inntektsgjevande arbeid.

På sumaren vert fiskepraksisane likare enn dei er vinterstid. Då er det heller dei finare distinksjonane som skil dei. Særleg omhandlar dette kva laks er til for, og korleis den skal utnyttast, noko som inngår i fiskarane sin moral. Den første fisketida kallast jomfruvekene, sidan elva då har vore urørd heile vinteren. Fiskarar fortel at det er noko reint og spesielt ved å vere den første fiskaren som får fiske i elva, sidan dei då ikkje veit korleis fisket blir. Ei ekstra spenning er det òg at storlaksen vandrar tidlegast opp elva, og det er den store laksen alle fiskarar er ute etter. Elva er då ofte kald, og laksen sym djupt i elva. Fisket er best egna med utstyr som gjer at dei kjem seg ned til desse stadane nemleg agn som wobblers, sluk og mark.

Lokale fiskar tidlege morgenar og seine kveldar etter arbeidstid. Ofte sikrar dei seg sesongkort, slik at dei kan fiske kor tid som helst på døgnet gjennom heile sesongen. På denne måten kan dei fiske når forholda er optimale. Dei nyttar det utstyret som er best på ulike forhold, i staden for å berre bruke ein type reiskap. Nokre gongar fiskar dei med båt, men oftast fiskar dei frå land, med sluk eller mark. Dersom dei får fisk tek dei den opp og nyttar fisken til mat. Anten vert han grilla og koka med det same, eller han vert filetert eller røyka til seinare bruk. For lokale fiskarar handlar det å bruke laksen til mat om moral og respekt for han. Samskaping med laks handlar for desse fiskarane berre til dels om fiske, for det handlar òg om mat, og glede rundt det livet laksen skapar kring Namsen.

Turistfiskarane vitjar Namsen i nokre få dagar eller veker i sesongen. Helst vil dei sikre seg fiskekort i elva på Jomfruvekene. Mange av desse fiskar ofte ein eller to gongar i året. Fiskarane kjem med firma, familie eller kameratgjengar. Hovudsakleg driv dei med harlingfiske, noko som gjer til at dei sjølve ikkje avgjer så mykje rundt fiske. Det er rorarar som hjelp til med båten og avgjer kva tid dei kan fiske. Turistfiskarane set sjeldan ut att fisken, i staden fangar dei den og omset den til andre materialitetar. Mykje laks vert gjort om til mat, som vert nytta i fine selskap. Storlaksar vert ofte teke avstøypingar av. Både Namslaks, og laksefisket i Namsen er status for desse fiskarane.

Noko seinare i sesongen kjem flugefiskarar til Namsen. Fyrste delen av sesongen reiser mange flugefiskarar til ulike elver etter der forholda er gode, til dømes til Gaula og Orkla. Dette er mindre elver, der deira praksis kjem meir til sin rett. Utpå sommaren når vasstanden går ned i Namsen, er forholda betra for flugefiskarar. Elvebreiddene vert då tørrlagte, og vatnet grunnare, slik at det er enklare å kome til i elva utan båt. Temperaturen i vatnet er varmare og då vil laksen stige mot overflata. Det er altså vassforholda som gjer til at flugefiskarar kjem seinare til Namsen.

I samtalar med fiskarar fortel alle at dei største augeblinka er frå laksen tek agnet til den er landa. I det ein laks bit agnet strammar snøret seg. Fiskaren fylgjer laksen sine rørsler lenge, til laksen vert utsliten og den vert enklare å lande. Dei let det vere ein balanse i det å la fisken gå, stramme inn, for så å la den gå att, heilt til dei kan ta den på land. For dei som fiskar med sluk og mark er fisken meir fast i agnet. Reiskapen er kraftigare enn flugefiskeutstyr, noko som kan gjere landingsaugeblikket enklare. Likevel utspelar det seg ein tydeleg kamp mellom laksen og fiskaren i desse praksisane òg. Dette augeblikket er ofte meir kritisk i flugefiske. I fylgje flugefiskarane skal laks og fiskar vere jamstilte. Laksen skal ha ein rettvis sjanse i kampen, og difor er utstyret skjørare enn i harling- og markfiske. I flugefiske er utstyret så enkelt at fiskarane må vere særskilt varsame slik at laksen ikkje slit utstyret. I samtalar med fiskarane fortel dei meg alltid om den kjensla det er å kjempe med ein fisk på denne måten, ein slags direkte kontakt med fisken gjennom snøret, fiskestonga og til deira kropp. Gjennom utstyret kjenner fiskarane kvar einskild rørsle laksen gjer. I møtet med laksen vert fiskaren konstituert. Ved å vinne kampen med laksen provar fiskaren at han har god styrke, evne og kunnskap. Samskapinga med laks vert gjort mogleg ved eit mylder av delar, mellom anna kunnskap, ferdigheter, teknologi og økonomi. Flugefiskarane set seg inn i livet til laksen, dei førestell seg korleis den oppfører seg, og blir ein del av laksen si verd, noko som minner om korleis jegerar i Sibir nærmar seg reindyr. Jegerane er ikkje reinsdyr, men er heller «ikkje ikkje-reinsdyr» (Willerslev 2007).

Landing av laksen er òg ulik frå dei ulike praksisane. Skiljet går i hovudsak mellom dei som dreper fisken og dei som set den ut att. Dersom fiskarar på førehand veit at dei vil avlive laksen, spelar det ikkje så stor rolle kva hjelpemidlar som brukast for å få han opp. Fiskarar kan velje om dei vil bruke klepp eller hov. Når laksen har kome i land vert han fyrst drepen, så vert han bløggja med det same, ved at fiskaren skjer i laksen slik at blodet renn ut. Innvolane vert ikkje tekne ut i denne prosessen. Den daude laksen vert slik omset til mat, og figurer slik vidare i mange ulike praksisar.

Flugefiskarar er dei fiskarane som utfører fang og slepp i størst grad. Sidan det er kampen mellom fiskar og laks som fører til samskapinga mellom dei, spelar det ikkje så stor rolle om laksen er daud eller levande. I staden for den kroppslege nyttinga gjennom matlaks, finn den kroppslege nyttinga stad gjennom køyringa av laksen. Før flugefiskarar byrjar fisket er dei førebudd på å setje ut att laksen. Difor nyttar dei utstyr og teknikkar som gjer dette mogeleg. Hovar er spesialtilpassa for fang og slepp, med innebygd vekt og mål. Elles landar dei laksen med «tailing», der dei fører laksen til land med hendene, som eg skildra i førre kapittel.

Felles for alle praksisane er den gode stemninga landinga av ein storlaks fører til. Fiskarane held fram hendene og gratulerer. Nokre finn fram drammeglas og skålar. Fisken vert studert, teken på og i nokre tilfelle kyssa, som om dei kjærteiknar laksen. Utsjånaden til laksen får stor merksemd. Fiskarane kommenterer om det er ein pen, blank og skinande laks. Har den lus festa til seg, reknast dette som positivt, sidan laksen då nyleg har kome opp i elva frå havet. Laksen reknast derimot som stygg dersom han har stått lenge i elva og mista sin blenkjande sølvfarge. Her er eit døme som viser ein ung gut som akkurat har fått sin første laks:

Laksen heng frå vekta like ved gapahuken. Han blenkjar i sollyset. Guten let fingrane gli ned langs sida på laksen. Faren hans er samd, det er ein «blank og fin» laks han har fått.

Fotografering av seg sjølv og fisken er felles i alle fiskepraksisane. Dette er det same om ein skal setje den ut att eller ikkje og det er noko av det første som skjer når laksen har kome på land. Dette viser at fotografering er ein vesentleg del av laksefiske. Fiskaren held laksen stolt framfor seg, eller set seg på kne ved sidan av den, medan kameratar tek bilet. Henrik Treimo kallar denne standarden for bilet ein laksepornografisk stil (Treimo 2007:54). I dag vert bilet som er tekne på mobiltelefon sendt direkte til familiemedlemmar og fiskekameratar. På Internett, gjennom facebook og bloggar florerar det av bilet av fiskaren og laksen. Bilet vert òg sendt inn til laksebørsen saman med melding om vekt, namn på fiskar og vald fisken er teken på. Alle bilet som kjem inn til laksebørsen vert printa ut og hengt opp på *the wall of fame* i gongen på sportsbutikk. Dersom det er ein storlaks som er fanga er dei butikktilsette raske med å kontakte riksdekkande media. Slik figurerer den landa laksen på særskilt tid gjennom digital fotografi, til print og aviser.

I alle fiskepraksisane er det ein stor ære å ha fanga ein laks. Det strøymer inn gratulasjonar frå venner og kjente når nokon får ein storlaks. Då fortel fiskarane livleg om korleis det kjentes å få

laksen på land. Om korleis den oppførte seg, korleis den ser ut, og kva utstyr ein fekk laksen på. Dei er stolte over å ha fanga byttet. Sidan alle melder inn fangsten sin på laksebørsen, vert fangsten på få augneblink kjend over heile verda. I motsetnad skildrar Willerslev korleis jegerane han utforska i Sibir ikkje skulle skryte over deira bytte (Willerslev 2007). Det same finn Ween hjå samiske laksefiskarar i Tana (Ween 2011a).

Haust

Medan sumaren er ei tid for heimkomst for laksen, er hausten ei tid for gyting. Jamvel om ikkje gytetida byrjar før i oktober endrar både utsjånaden og åtferda til laks seg i slutten av fiskesesongen. Hannlaks og holaks ser særskjellige ut. Hannlaks får ein raudleg farge, og det veks fram ein krok-liknande kjeve på han. Holaks får ein mørkare farge, mot gråbrun. Holaksane grev gytegrop, medan hannlaksane slåst om kven som skal få gyte med holaksane. Mange fiskarar hevdar at kvaliteten på fiskekjøtet er dårlegare når det nærmar seg gyting. I tillegg er det ein argumentasjon om at ein ikkje skal fiske opp gyteklar holaks. Dei vil at laksen skal sirkulere vidare i sjøen, og produsere mange ynglar. I denne tida er det meir akseptert blant lokale fiskarar å setje ut att laksen. Det er då lovbestemt at all gytefisk over 3 kg skal setjast ut att etter 15. august.

Den daude laksen har ein vedvarande relasjon til mennesket. Gjennom omsetjingsprosessar kan laksen sirkulere i ulike formar sjølv etter at den er daud. Fotografi er ein slik materialitet som er felles for alle fiskarane. Uansett om fiskarar avliv fisken eller set han ut att, vert han avbilda. Laks får òg ein ny materialitet som mat. Fersk laks vert brukt til å koke, steike eller grille. Elles vert den grava, fryst eller røyka. Laks vert brukt som matgåver. Mange antropologar har skrive om korleis gåver konstituerer sosiale relasjonar (Mauss 1995 [1923]). Frå Marianne Lien sitt felt i Båtsfjord, syner ho kor viktig mat er i etablering av sosiale relasjonar (Lien 1989). Likeins finn Brit Kramvig dette i hennar studie frå Finnmark, der mat vert brukt til å skape tilhøyrslle til ei gruppe eller avstand til andre (Kramvig 2006). På same måte er laks ein viktig del av slike relasjonar hjå samar rundt Tana (Ween 2010). Lokale fiskarar ved Namsen forklarte meg kor viktig det var å fange laks for å gje til nærmaste familie og slekt, som forventa å få laks kvart år. Difor er det viktig for dei lokale fiskarane å fiske slik at dei har nok laks til seg sjølv og sine nærmaste. Lik med dette skildrar Willerslev korleis jaktbytte vart delt gjennom prinsipp om generøsitet mellom jegerar i Sibir (Willerslev 2007). Maten laks er knytt til årlege tradisjonar.

Ved juletider har fiskarane alltid røykelaks. For unge fiskarar er det òg vanleg å ha eigenfiska laks i konfirmasjonen sin. Dette er ein del av menneske sin samskaping med laks. På denne måten er laks relasjonsbyggande, sidan den konstituerer sosialitet. Eting vert ei kroppsleg nytting, som gjensidig konstituerer kategoriar mellom menneske og andre menneske, og mellom menneske og laks.

Ein anna omsetjing er avstøyping. Avstøyping er ein tru plastkopi av ein fisk. Avstøyparen lagar ei negativform i gips eller silikon av fisken. Dernest vert forma fylt med plast. Kvart lakseskal vert så måla for hand. Resultatet vert ein tru kopi av storleik og farge på laksen.

Lakseavstøypinga er tredimensjonal og vert festa til ei plate. Ein kan òg få avstøyping av ein laks som er sett ut att. Då brukar avstøyparen fotografi og mål av fisken for å rekonstruere den på best mogleg måte. Han gjenskapar individuelle laksar, han observerer og målar den rette forma og fargane. Avstøypingar dekorerer mellom anna sportsbutikkar, kontor og heimar. Pris på avstøyping er mellom 16-20 000 for ein laks over 15 kg.

Når sesongen er ferdig, dei siste åretaka er rodd, og gjestane reist heim, set avstøyparen seg til med sin kunst. Han held til på ein stor og rotete låve. Halvferdige laksekopiar ligg rundt omkring, saman med målingsspann og penslar. Han skrur på radioen i verkstaden, og set seg roleg til å måle kvart skjel på fisken. For kvar fisk brukar han omlag 50 timer.

Materialitar som laks vert omset til når det setjast i sirkulasjon skil dei ulike fiskepraksisane frå kvarandre. Lokale fiskarar er skeptiske til avstøypingar, medan tilreisande fiskarar ser dette som eit trofé, ein markeringa av status. Dette syner at fiskarane har ein forskjellige type samskaping med laks. Kva laksen brukast til etter at den er daud, har også konsekvensar for kva som er den ideelle laksestorleiken. Dersom laksen skal etast er mindre laks å føretrekke. Medan om det er statusen eller kampen som tel, er det eit mål om å få den største laksen.

I samtale med ein ivrig fiskar frå ein jakt og fiskefamilie, spør eg om han vil ha avstøyping om han får ein stor laks. «Nei, laks det e kostbart og det e itj no poeng å vis, før all har fått laks her. Men ein kan jo i verste fall ta eit bilde.» Like etter peiker han mot eit stort foto på veggen. «Det der er eit trofé. Ein treng itj heile laksen på veggen.»

Det er ikkje lenge sidan Jens fekk ein storlaks i Namsen. Eg er på besøk hjå han og sambuaren hans. Eg har høyrt at mange som får storlaks vil ha avstøyping av den, så eg spør kva han har

gjort med sin. Eg: «Har du fått avstøyping av laksen din?» Han ser rett på meg, hevar stemma og seier «Hallo frøken, det e en fesk!» Begge ler. Sambuaren seier at 15 000 er for mykje pengar til å bruke på noko sånt, og at ho ikkje er interessert i å ha ein «plastfesk» på veggen. Men ho seier at dei teikna rundt den for å ha eit mål på kor stor den var. «Men det va på ei Ikea-pappæsk» skyt han inn.

Laks vert omset til andre materialitetar òg. Den viktigaste måten laks vert sett i sirkulasjon på i Namsen er gjennom tal i laksebørsen (digital fangstatistikk). Laksebørsen fører til at laks sirkulerast vidare i mange andre praksisar, som til dømes i forsking, forvalting og marknadsføring. Denne praksisen er felles for alle fiskarane. For fiskarane er det viktig å få registrert fangsten sin på laksebørsen. Det er ei prestisje å få registrere storfangsten sin på denne sida. Mange fiskarar legg ut fotografi av seg sjølv og laksen på denne internetsida. Kameratar, familie og kjende tek då kontakt, gratulerer fiskaren og han får stor ære og status. Jamvel om det òg kan føre til statuskrig og konkurranse mellom dei ulike fiskarane. Sidan laksebørsen er på internett er den tilgjengeleg overalt. Fiskarar sjekkar den mange gongar dagleg, for å finne ut kor det vert teke størst fangst, i tillegg til å sjekke temperatur og vassforhold, som den òg oppdaterer.

Laksebørsen er òg ein viktig marknadsføring av elva. Dersom fiskarar ser at det er teke mykje laks, eller stor laks på eit vald er dei raske med å reise til elva. Grunneigarar ynskjer gode fiskarar på deira vald, slik at dei får registrert fangst, noko som tiltrekker fleire fiskarar. Sportsbutikkar og turistkontor brukar òg laksebørsen i marknadsføring, og på kvar stad heng laksebørsen på storskjerm. Laksebørsen er slik ein praksis som er felles for forskarar, forvaltarar, grunneigarar og alle fiskarane i Namsen.

Avrunding

Relasjonen mellom fiskaren og den levande laksen føregår i ein relativt kort del av året. Likevel er relasjonen mellom laks og fiskar til stades gjennom heile året, som mellom anna som avstøyping, som mat, gjennom gode fiskehistorier, gjennom studiar av film, fisketeknikkar og fisken sitt levesett. Laksen er signifikant for menneske, og verkar inn i livet til menneske på forskjellige måtar. For å utforske desse relasjonane ser eg korleis menneske gjennom ulike praksisar vert til med laks gjennom årstidene. Laksen vert omset til mange ulike formar som gjer at han kan sirkulere i forskjellige praksisar.

I samskapinga mellom menneske og laks i elva, synleggjer eg at det er ein relasjon mellom menneske og den individuelle laksen. Sjølv om laksen vert nytta i ulike praksisar, vert alltid den individuelle laksen framheva, om det er til mat, som trofé, eller i kampen mellom fiskar og laks. Alle fiskarar legg vekt på korleis den einskilde fisken er, om det er vekta på fisken, utsjånad eller åtferd. Dette kan sjåast som ein anna relasjon til laks i elva, enn den menneska har hatt tidlegare. I tida når dei fiska med garn og nót og fekk mykje fisk på ein gong, i staden for éin og éin fisk. Kontrasten er òg stor til menneske-fisk relasjonar til havs, der hovudvekta av fiske er næringsfisk.

I neste kapittel vil eg drøfte korleis forsking og forvaltingspraksisar verkar inn på, og endrar menneske-laks relasjonar. Lovgjevnadane legitimerer nokre fiskepraksisar til fordel for andre. Gjennom å legitimere visse praksisar legg ein òg vekt på spesifikke moralar knytt til laks og laksefiske.

5 Regulering

I dette kapitlet ynskjer eg å presentere forsking og forvalting som aktørar, ved å sjå korleis dei grip inn i fiskepraksisar kring Namsen. Målet er å vise spenningar som oppstår når lokal og vitskapleg kunnskapspraksis møtast. Eg vil vise dette ved å gje ei kronologisk oversikt over dei viktigaste reguleringane i elva. Kvar regulering grip inn kvardagen til grunneigarar, fiskarar og laks. Samstundes ynskjer eg å vise at dette ikkje er ein type makt som berre går éin veg.

Regulering krev samarbeid, og reglar må fylgjast dersom den skal få gjennomslag. Slik fiskarane og kamskjela òg måtte samarbeide i historia Callon skildra frå St. Brieuc Bay (Callon 1986). I lakseregulering er det ikkje slik at folk og fisk berre samarbeider, dei yt òg motstand. Dei gjer ikkje alltid som forskarar og forvaltarar har planlagd. Møta mellom fiskarar og forvalting som eg skildrar her, skal både synleggjere forvalting som praksis, samstundes som det understreker mitt tidlegare poeng om at kunnskapspraksisar er relasjonelle.

Forvalting av laks i tid og rom

Laks har lenge vore signifikant for menneske, men måten han har vore signifikant har endra seg over tid. Alt i Frostatings- og Gulatingslova frå før 900 e.Kr. hadde grunneigarar einerett til alt fiske. Eineretten er den same i Magnus Lagabøters lovbok frå 1274, og til Christian den femte si lovbok frå 1687 (Bjerken 1955:23). Dersom det vart ført brot på lova, måtte ein betale bøter, i tillegg til erstatning til grunneigar. Det var altså ein privat eigedomsrett som gjaldt. Gjennom privat eigedomsrett var laks ein ressurs på lik linje med skog og land. Laks var slik private sin eigedom, som dei brukte til subsistens, til mat eller som næring. Menneske-laks relasjon var slik knytt til det private hushaldet, til familien og laksen.

Med dei britiske fiskarane sitt inntog til Noreg på 1800-talet skjedde det ei større endring. Framleis var fisken knytt til privat eigedomsrett, men no vart denne retten sold vidare til fiskarane. For grunneigarane vart fisken slik eit grunnlag for pengar, medan den for fiskarane var opphøgd til ein særskild fisk. Fiske etter denne inkluderte naturoppleving og status for overklassen, som hadde tid og pengar å bruke på fritidsaktivitetar som jakt og fiske. Laks var ikkje lenger signifikant som mat; i staden fekk den tyding som kapital i ei tid då pengeøkonomien figurerte marginalt i hushaldet.

Etter andre verdskrig tok den moderne norske nasjonalstaten form. Ei demokratisk bylgje gjekk gjennom Noreg. I 1948 kom allemandsretten til. Allemandsretten grunnfesta ein demokratisk natur, ein natur som alle, ikkje berre grunneigarane, hadde tilgang til. Allemandsretten har vore grunnleggande for norsk friluftsrørsle, både den som DNT representerer, men òg den som er representert av NJFF. Organisasjonen Jeger og Fisker forbundet arbeidde mykje for å gjere fiske tilgjengeleg for folk flest. Etter kvart vart det mange lakseelvelag som gjekk inn i samarbeid med organisasjonen. Dette gjorde det mogleg for fleire laksefiskarar å kome til. Slik inntok fleire sportsfiskarar norske elver. Fokuset på laksen var i ferd med å flyttast frå næringsfisk, som andre fisk, til å verte ein sportsfiskefisk.

Oppdrett av laks byrja først på 1970-talet i Noreg. Denne endringa førte til at det vart skapt to laksar; ein oppdrettslaks og ein villaks. Oppdrettslaksen kunne ein manipulere og utvikle til mat, medan villaksen vart som Law og Lien (2011) har skildra, meir vill. Laksen i elva skulle ikkje vere kultivert, eller klekka, slik den hadde vore i ein del norske elver sidan 1800-talet. No skulle den i staden vere så naturleg som mogleg, og for å vere berekraftig måtte den klare å produsere seg naturleg.

På 1970-talet vart ikkje forsking berre instrumentell for utviklinga av oppdrett, men byrja òg å gripe inn i villaksforvaltinga på nye måtar. Gjennom forsking og vitskap vart det eit auka fokus på genetikk. Genetikken hjå villaksen vart knytt til stad. Laksen skulle vere stadeigen, det vil seie at laks frå ulike elver ikkje skulle blandast, den skulle høyre til si eiga elv. Vitskapen førte på denne måten til ein skjerpa forvalting, der klekkjeri, i hovudsak, ikkje lenger var ein praksis som skulle nyttast (Treimo 2007).

Samstundes skjedde det dramatiske ting med den atlantiske laksen i Atlanterhavet. Ein vart oppmerksam på at industrielt linefiske tømte hava. I det internasjonal landskap vart det eit auka fokus på vern av denne ville laksen, den knappe ressursen. Dette skjedde gjennom ein instituering av NASCO (North Atlantic Salmon Conservation Organisation). For Noreg vart den ville laksen ein nasjonal eigedom. Det å verne om denne laksen vart eit spørsmål om ære og ansvar ovanfor resten av verda.

Desse endringane førde til eit større fokus på laks på 1990-talet. NOU «Til laks åt alle kan ingen gjera», i regi av villaksutvalget, vart utvikla (NOU 1999:9). Utreiinga hadde som mål å gjennomgå den totale situasjonen for dei ville laksebestandane, samstundes som det skulle

leggast fram forslag til tiltak og forvalting. Etter forslag frå denne vart det i 2002 oppretta nasjonale laksefjordar og laksevassdrag, der den ville laksen i elvene skulle takast ekstra godt omsyn til (Direktoratet for Naturforvaltning 2011b). Etter kvart vart det strengare regulering av fiske etter villaks. Det vart mindre bruk av krokgarn, og store innskrenkingar av sjølaksefiske. Elvefiske vart òg regulert gjennom NASCO sine retningslinjer. Der det vart innført reguleringar av fisketid, kvoter og reiskapsbruk. Det vart ein tydeleg separering mellom oppdrettslaks og villaks.

Gjennom denne utviklinga har laks endra seg frå å vere ein subsistensfisk til å verte ein knapp ressurs med høg verdi. Lovverket har endra folk sin relasjon til laks. Frå å vere ein matauk fisk og næringsfisk på linje med andre fiskar, er det no tydeleg ein sportsfiskefisk. Dette er synleggjort gjennom den sterke innskrenkinga av sjølaksefiske, til fordel frå elvelaksefiske. Reguleringar legg føringar for ein type moral. Den ville laksen er sett som ein knapp ressurs, som må nyttast på best mogleg måte, økologisk og økonomisk. I dag er det framstilt som umoralsk å fiske mykje laks på ein gong. I staden har lovverket bidrige til å setje i verk laks som deltakar i naturopplevingar til sportsfiskarar. Dette ser ein gjennom reguleringar, der det vert strengare fisketid, meir bruk av kvoter, bruk av reiskap som er mindre effektive og ein meir aksept for fang og slepp.

Forsking og forvalting

Lakse- og innlandsfisklova (1992) og Naturmangfaldslova (2009) ligg til grunn for forvalting av laks i Noreg. I dag skal laks forvaltast slik at naturen sitt mangfold og produktivitet vert teke vare på, samstundes som det skal vere ei utvikling av bestandar med sikte på auka avkasting. Det er Miljøverndepartementet (MD) som har hovudansvaret for forvalting av atlantisk villaks, medan det operative ansvaret hører til DN. Direktoratet har hovudansvar for å utarbeide blant anna forskrifter for fiske etter laks og sjøaure. I tillegg tek Landbruksdepartementet, Fiskeridepartementet og Olje- og Energidepartementet avgjersler som har stor innverknad på lakseforvaltinga. Den norske laksepolitikken er òg forma av NASCO.

I Noreg er relasjonen mellom lakseforskning og lakseforvalting tett. Universitetsmiljøa er store bidragsytarar. Det same er Norsk Institutt for Naturforskning (NINA), som jobbar med laks i elv. NINA er eit uavhengig kompetansesenter som forskar på natur og samfunn. I 2009 vart

«Vitenskapelig råd for lakseforvaltning» danna, og leiaren er tilsett i NINA. Rådet vart oppretta av Direktoratet for Naturforvalting (DN), og skulle koordinere arbeidet med å samle inn den informasjonen som er naudsynleg for å lage gytebestandsmål. Dette er metoden som NASCO anbefaler for regulering av fiske. Vitenskapelig råd for lakseforvaltning utarbeidar prognosar for innsig av laks, og gjev råd om det haustbare overskotet. Gytebestandsnivå avgjer mykje av forvalting av laks (St.prp.nr.32 (2006-2007), 2006). Fylkesmannsembetet, ved fylkesfiskeforvaltaren, har ansvar for den regionale forvaltinga etter lakse- og innlandsfiskelova. Mellom anna omfattar forvaltinga sakshandsaming og innsamling av fangststatistikk frå alle elvene i fylket.

Ein regjerleg laks

Forvaltingsmålet gytebestandsmål, som altså er ein global, kronologisert praksis, er basert på ein idé om at ein kan rekne seg fram til kor mange fisk som må gyte for at ein skal fylle gytekapasitetsmålet til elva. Dette er eit komplekst rekneskap. Fangstatistikk vert rapportert til vitskapleg råd som gjer rekningar og sender reguleringsforslag på grunnlag av dette til DN. DN sender så forslaget attende til lokale forvaltingsmyndigheter.

I boka Politikkens natur- naturens politikk syner Kristin Asdal tydinga av tal for forsking og forvalting. Dersom eit naturobjekt, som laks, vert omset til tal, vert dette ein synleg og regjerleg storleik. Tal sirkulerast då frå forsking til forvalting og konstituerer på denne måten politikk (Asdal 2011). I lakseforvalting er gytebestandsmål eit døme på korleis laks vert gjort regjerleg. Gytebestandsmål er den mengda holaks (målt i vekt) som må gyte for at maksimalt mengde smolt kan forlate elva kvart år (Direktoratet for naturforvaltning 2012a). For å rekne ut gytebestandsmål nyttar forskrarar erfaringstal frå nokre få særskild godt undersøkte elver brukt som referansevassdrag. Desse set dei inn i ein modell for å tilpasse tala til kvart enkelt vassdrag. I vurderinga om gytebestandsmål er nådd eller ikkje, nyttar dei fangstrate og fangststatistikk. I store vassdrag er fangstrate rekna ut gjennom merking og gjenfangst av laks. Fangststatistikk er mengda rapportert fangst målt pr. sesong. I Namsen er fangstraten rekna til å vere mellom 22-28 prosent, og dette endrar seg lite frå år til år (Thorstad, Fiske, Staldvik & Økland 2011). Gytebestandsmålet for Namsen er 18654 (kg holaks). Utrekningane syner gytebestandsmålet er nådd dei fire siste åra og at gjennomsnittleg måloppnåing desse åra er 188 prosent (Anon 2011).

Dette tyder at meir laks kunne vore fanga, og maksimal mengde smolt ville likevel ha forlate elva.

Gytebestandsmål er eit relativt nytt tal i forvaltinga av laks i Noreg. Målet er å forvalte elvene slik at gytebestandsmåla vert nådd. Desse tala er grunnlaget for kva reguleringar som vert teke i bruk ved elva. Det gjer til at ein kan styre forvaltinga av laks. Gytebestandsmål er slik determinerande for framtida til både laks, fiskarar og grunneigarar. NINA reknar ut gytebestandsmål for alle elver i Noreg. Desse vert samla i ein årleg rapport frå Vitenskaplig Råd for Lakseforvalting. Desse rapportane er noko av det DN baserer seg på når dei seinare utarbeidar forskrifter. Slik vert tala omgjort til reguleringar. I det fylgjande vil eg ta føre meg nokre vesentlege reguleringmekanismar i Namsen, som fisketid, reisksapsbruk og kvote. Gjennom reguleringane ser ein korleis ein type fiskepraksis og ein type moral kring laks er framheva til fordel for andre.

For å gjere laksen regjerleg er det ikkje berre forskarar som må dokumentere laksen. Grunneigarar og fiskarar tek eit større ansvar i forvaltinga no enn tidlegare. Dei er med på å sende inn fangstrapportar til fangststatistikk og tek skjelprøver. Lokale elvelag produserer råmateriale som tala vert produsert på grunnlag av.

Regeloppfølging

Kven kontrollerer så at desse reguleringane vert fylgte? Statens Naturoppsyn (SNO) har det overordna ansvaret for Lakseoppsynet i Namsen. I elvene vert som oftast oppsynet gjort av grunneigarar eller lokale Jeger-og Fiskerforeiningar, medan fokuset for SNO ligg til fiske i sjøen. Likevel kontrollerer dei elvefiske, men då berre etter tips frå publikum (Direktoratet for Naturforvaltning 2012b). I Namsen har grunneigarar eit stort ansvar for oppsyn. Grunneigarar kontrollerer at fiskarar har utlyst fiskekort og at dei fylgjer reglane ved elva. I tillegg er det ein intern justis mellom fiskarar, ved at dei kontrollerer kvarandre. Dette er òg viktig for DN og SNO, som hevdar at det mest grunnleggjande aspektet ved oppsyn er at fiskarar er til stades ved elva. Utover dette er lakseoppsyn svært forskjellig frå elv til elv. Til dømes har andre elver som Alta og Tana eit eige oppsyn som arbeider fulltid i sesongen.

Regulering

Lakseregulering er kulturelt avhengig, den er inskribert og praktisert forskjellig i ulike deler av Noreg, og i dei ulike elvene og laksestammane. Dette avheng av historie, sosiale og kulturelle forhold, men òg tilfeldigheter. Til dømes er det store skilnadar mellom Alta, Tana og Namsen. Det er forskjellar i rettigheter, og i utforming og oppfølging av regulering. Forvaltinga er forma av lokale maktrelasjonar, samstundes som den ber preg av nasjonal- og internasjonal politikk, som i Tana. I tillegg bygg det på historiske relasjonar, utvikla i samspel med lokalitet, elv og økonomi. Gjennom forvalting er det ein interaksjon mellom forskarar, forvaltarar, grunneigarar og ulike fiskarar. Lakseregulering er moralsk. Sidan det ikkje eksisterer éin laks, men mange ulike laksar, finst det òg ulike moralar knytt til kvar laks. I elva møtast desse moralane, der forvaltinga legitimerer nokre moralar framføre andre. Likeins med korleis Annemarie Mol skildrar at nokre kroppar har makt til å intervenere, å verte gjort gjeldane, i eit felt av mange kroppar (Mol 2002).

I Namsen fann eg ein generell motstand mot korleis forvaltinga vert praktisert i elva. Dette fordi forvaltinga legg opp til kortare fisketid, kvoter, mindre effektive reiskapar, samstundes som dei freistar å oppmuntre til fang og slepp. Fang og slepp vil seie å fiske for glede, for å setje ut att fisken, og samsvarar ikkje med lokale fiskepraksisar som harlingfiske og markfiske, som er effektive fiskemåtar. Lokale fiskarar sin moral er knytt til fisken som eit bytte som dei fiskar for matauk. Dette samsvarar ikkje med korleis laks vert forvalta som ei oppleving.

Samstundes som reguleringar er ulike er dei òg like. Det handlar om kor lenge ein kan fiske, kor mykje ein får fiske, kor tid, med kven og med kva. Regulering inneber eit møte mellom ein eller fleire fiskepraksisar og ein statleg instituert praksis. I resten av dette kapittelet vil eg skildre lokale fiskeregler og ulike formar for motstand, justeringar og tilpassingar som lokale fiskarar gjer i møte med reguleringane.

I Namsen tok motstanden mot forskjellige forvaltingspraksisar ulik form. Eg ser dei lokale uttrykka for motstand som relasjonell; som ein praksis som vert til i møte med den statlige, meir rigide forvaltingspraksisen. Om regulering er generell og rigid, så er motstanden den møtast med i norske lakseelver meir flytande. Møtet mellom lakseregulering og lokale fiskepraksisar minner meg om Marianne de Laet og Annemarie Mol sitt omgrep flyt. Omgrepet er diskutert i deira artikkelen *The Zimbabwe Bush Pump*. Artikkelen handlar om ei vasspumpe i Zimbabwe, og

korleis utviklinga og distribusjonen av den finn stad. Pumpa vert laga i hovudstaden Harare. Derfrå vert den sendt ut til ulike landsbyar som ein ferdigpakke, med informasjon om korleis den skal setjast opp. Kvar enkelt landsby tilpassar den ulikt, ved at dei sjølve bygg den opp og skiftar ut deler når det er behov for det. Dei treng ikkje originale deler, men brukar det dei har for hand, til dømes skiftar dei ut skinn med bildekk. Pumpa vert slik ulik i kvar landsby, den endrar form, og teknologien gjer det mogleg at den kan endre form. Denne pumpa har vorte ein suksess. Forfattarane hevdar at ein av grunnane til denne suksessen er at vatnpumpa er så tilpasseleg. Det er ein føyeleg, og flytande teknologi, som gjer det mogleg for lokale menneske å tilpasse pumpa slik det passar best for dei (de Laet og Mol 2000). Bestemde og fikserte reguleringar grip heile tida inn i lokale fiskepraksisar i Namsen. Lokale fiskarar og grunneigarar møter desse fikserte reguleringane med flyt. På same måte som landsbybebuarar tilpassar seg pumpa slik den passar best for dei, brukar fiskarane lover og regulering på den måten som er mest tenleg for dei.

Reiskapsbruk

Eit fokus på motstand har ein tendens til å skjule kva reguleringar faktisk gjer. Regulering verkar inn på fisken gjennom reiskapsbruk. Det medverkar til ein samproduksjon av menneske-fisk relasjonar. I Noreg er det til dømes nesten ikkje lov å fiske med krokgarn (Ween 2012). Sjølaksefiske er kraftig redusert sidan forvaltinga ikkje ynskjer at det skal fiskast på blanda bestandar. Forklaringsar på ulike reiskapsavgrensingar seier noko om fiskepreferansar på ulike tidspunkt og gjev inntrykk av sentrale moralske omgrep. Når dei set inn forbod mot garnfiske, vert laks set i verk som eit friluftsobjekt, i staden for å vere eit objekt som er forbunde med matauk. Laksen har endra seg til å vere ein særeigen fisk, ein sportsfiskefisk, annleis frå andre fiskar.

Ulike elver har ulik regulering av reiskapsbruk. Reiskapsregulering er ein mykje brukt forvaltingspraksis i laksefiske. Forvaltarar nyttar ulike argumentasjonsrekker for å forvare deira avgjersler om reiskapsbruk. I Tana er det til dømes ikkje lov å fiske med mark, unntatt på ei elvestrekke, medan fluge og slukfiske er lovlege agn (Forskrift om fisket i Tanaelvas fiskeområde 1989). Namsen har òg si særeigne regulering. Utstyret ein kan fiske med i Namsen er stang og handsnøre. I elva kan ein nytte fylgjande agn: sluk, spinner, wobblers, mark og fluge. I fisket frå land kan fiskarane ikkje nytte meir enn éi stong pr. person og opptil to agn pr. stong. I båtfiske kan dei bruke to stenger eller handsnører pr. båt, men berre eitt agn pr. stong (Rikstad 2011).

I 1978 vart alt anna enn stongfiske forbode i dei fleste elver i Noreg, deriblant i Namsen (NOU 1999:9). Avgjersla vart mellom anna grunngjeve med at turistfiske er meir økonomisk lønsamt enn garnfiske i elva, som fylgje av at ringverknadane er større. Fram mot dette årstalet vart det difor gradvis mindre garnfiske i elva. Rekeforbod er ei anna slik regulering. Fram til 1989 kunne ein bruke reke i Namsen, sidan vart det forbode (NOU 1999:9). Grunnen var at reke som agn var for effektivt. Innskrenkinga i reiskapsbruk, frå å kunne nytte meir effektive fiskrekiskap som garn og fleire stenger, bygg på ein førestelling om rettferd. Det handlar om ein relasjon til laks, der laks og menneske skal vere likeverdige. Der laksen skal ha ein sjanse mot fiskereiskapen. Det er ikkje sett som rett å fiske med garn, med fleire stenger, eller med effektivt agn, for då har ikkje laksen ein sjanse mot det. Førestellinga som ligg til grunn for mykje av reiskapsreguleringane er ikkje dei same som i lokale praksisar, der harlingfiske og markfiske er effektive fiskemåtar. Det er ikkje den same moralen kring fisken som i offentleg forvalting. Innføringa av nye praksisar skjer slik ikkje utan friksjon. Det er ikkje alltid at folk samarbeider. Friksjonen mellom praksisar kan syne ein artikuleringa av ein anna kunnskap, ein anna moral og ein anna fisk. Måten lokale fiskarar yt motstand mot denne reguleringa kjem fram i ein samtale eg hadde med den lokale fiskaren Marius.

Eg er på besøk hjå Marius. Han har akkurat fiska ein stor laks i Namsen. Difor vil eg høyre om opplevinga det var å fiske den. Kjærasten sit like ved. Ho verkar stolt. Marius sit med hendene på bordet, han smiler breitt. Han fortel at han fiskar med reke sjølv om det ikkje er lov, så alle trudde storlaksen var tatt på reke. "Men denne gangen var den faktisk tatt på mark!", seier kjærasten og ler.

Derimot er det ikkje alltid ein motstand mot andre kunnskapspraksisar, og anna reiskapsbruk. Lokale fiskepraksisar endrast i møte med endring av reiskapsbruk. Eit døme på det er dei mange lokale fiskarar kring Namsen som no går på kurs for å lære seg flugefiske. Også laksen endrar seg på sikt med introduksjon av ny reiskapsbruk. Med ein særskild type reiskap vil ein særskild type laks bite på. Sidan store laksar er dei som er mest ynskja av laksefiskarane, får det konsekvensar ved at dei nyttar reiskap spesifikt for å fange den store laksen. På denne måten vil laksane som er att i elva vere av ein mindre storleik.

Fisketid

Ei forskrift om opning for anadromt laksefiske, gjer det mogleg å fiske etter laks i tida då arten ikkje er freda (Forskrift om åpning for anadromt laksefiske 2003). Det er DN som regulerer dette, og avgjer fisketida. Vanlegvis gjer forskrifta det mogleg å fiske i tre månadar. Dersom fisketida skal endrast utover dette, er det unnatak frå regelen. I staden for å forkorte laksesesongen, er det ynskjeleg frå forvaltinga si side å ha ein lengre sesong og regulere uttaket av fisk. Slik øydelegg ikkje fisketida for laksefisketurismen, men fiskarar må i staden fiske mindre fisk.

I Namsen var det frå gammalt av opning fyrste mai. Etterkvart har denne fisketida vorte innskrenka, til no å gjelde frå 1. juni til 31. august. I Bjøra, sideelva til Namsen, varar sesongen frå 15. mai til 15. august. Forskarane hevdar at Bjørnalaks og Namslaks er to ulike bestandar, der Bjørnalaks er ein tidleg vandrande bestand; altså kjem den tidlegare opp i elva. Difor ser forvaltinga det som forsvarleg at fisket opnast tidlegare. Dette syner oss korleis vitskapen grip inn i forvaltinga. Kva laks det er, og kva genetikk laksen har, vil ha innverknad på menneske. Det er laksen som gjer til at fiskarar kan kome tidlegare til denne elva. Det er eit samspel mellom laks, forsking og forvalting. Både i Bjøra og i Namsen vert fisketida respektert. Det er eit eksempel på at fiskarane, både lokale og tilreisande, føyer seg etter forvaltinga. Dei let forvaltinga gripe i inn deira fiskepraksistar.

Laksebørs

Lov om laks og innlandsfiske frå 1992, pålegg alle rettshavarar å sende inn fangstoppgåver (Thorstad, Rikstad, Sandlund 2006:39). I Nord- Trøndelag har fylkesforvaltaren slått saman fangstoppgåver og laksebørs i éin, slik at laksebørsen er den einaste fangststatistikken for Namsenvassdraget. Laksebørsen er ei internettside der alle laksar som er fanga, eller gjenutsett i Namsenvassdraget, skal innrapporterast. Her registrerast namn på fiskar, roar, kva fisk det er, og kva vald den er fiska på. Tala frå fangststatistikken vert rapportert vidare til Statistisk Sentralbyrå. Fangststatistikk utgjer delar av grunnlagsmateriale for forvaltinga i Namsen, og vert brukt i estimering av gytebestandsmål.

Ween skildrar frå Tana at fangststatistikk er ein åstad for motstand (Ween n.d.). Forskarar i Tana veit at mange fiskarar både ikkje rapporterer fangst, og rapporterer det forskarane kallar «feil».

Dette kan vere ein måte å påverke lakseforvaltinga på; å rapportere det dei tenkjer er mest tenleg for framtidig forvalting. På same måte rapporterer fiskarar i Namsen den fangsten som er mest tenleg for dei, og slik kan laksebørsen vere gjenstand for feil. I Namsen vert dette gjort på ulike måtar. Nokre fiskarar justerer kiloen på fisken for å rapportere ein større laks på laksebørsen.

Eg er på besøk hjå Truls og Lars. Dei snakkar om korleis nokre fiskarar justerer på kilo. Litt av vekta frå blodet som renn ut når fisken vert bløgga, vil dei ta att på vekta. Begge er einige om at det er greitt å auke vekta litt.

Lars: «Men å legge på ein halv kilo er heilt mongoloid. For det er folk som gjer det.»

Anita: «Men kvifor gjer dei det?»

Lars: «Nei, det kan æ itj forstå.»

Truls seier at ein har litt meir å slå i bordet med på jobb, om ein har tatt ein storlaks.

Dei fortel vidare om andre som vil ha ei litt større vekt på laksebørsen:

Lars: «Det var jo å nånn som trøkke laksen full av bly.»

Anita: «Korleis gjorde han det?»

Lars: «Trøkk bly inn i kjeften på den. Så hengt han den på vekta, så ramla det ut ett marksøkke!»

Det må jo skje på grunn av status. Det å verra verst på børsen!»

Laksebørsen brukast òg som ein peikepinn på kva vald det vert teke mest laksar på. Eit vald med stor fangst er eit attraktivt vald, noko som gjer laksebørsen til ein eigen marknadsførar i laksefiske. Difor er det viktig for grunneigarar å få registrert laks på sitt vald. Dess meir fisk rapportert, di betre er det. Laks kjem seg inn på laksebørsen ved å verte omset til tal. Laks får då ein påverknad på korleis dei neste reguleringane tek form. Laksebørsen skapar slik store verknadar. Her frå eit intervju med to grunneigarar, eit ungdommeleg par i 40-årsalderen:

Vi sit på verandaen deira. Kyrne beitar på bøar utanfor. Ho har akkurat vaska ferdig huset som dei leiger ut, slik at dei er klare til å ta imot neste kameratgjeng som skal fiske. Dei arbeider aktivt for å få til laksefiske som større næring og vil gjerne gå nye vegar for å marknadsføre laksefiske som turisme. Vi byrjar å prate om laksebørsen. Ho seier at problemet med laksebørsen er at den har så mange funksjonar. Den er deira viktigaste reklame. Viktigaste og därlegaste. Det er ein vond spiral, fortel ho. Dei har hatt få gjestiar i juli og august, og har ikkje hatt fangst på valdet. Difor er ingenting registrert på laksebørsen, slik at ingen trur at det er laks der i juli og august. Plutseleg vert ho litt ettertenksam. Ho ser ut i lufta, ho lurar på om det er nokre

grunneigarar som juksar. Som legg inn at dei har fått fisk, men som eigentleg ikkje har det, at dei brukar fiktive namn for eksempel. Mannen nikkar og smilar lurt, «æ veit om folk som har gjort det!»

Laksebørsen er ein åstad for friksjon. Det avheng av at grunneigarar og fiskarar underordnar seg reguleringar. Det er dei sjølve som registerer fangsten, slik at dei sjølve bidreg til forsking og forvalting, ved å kome med tal sjølv. Likevel er ikkje alltid desse tala rette, avhengig av kva folk vil med dei. Om dei vil registrere ein større fangst for å få meir status, eller om dei vil registrere fleire laks for å betre marknadsføring på sitt vald. Tala vert sett i sirkulasjon, gjennom fangststatistikk, statistisk sentralbyrå og som del av grunnlag for gytebestandsmål. Gjennom gytebestandsmål, og reguleringar som følgjer desse, verkar tala attende på folk på måtar som dei var klar over eller ikkje hadde tenkt gjennom. Dette syner at forvaltinga ikkje berre avheng av fiskarar og nasjonale reglar. I staden er forvaltinga noko som både fiskarar og grunneigarar må ta aktivt del i.

Den neste reguleringa er døgnkvoter. Døgnkvoter og fangstatistikk står i relasjon til kvarandre ved at fangststatistikken skal verke som ein kontrollør på døgnkvotene. I denne reguleringa finn fiskarane òg måtar å vike vekk frå reglementet.

Døgnkvoter

I 1997 vart det for fyrste gong innført døgnkvoter i Namsen. Då var kvota på fem laks pr. fiskar i døgnet. Tre laks over tre kilo og to under (Norske Lakseelver 2012b). Reguleringa skapte få reaksjonar, sidan kvota var så stor. Forskrift om fiske i vassdrag, Nord Trøndelag (2008) viser at døgnkvota i 2008 vart innskrenka til to laks pr. person pr. døgn, der ein laks kunne vere over og ein under tre kilo. Døgnkvota gjeld ikkje rømt oppdrettslaks, noko som vil seie at det er fisken sin individuelle art som påverkar korleis forvaltinga vert gjort.

Mange forvaltarar eg snakka med fortalte at døgnkvoter brukast politisk i lakseforvaltinga. Det syner kampen mellom elgefiskarar og sjølaksefiskarar i fjordane. Dersom elver innskrenkar kvoter, så kan døgnkvoter brukast som eit argument for at sjølaksefiskarar òg bør ha ei strengare regulering. Dette fører til ei innskrenking av sjølaksefiske i fjordane, noko som gjer til at fleire laksar kjem opp i elva. Laksen går då frå å vere ein næringsfisk i fjorden til å verte ein sportsfiskefisk i elva.

Mange grunneigarar er usikre på om kvoter er eit effektivt verkemiddel for å minske uttaket av laks i vassdraget, slik som forvaltinga hevdar. Dei ser verknaden som liten sidan det ikkje finnast ei grense for kor mange som kan fiske. I praksis tyder dette at det ikkje er grense for kor mykje fangst det er i løpet av eit døgn, sidan fiskarar kan bytte på å fiske. Reguleringa har ført til distinksjonar rundt praksis. Korleis skal ein handtere reglane rett?

Eg er hjå grunneigaren Ivar, saman med nokre fisketuristar. Ein fisketurist er skuffa, sidan nokre andre er føre han i rekka for å fiske. Ivar seier at han kan få fiske seinare, for dersom nokon oppfyller kvotene sine, så kan han ta over med det same. Det er kanskje litt justering av reglane, men reglane er ikkje eintydige. Døgnkvote med to laks pr. person pr. døgn er eit dårlig system. Sidan han sjølv kan avgjere om han vil ha hundre personar som fiskar etter kvarandre, eller ingen. Nokre stadar byt dei ut fiskarar etterkvert, og fiskar slik heile døgeret.

Den unge fiskaren, Per er òg usamd i reguleringar:

Per er veldig engasjert, han pratar fort og høgt. Sjølv meiner han at det ikkje fungerer med «bag limit» som regulering, for det som skjer i praksis er at «roeran får peng i handa for å hold kjeft! Hvis du itj hold kjeft, så e du itj roer!». Han seier at folk betalar utruleg mykje for å fiske laks, men at kanskje 90 prosent er svart. Så er det fullt i kilenøter i sjøen, i tillegg til at alle set ut laksegarn, ulovlig.

Fiskarar nyttar ulike justeringar for å registrere fangsten på ein måte som ikkje går utover døgnkvota. Lokale praksisar grip slik inn i forvaltingspraksisar.

Ein ettermiddag vert eg invitert på lunsj til ein kameratgjeng i 40-åra som har fiska i Namsen sidan dei var born. Den vide elva flyt sakte forbi. Roald har akkurat servert grilla laks. Han smiler og seier at dei fekk så mykje fisk i går, 7 stk. Det var fyrste gong i år at dei var over døgnkvota, då måtte dei registrere alle namna på laksebørsen. Jens står ved sidan av bordet, han har teke opp mobiltelefonen sin frå lomma, og skal sjekke om registreringa har kome inn på Laksebørsen. Eg spør om det eigentleg er lov til å gjere det slik. Roald seier at det er så mange år der dei ikkje får laks, så dei berre fordeler det. Så seier eg at dei måtte vel gjere det same i fjor òg, då Jens fekk 7 laks på det første døgeret. Dei bryt ut i latter. Nei, det var tjuvfiske heilt frå starten.

Det er ein friksjon mellom forvaltingspraksisar og fiskepraksisar i Namsen. Dei tradisjonelle praksisane i Namsen er därleg eigna til å passe inn i kvotesystemet. Sidan begge praksisane, harlingfiske og markfiske, er effektive fiske. Fisketida vert då oppbrukt med ein gong fiskaren har fått ein stor laks, slik at fiskaren må vente eit heilt døgn før han kan fiske på ny. Laks passar heller ikkje inn i systemet med kvoter. Ein kan seie at den ikkje samarbeider med forvaltarane, i det at den ikkje kjem i rett storleik og i rett mengde. Laks kjem ikkje i to og to om gongen, men når han sjølv vil.

Forståelege forvaltingspraksisar

Forvaltingspraksisar kjem og går i Namsen. Lokale fiskarar har òg diskusjonar om gode og därlege forvaltingspraksisar. Praksisane endrar seg med ulik moral og ulikt fokus. Tidlegare var det eit mål om å få mest mogleg fisk produsert i elva, litt uavhengig av kva metode. Dernest vart det i staden eit fokus på naturleg produksjon og genetisk reinskaping (Ween 2011a). Klekkjeri er eit døme på ein praksis som var mogleg i mange år, men som ikkje lenger vert grunngjeve som ein nyttig forvalting av laks i Namsen. Allereie i 1881 sto det fyrste klekkjeriet i Namsen klart (Krekling 1966). Heilt fram til 1993 var dette oppfatta som ei god løysing for å auke lakseproduksjon i vassdraget, men etter det venda forvaltinga om på argumenta. No synar forskarar at Namsenvassdraget har ein god nok gytebestand og naturleg lakseproduksjon i elva. Noko som gjer at klekkjeri, etter om lag 100 år, ikkje lenger er sett som ein naudsynt praksis i forvaltinga (Thorstad, Rikstad, Sandlund 2006). Innanfor naturforvalting vart det eit aukande fokus på genetikk på same tid som dette påbodet tredde i kraft. Stenging av klekkjeri er eit tydeleg døme på at vitskap grip inn i praksisar for å forvalte laks.

Sidan klekkjeri var eit vanleg forvaltingsgrep i vel hundre år, har det vorte ein kjend praksis for lokale innbyggjarar. I samtalar med lokalinnbyggjarar fortalte dei meg minner om korleis det var å kultivere laks. Sjølv er dei kritiske til at denne forvaltinga brått tok slutt, for så at nye reguleringar som døgnkvoter vart innført. Lokale fiskarar set dei to forvaltingspraksisane opp mot kvarandre, det syner ein gnissing mellom dei to praksisane.

Eg pratar om forvalting med ein eldre lokal fiskar. Eit spørsmål mange er opptekne av, er kvifor klekkjeriet vart avvikla. Difor undrar eg kva han, som alltid har vore ein aktiv fiskar, tykkjer om det.

Anita: «*Men meiner du at ein bør ha klekkjeri her? Mange vil ha det, men forvaltaren vil ikkje ha klekkjeri.*»

Fiskar: «*Æ vil ha klækkeri. Forvailtarn òg må gjerra ein jobb. Men kæm veit om hainn hi feil?*

Kolles måle dæm kor mang yngel det e fer æksempel?»

Anita: «*Nei, dei har vel gytebestandsmål.*»

Fiskar: «*Ja, gytebestainnsmål. Men ka sammenligne ein dæm med? Fer eit par år tebake, ti år, tyve år? Kæm veit om vi driv med rovveske? Det e det såmmå med rovdyrpolitikk. Dæm som bestemme har itj vørri med på ailt. Dæm kjæm in i nåkkå nytt. Så bestemme dæm reglan fer det. Dæm som arbe me det burd vorri me på det i kanskje 50 år. Det e dæm som har feska her ifrå dæm va små, som sjer kolles det e. Ka mål ska 'n bruk? Ein må ha lokalkunnskap. Det e itj yngel igjenn.*» Han stoppar litt opp. Ser utover elva. Før han held fram: «*Før va det så mytji yngel. Ein merka det fer vi sto her neppå og feska me mark, da beit dein då aill marken. Da veit 'n at det e yngel. Men no, no kainn 'en stå å fesk me mark læng, å dein e like heil. Før va det mytji stør fesk å, dein fesken som e her e bærre småfesk. Vi villa bærre ha resta på haue då'n. Men no e det dét en får. Før va 'e over 5 kg, eillers va 'e itjnå. Då æ å bror min feska så kuinn vi fesk oppte 200 kg på ein dag. På to gutonga.*»

Dette viser ein endring i moral om laks. Frå forsking og forvalting si side er det eit mål at laksen skal vere så genetisk rein som mogeleg. Samstundes skal den ikkje vere kultivert. Måla forskarar nyttar for å kontrollere at det er nok laks i elva, er gytebestandsmål. Den lokale fiskaren stiller seg uforståande til kvifor klekkjeri vart stogga. Han er i tvil om måten forskarar målar ynglar i elva, og om gytebestandsmål er den rette metoden for å sikre bestanden. Han set dette i motsetjing til ein lokal kunnskapsproduksjon der han gjennom å ha fiska i elva i mange år har ein større kunnskap om fisken i elva.

Fang og slepp – ein forvaltingspraksis?

Fang og slepp kan sjåast som ein erstatning for klekkjeri. Tidlegare vart det produsert mest mogleg fisk slik at fiskarane kunne fiske meir. No er det ein praksis der fiskarar ikkje skal ta opp

noko laks, i staden skal dei setje han ut att. Det er ei endring som har kome på grunn av det vitskaplege fokuset på genetikk. Fang og slepp tyder at ein fangar fisk for så å sleppe fri den levande fisken, utan at den tek skade av det. Somme gonger vert fisken vega, målt og fotografert før den kan symje vidare i elva. Truleg vart fang og slepp først utført i England. Teknikken vart allereie nemnt i *The Compleat Angler* av Izaak Walton: «*This is a diminutive gentlemen, e'en throw him in again, and let him grow till he be more worthy your anger*» (Walton 1951 [1653]). Då var det med tanke på velferda til den individuelle fisken.

I Noreg er det no ein stadig auke i frivillig bruk av fang og slepp. I fylgje Statistisk Sentralbyrå har det vore ein auke i fang og slepp i 2011 frå tidlegare år (Statistisk Sentralbyrå 2012). Likevel er fang og slepp meir vanleg i andre land. Utanlandske fiskarar har teke med seg teknikken til Noreg, og norske fiskarar har lært teknikken frå utlandet. Forskarar og forvaltarar tenkjer seg praksisen som nyttig, sidan villaks er sett som ein knapp ressurs. Gjennom praksisen vil fleire laks verte spart, og slik verte verna. I tillegg er det eit økonomisk perspektiv, sidan fisken då kan fangast på ny og på ny vil det vere like mykje fisk i elva.

Utviklinga i Noreg har ført til ein auka diskusjon kring om fang og slepp kan brukast som ein forvaltingspraksis i elver med lite fisk. DN gav Vitenskapskomiteen for Mattrygghet (VKM) i oppdrag å finne ut om fang og slepp kunne brukast slik. Resultatet vart at fang og slepp ikkje skal nyttast som ei lovpålagd regulering. Likevel kan det nyttast som eit frivillig avgjersle av fiskarar. Då med krav om skånsam handsaming av fisk, gjennom krav til fiskeutstyr og opplæring av fiskarar (Olsen et al., 2010).

Norske Lakseelver og NJFF har saman laga ei brosjyre for retningslinjer for fang og slepp. Retningslinjene grip inn i val av fiskeutstyr, til dømes må ein nytte hov med knutelaust, småmaska nett. Fiskepraksisar må òg endrast. Fisken skal ikkje køyrast for lenge, men skal til land på kortast mogleg tid. Når ein har fanga fisken skal den heile tida ha vatn rundt seg. Dersom temperaturen i vatnet er over 18 grader skal den ikkje setjast attende. Fisken sleppast fri ved at fiskaren går ut på eit djupare, straumfylt stad. Snuten skal haldast mot straumen, heilt til fisken kjem til hektene og kan sleppast laus (Norske Lakseelver 2009). Mange kurs vert helde for fiskarar som vil nytte seg av denne teknikken. Reguleringa grip her direkte inn i den individuelle fisken.

Utbreiinga av fang og slepp har vore gjenstand for mykje debatt som handlar om moral kring laksen. Diskusjonar over teknikken skjer langs elvebreiddene, i offentlege debattforum, fiskemagasin, i forvalting og forsking. Utbreiinga av teknikken har vore ulikt i dei forskjellige elvene i Noreg. Namsen er ikkje den elva der fang og slepp har fått størst feste. I fangststatistikken frå 2011 vart det fanga 4660 laks i Namsenvassdraget, av desse er berre 249 gjenutsett. Det vil seie at det berre er 5,3 prosent fang og slepp i vassdraget (Rikstad 2011). Forvaltinga ynskjer ein auka bruk av fang og slepp, men møter motstand frå lokale fiskarar som har ein heilt anna moral knytt til fisken.

Fiskeforvaltaren fortel om eit møte der lokale fiskarar vart informert om fang og slepp. Etter at møtet var ferdig, røyser ein lokal fiskar seg opp og seier høgt «æ kakk han lell». Forvaltaren brukar døme for å syne kor vanskeleg det er å få lokale fiskarar til å endre syn på dette. Dei vil «itj driv å leik se.»

Området Namsen skjær seg gjennom er elgen sitt område. Lokale innbyggjarar har ein sterk tilknyting til jakt og fiske som fangst. Frysane i Namdalens er fulle av mat; kjøt og fisk, hausta av menneska her. Sett i lys av dette vert det å setje attende byttet sitt i elva, eit merkeleg fenomen. Dette eksemplifiserer ein grunneigar ved Namsen:

«Fang og slæpp? Nei, det e veidemannsprinsippet, at ein itj ska leik me mat. Ein feske fer å høst. Når det vart mijnner laks, skull ein gjerra sånn og sånn og sånn. Det vart restriksjona, og ein kuinn itj længer høst på overskuddet, fer det eksistert itj. Her hi vi sætt restriksjona på 2 stk, elva tale itj meir. Men me fang og slæpp så kainn’en fortsjætt å fesk, fortsjætt å sæll feskkort, fortsjætt me ailt. Men så e det jo det moralske eller etiske. I mett hau fer eksæmpel bli det heilt feil. Det e itj berre, berre. Ein vil ailler ha skætti me bedøvelsespil på ein ælg, og sagt, å sjå kor fin ælg, å så gått igjæn. Det verske jo heilt ulogisk.»

To erfarte roRARar, Vegard og Dag, er òg skeptiske til den nye trenden med fang og slepp. Dei set teknikken i samanheng med døgnkvote. Døgnkvote gjer til at fleire anten må stogge fisket tidleg, eller halde fram ved å nytte fang og slepp. Dette er ein anna bruk av fisken enn dei er vane med.

Eg spør om dei sett ut noko av fisken.

«Motvillig!» Svarar Vegard kontant. Eg ser på Dag, som svarar: «Det e sjeldn!»

Vegard: «*Det e et merkelig regime med kvote, det kjeinnest meiningsløst. ÅE lik det itj! Itj her. Men det bli meir.*» Han seier at han berre har sett ein ut att. Eg spør korleis. Han seier at den vart fint behandla. Men problemet er at dei kan bli «førr my skadd uten at du sjer det.». Han seier at det er forskjell på dei som er no (jamfør juni). Dei er «blank og nygått, men utså høstn så kjem det gytfesk, som e på greinsa te menneskeføde, med dæm kain ein gjør ka som helst.» Men dei som er no kan ein «skadd bærre du sjer på dein nestn.»

Anita: «Men ville de ha sett ut når de fiska åleine?»

Vegard: «*Nei, ailler (aldri), det e ei grunnholdning te oss nordmeinn. Vi et matn.*»

Dei lokale fiskarane har ein anna moral om laks enn det denne praksisen legg til grunn. Det er ikkje noko mål for dei å fiske laksen dersom dei ikkje kan ta den opp. Dei respekterer fisken, dei vil ikkje drive å leike seg, som ein lokal innbyggjar sa. Samstundes er grunneigarane redd for at dei mister si store kundegruppe, turistfiskarane, som er opptekne av å ta med seg troféfisken heim.

Flugefiske er den fiskepraksisen der fang og slepp er mest utbreidd. Mange flugefiskarar reiser utanlands på fisketur, og får inspirasjon derfrå. Argumentasjonen deira er lik den forvaltarar nyttar, perspektiv av vern og økonomi. Med den nye praksisen skiftar laksen formål. Moralen kring laksen er annleis. Laks er ikkje lenger mat, eller eit bytte; den er ein deltakar i sportsfiskeaktiviteten. Her skildrar Bjarne, ein ivrig fluefiskar kvifor han nyttar teknikken:

Bjarne: «*Det er jo forskjellige fiskere, særleg fluefiske, markfisk, sluk og wobblers. Det er forskjellige folkeslag, det vil du også merke. Fluefiskeren, det er en skikkelig sportsfisker, mens markfiskeren fisker mer mot matauk.*»

Anita: «Kva er du då?»

Bjarne: «*Jeg er så definitivt ikke en mataukfisker, altså er jeg en fluefisker.*»

Anita: «Kvifor er du ikkje ein mataukfiskar?»

Bjarne: «*Jeg fisker så mye, en hel sesong. Da blir det mye fisk. Da må jeg kjøpe meg en frys. Det er grenser for hvor mye fisk man kan spise en sesong. De fleste fluefiskere driv med catch and release.*»

Ein anna flugefiskar fortel kvifor han fiskar:

Eg sit i ei lita hytte saman med Emil som er flugefiskar. Han fiskar i mange elver i Noreg, gjennom heile sesongen. Vi byrjar å diskutere fang og slepp.

Anita: «Men om du måtte setje ut all fisken, hadde du framleis fiska då?»

Emil: «Jag fiskar för att överleva. Jag fiskar för upplevelsen, inte för att fånga fisken. Jag blir inte tillfreds av att slå den i huvudet, det är snarare hugget och fighten.»

Det er ein tydeleg samanheng mellom strenge døgnvoter og fang og slepp. Når fiskarane berre kan fiske to laks pr. døgn, vil mange halde fram med å fiske gjennom å setje fisken ut att.

Gjennom forvaltinga nedprioriterast effektive fiskepraksisar som harlingfiske og markfiske.

Medan forvaltinga favoriserer praksisar som flugefiske. På denne måten formar og oppmunstrar forvaltinga nokre fiskepraksisar, nokre laksar og moralar framføre andre.

Også laks gjer motstand i denne praksisen. Tidleg i sesongen er skinnnet meir ømfintleg, og laksen ikkje så robust. Fiskarar fortel at det kan vere vanskeleg å setje den ut tidleg i sesongen, sidan den lettare får skade. Difor må fiskarar tilpasse seg laksen for at den framleis skal halde same form. I retningslinjene står det tydeleg at ein ikkje skal halde fisken opp av vatnet, ein skal heller ikkje vege laksen. I staden må fiskarar tilpasse seg laksen. For bruk i dei periodane kor laksen tåler mindre, har fiskerane utvikla ein særskild hov med småmaska nett, vekt og måleband. Hoven gjer til at laksen vert mindre skada. Vekt og måleband kan nyttast i vatnet, slik at fiskarane får registrert den naudsynlege informasjonen som gjer at fangsten gjeld. Ein får framleis æra av å ha fanga ein stor laks, som erstattar köyring av laksen, løfting over vatn og kyss. Det skjer med andre ord ei samskaping mellom laks og flugefiskar.

Laksefiske i framtida

Laksefiske i elv har gått frå mat og næring til turisme. Reguleringane som vert gjort, bygg opp om denne typen bruk av laks. Dette syner forvaltingspraksisar som lang fiskesesong, døgnvoter og auka grad av fang og slepp. Økonomisk er turistfiske mykje meir lønsamt enn lokalt fiske. NINA har undersøkt lakseprisar i elv, der dei har funne ut at dersom fisken er fanga for å konsumere, er det ein pris på 60 kr kilo, medan dersom den same fisken er fanga av turistfiskarar er den 5000 kr kilo. Årsaka ligg i ringverknadar fisket gjev (Ween 2011b). Forskinga og forvaltinga syner slik at det ikkje lenger er fiskekjøtet som er viktig, i staden er det turismen. Lakseforvaltinga ligg tett opp til flugefiskarar sin fiske- og kunnskapspraksis. Den grip inn i

laksen, og gjer den til eit objekt for flugefiske. I mange dokument er det flugefisken som er inskribert, mellom anna i NASCO dokument. Slik vert flugefiske direkte favorisert som ein veleigna fiskepraksis for laks. Det vert den òg indirekte gjennom fangstkvoter, fang og slepp, forbod mot garnfiske, reduksjonar i fisketid- alt som gjer næringsfiske umogeleg. Gjennom den usynlege innverknaden av oppdrettslaks og genetikk, og opphøyr av klekkjeri. Forvaltinga ser på laks som ein ressurs, der det er eit ynskje om å halde laksen levande så lenge som mogleg. Dersom fisken ikkje vert avliva, vert det ein økonomisk og økologisk gevinst.

Grunneigarar sjølv avgjer kva pris dei vil ta for fisket. Det dyraste valdet i Namsen tek ein pris på kr. 1900 pr. døgn for landkort. Dersom ein kjøper mat, overnatting, båt og roar i tillegg kan ein betale 8500 kr pr. døgn. Kring Namsen har det vore ein auke i turistoperatørar som sel fiske på denne måten. Utviklinga av laksefisketurismen fører til at det er svært dyrt for den allmenne fiskar å få tilgang på dei beste valda i den mest ettertrakta perioden. Sjølv om lokale fiskarar kan kjøpe eit sesongkort i Namsen til 3000 kr (6000kr for utanbygds), er mange lokale fiskarar irriterte sidan dette ikkje er på dei beste valda. Det er store spenningar om denne marknadsorienterte turismen i kontrast til lokale fiskarar sin tilgang på vald. Mange lokale fiskarar er negative til denne utviklinga. Dei hevdar at dette får store konsekvensar for nye generasjonar fiskarar. Når ungdom vert avstengd frå dei beste valda, får dei ingen interesse for laksefiske. Då vil dei heller ikkje verte roarar, og den lokale kunnskapen i elva forsvinn. Ein ivrig lokal fiskar Hans, fortel hans syn på denne utviklinga:

Hans seier at det handla om tilgjenge for folk flest. «Gruinn te at folk bur her e fri natur.»

Hans er medlem i Norges Jeger og Fiskerforbund. Han har dei same meiningsane som vert gjenspegla i mottoet deira: «*Jakt- og fiskeglede til alle - for alltid.*» Organisasjonen arbeider aktivt for at fiske skal vere opent for alle (Norges Jeger og Fiskerforbund 2010). Dette er ein kontrast til marknadsutviklinga i fiske ved Namsen. Mange fiskarar kan betale store summar for dei gode valda, noko som fører til at yngre, fattigare fiskarar ikkje kjem til. Forvaltinga i Noreg legg opp til at det skal skje ei utvikling der laksefiske som turisme vert prioritert.

Avrunding

Frå Gulatingslova til Lakse- og innlandslova har laksen vorte heilt endra. Frå å vere ein ressurs på linje med skog og land, som ein del av eit hushald eller ein næring, til å verte eit fritidsobjekt; eit objekt for ferie og naturoppleving. Tre ting har bidrege til å skape denne utviklinga, industrielt overfiske, oppdrettsnæring, og genetikk. Som fylgje av eit overfiske av laks på 1970-talet vart laks ein knapp ressurs. Oppbygginga av oppdrettsnæringa skjedde på om lag same tid. Oppdrett på laks skapte ei trøng for å skilje oppdrettslaks frå laks som levde i det fri. Det vart eit behov for å skape ein eigen «villaks». Sidan har skilje mellom desse laksane vorte gjort meir og meir forskjellig. Den ville laksen vart ein knapp ressurs, som måtte vernast. Difor sette internasjonal lovgjevnad i verk tiltak for å verne laksen. Det å ta vare på laksen var ikkje lenger noko lokalt, i staden vart laksen ein nasjonal ære.

Gjennom forvaltinga endra moralen om laks seg. Laks er ikkje lenger berre ein næringsfisk, i staden er det ein fisk for sportsfiskarar. I seinare tid kjem dette særskilt til uttrykk gjennom forvaltinga si støtte til ein aukande bruk av teknikken fang og slepp. Flugefiskarar brukar no lang tid på å fiske laksen, for så å setja han attende. Forvaltinga ser denne praksisen som ein viktig faktor for å verne om villaksen, og favoriserer ulike fiskepraksisar gjennom reguleringar, reiskap som tek få fisk. Dette handlar òg om ein moral om rettvise, der fiskaren og laksen er meir jamstilt enn når fiskarar brukar store garn til fisket.

I Namsen er det ein motstand mot denne utviklinga i forvalting. Der vil ikkje lokale fiskarar innordne seg ei forvalting som legitimerer ein praksis fjern frå deira, og ein moral om fisk som ikkje samsvarar med deira laks. Eg har vist korleis denne motstanden, forhandlingane og justeringane praktiserast i forhold til fleire ulike forvaltingspraksisar. Til dømes justerer fiskarane på vekta til laksen før den vert registrert på laksebørsen, dei nyttar den reiskapen som dei føretrekk og dei overheld ikkje døgnkvotereguleringane.

I det fylgjande kapitlet vil eg ta føre meg klassifisering av laks som ein vesentleg del av menneske – laks relasjonar. Eg vil vise korleis dette vert gjort lokalt, men òg nasjonalt. Etter at den rømde oppdrettslaksen kom til har klassifiseringspraksisar endra seg og auka i omfang.

6 Ein ordna laks

I dag er det Namsen Laksefestival. Det er ei årleg feiring av laksen der fiskekonkurransen er den største hendinga. Festivalen held til i eit område utanfor eit kjøpesenter. Eg er med for å hjelpe til. Vi ber ut eit bord som vi set opp like ved eit stativ, der fangsten etterkvart skal henge. På bordet framføre oss ligg det hyssingløkker og gule merkelappar, til å skrive opp informasjon om fisken. Alt er klart til å ta i mot fangsten. Ein kraftig mann kjem berande på ein svart soppelsekk. Han stiller seg like framføre bordet, tek handa ned i sekken og løftar opp ein stor laks. Blodet renn frå munnen. Utanpå lakseskinnet ligg det ei hinne som liknar gult slim, likevel er ikkje fiskaren redd for å ta på den. Han heng den på vekta. Eg noterar informasjonen og rekk han lappen, som han heng rundt fisken. Etterkvart kjem det fleire fiskarar til med deira fangst. Til sist heng det tett med fisk på stativet. Det luktar ei blanding av tran og blod. Ei folkemengd samlar seg rundt stativet. Mange går nært for å sjå på laksane, nokre tek bilet. Ein eldre mann med grove hender, stryk dei nedover ein laks. Andletet hans er like ved laksen. Ved sidan av han står andre menn og gjer det same. Dei studerer laksane, vurderer likskapar og skilnadar ved dei. Vurderer kva slags laks det er.

Klassifikasjon er ein praksis der ein ordnar objekt i ulike grupper basert på fellestrek i kvalitet og karakter. Praksisen er ein vesentleg del av menneske – laks relasjonar ved Namsen. Laks er relativ. Dei vert ikkje til av seg sjølv men i staden i møte med andre laksar. Mary Douglas skildrar korleis menneske etablerer verda i kategoriar, for å halde orden. Ho hevdar at kategoriar vert etablert i motsetjing til kvarandre, slik til dømes reint oppstår i forhold til det ureine. Dersom noko fell utanfor klåre kategoriar, skapar det forvirring i dette klassifikasjonssystemet, og det vert som Douglas kallar *matters out of place* (Douglas 1966). John Law fører denne tanken vidare i boka *After Method*, han hevdar at røynda er i uorden, eller rot, men at menneske heile tida prøver å setje den i klåre, stabile kategoriar. Dette er umogeleg hevdar han, sidan det alltid vil vere ein flyt i og mellom kategoriane som gjer til at dei ikkje er stabile (Law 2004).

Fiskarar, forvaltarar og forskarar samanliknar laksane gjennom dei signifikante likskapane og skilnadane. Kva forskjell som er dei relevante avheng av praksis. Dersom dei ikkje finn dei rette skilnadane i ein praksis, går dei til den neste, til dømes frå korleis fisken kjennast ut på stonga til korleis den ser ut. Klassifisering er slik ein prosess, der nye skilnadar vert funne og nye grenser vert skapt, for å distansere laks frå kvarandre. Med det same laks vert sett i bås, veit informantane

mine korleis dei skal handsame fisken. Marianne Lien og Aden Davison synleggjer det same i naturvern, der det er store skilnadar i måten vernerar handsamar artar og plantar som er klassifisert som opphavleg eller framand. Dei fyrstnemnde vert verna medan dei andre vert fjerna (Lien og Davison 2010). Jean og John Comaroff finn denne praksisen i Sør Afrika. Dei trekk linjer mellom ei redsle for framande plantar og framande menneske (Comaroff og Comaroff 2005).

Klassifiseringspraksis er ein viktig del av menneske – laks relasjonar i Namsen. For alle eg snakka med var det særskilt viktig å vite kva laks dei møtte. Likevel viser det seg å vere ei vanskeleg oppgåve å klassifisere laksen, sidan dei ulike laksane ofte er nærast umogeleg å skilje. Sjølv om dei definerer alle laksar dei møter er rømt oppdrettslaks den viktigaste kategorien å stadfeste, sidan denne laksen fører til størst endring i korleis menneske relaterer seg til den.

I Namsen er laksen i elva klassifisert som ein Namslaks. Denne laksen er sjølve symbolet på ein vill, rein og ekte laks. Namslaks vert gjort til eit produkt som bygg på dette symbolet. Verdien i fisken ligg i at den vert oppfatta som autentisk, frå Namsen (Appadurai 1986). Ein finn ikkje Namslaks andre stadar, og det er difor vesentleg for fiskarane å klassifisere laksen som Namslaks. Grensa mellom denne laksen og andre laksar vert difor viktig å oppretthalde.

Ein sprek og sølvskimra laks

*Skogblå er alle åser
senket i elvestrømmen,
der laksen i stimer går.
Laksen er sølv i sølvet; -
elven er blank som speilet
som hjemme i stuene står.*

(Kvalstad sitert i Krekling 1966:24)

Fiskarar forklarar meg at den perfekte Namslaks er ein laks som er sprek og sølvfarga. Det er denne laksen som er den offentleg kjende; den som figurerer i dikting, songar, målingar og fotografi. Denne laksen vandrar tidleg opp frå havet til elva, og kallast av den grunn ein *nygått*,

eller *junilaks*. Som namnet tilseier, er det størst sjanse å møte på denne laksen den fyrste månaden i sesongen. Difor er dette fisket mest ettertrakta blant fiskarane. Laksen har då den beste åferda, ved at den er sprek og har god kondisjon, samstundes som den har den finaste utsjånaden der skinnet er på sitt mest sølvfarga. Etterkvart som vekene går, og laksen har stått lenge i elva, endrar den farge, form og kondisjon. For fiskarane er ikkje denne laksen like gjæv som den nygåtte.

Måten laksane vert skilt åt varierer frå situasjon til situasjon. Når fisken er på fiskestenger er det ein vurdering om åferda til laksen, om det er ein sprek eller tam laks. Helst ynskjer dei ein så sprek laks som mogleg, slik at det vert ein god kamp mellom fiskar og laks. Derimot er det utsjånaden til laksen som tel etter at den vert landa. Helst skal det vere ein sølvfarga laks, som er blank i skinnet.

Ein fiskar fekk ein storlaks for nokre dagar sidan. Han har akkurat synt meg den massive fangsten i frysaren. Lågt mumlar han om korleis det var å få ein så stor laks. Likevel tyder kroppsspråket hans at han er veldig stolt. På mobiltelefonen sin syner han meg ein film frå landinga av laksen. Filmen viser ei folkemengd på ein odde og ein laks som plaskar. Den skin gjennom vatnet. Med eit brak vert den fanga i hoven. Folkemengda jublar! Laksen vert slepa opp på berget. Like før den sklir ned att i vatnet set to menn armane strake over den, og held den nede med knea. Laksen løfter opp halen og smell den ned i berget. Filmen stoppar. Fiskaren ser spent på meg, så seier han roleg: «Det e my muskla i ein sånn ein. Æ bi så klar (sliten) æfterpå!»

Etter at ein laks er landa diskuterer fiskarar korleis den var på stonga. Som vist i kapittel 5 er ein viktig kvalitet at fiskaren skal kunne kjempe mot fisken, og måle kreftene sine med den. I landingsaugneblikket er laksen si vekt underordna kondisjonen. Dette fortel den lokale fiskaren Lars, i eit intervju:

«*Ingen laks e likens. Det e stor variasjon. Førre øksempel kondisjon. Ein laks på 15 kg kainn vårrå lik ein på 7kg. Det kjem an på laksen. Dæm e ferskjellig.*»

Når laksen er landa er det andre trekk som vert lagt vekt på. Utsjånaden til laksen er då viktigast. Seansen etter at laksen er landa syner dette. Då heng fiskarane laksen næraast til utstilling, medan dei går rundt den og observerer farge og form. Dess meir sølvblankt skinnet er, dess gjævare er det. Dette viser at ulike trekk er relevante etter kva situasjon laksen er i. Medan fisken er under

vatn er det kjensla av åtferda som vert relevant, medan når den er over vatn er utsjånaden relevant.

Ein uynskt laks

Vinterstøing, eller gammallaks som dei lokale seier, er ein utgytt fisk som har overvintra i elva. På våren vandrar vinterstøingen attende til havet, for så å komme tilbake seinare for å gyte. Denne laksen er freda i Noreg, så dersom den vert fanga skal den setjast attende i elva. Difor er fisken uynskt av fiskarane.

«*Men så er det gammallaks, det e værr enn å itj få fesk! Det kan vere en fin og blank en laks, men den er freda. Det e lettar å få en gammallaks enn en nylaks.*» «*Kvífor det?*» spør eg. «*Mulig at den vil eta! Nylaksen vil kun opp i elva, mens gammallaksen den har jo stått ei stund.*» Han ser ut i lufta, sukkar tungt, før han seier bestemt: «*Nei, det e itj no gleda ved den.*»

I samtalar med lokale fiskarar gjev dei uttrykk for at det er mykje vinterstøingar under dei fyrtse vekene av sesongen. Den ekstreme spenninga dei fyrtse døgna, kan gje ein ekstra dimensjon til dette. I følgje det den unge roaren Truls eingong opplevde, er det nemleg vanskeleg å sjå skilnad.

Det var fyrtse gongen han skulle fiske det året. Han var så spent! Det tok ikkje lang tid før han fekk ein fisk på. Han tok den opp i båten og kakka den med det same. Så byrja han å ro inn mot land. Medan han rodde såg han ned på fisken som låg like framføre han. Då tenkte han... faen! For det han såg var ein gammallaks.

Denne historia illustrerer kor skuffande det er for fiskarar å få ein vinterstøing. Sjølv erfarte eg på nært hald kor uynskt denne laksen er. Dette kom til uttrykk den fyrtse juninatta, under opninga av laksefiske sesongen:

Like etter startskotet byrjar ein båt å skrå sakte inn mot land. Grunneigaren for valdet står ved sidan av meg. Han held auga på båten, medan han snakkar ut i lufta. Han seier at det er merkeleg at dei vel å gå opp der. Einaste grunnen må vere at dei har ein storlaks på kroken. Automatisk byrjar han å gå mot område der båten truleg vil legge til land. Like etter fylgjer kona hans, nokre yngre gutter og eg. Vi småspring etter kvarandre på ein sti mellom enga og elva. Bak meg kjem ei lang rekke folk. Eg kjenner spenninga. Kor stor kan laksen vere? Vi går gjennom

busker og kratt for å kome nærare. Det doggvåte graset når opp til knea. Det er heilt stille. Framføre meg får eg auge på ein fiskar som sitt knebøygd over eit snøre. Utan laks. Den vart sett attende, for det var ein gammallaks.

Laks vert kjønnsmoden mot slutten av sesongen, då endrar den både form, farge og smak. På hannen veks det ut ein krok i underkjeven, skinnet vert mørkare og meir farga, noko som det òg vert på holaksen. Denne laksen er ikkje like gjæv som den nygåtte laksen. Dette skildrar Bjarne til meg, ein ivrig flugefiskar, medan han syner meg biletet av ulike laksar på Laksebørsen.

Bjarne: «Sent på året er laksen helt forandra, ikke sant?» Han ser på meg, passar på at eg forstår. Eg nikkar.

Bjarne: «Den er helt annerledes i fargen, brunrød. Den er ekkel, uspiselig, all næring går inn mot rogn og melken. Mot gytedrakten. Det eneste den kan brukest til da er røkelaks. Hannfisken forandrer seg også. Alt blodet kommer ut til skinnet, slik at du ser at den har ein blodrød farge. Du ser på hodet at det er en hannfisk, han har en krok i hodet.» Han peiker på dataskjermen, der eit biletet av ein raudleg fisk kjem til syne.

Seint i juli vart det fanga ein storlaks på over 20 kg i vassdraget. Fisken fekk mykje merksemd, både i media og mellom folk. Det er sjeldan at ein så stor laks vert fanga, så folk var opptekne av dette. Likevel var mykje merksemd retta mot utsjånaden til fisken. Folk kommenterte at denne fisken var ein særstak stygg laks, som hadde stått lenge i elva. Dei fortalte at forma var dvask, og skinnet var mykje mørkare og raudlegare enn ein nygått laks.

Ein feilvandra laks

Ein dag vitjar eg ein fiskar ved Bjøra, sideelva til Namsen. Elva sirklar seg nedover. Langs den går det ein smal sti, før bakkane skrånar bratt oppetter. Fiskaren sit på ein kvit plastikkstol like ved elvebreidda. I handa held han ei fiskestong, blikket hans er retta mot enden av lina. Eg set meg på bakken ved sidan av. Myser ut mot elva. Han byrjar å snakke om dei ulike laksane som finst, at kvar elv har sin stamme. Her i Bjøra til dømes, er laksen kort og feit, Bjøralaks. Medan Namslaks, er lengre og tynnare.

Utsegna syner at sjølv om elva Bjøra høyrer til Namsenvassdraget, så vert ikkje laksen i elva rekna som Namslaks, men ein anna bestand, Bjørnalaks. Som fiskaren her skildrar, har Bjørnalaks ein annan form enn Namslaks. Her er det utsjånaden som er det utslagsgjevande for korleis fiskarane skil dei to bestandane.

Vi sokjer ly under eit tre, der store greiner skuggar frå midsommarsola sine sterke stråler. Varmen er døsande. Eg pratar med to roarar. Den eine ligg hengslengt på marka med eit strå i munnen, medan den andre kviler ryggen mot trestammen. Det er like før dei skal ro på ettermiddagsøkta. Ein av dei har akkurat kome attende frå pausen sin, han tek ein djup slurk frå kaffikoppen. Verkar spent. Dei to byrjar å prate med kvarandre, utan å ta omsyn til meg. Dei nemner at fiskeforvaltaren har vore her i dag. Så snur han eine seg mot meg, han fortel at dei fekk ein laks i går som dei var så usikre på, den såg litt rar ut. Difor hadde dei kontakta fylkesfiskeforvaltaren. Det han fann ut var at laksen var frå elva Stjørdal. Han seier: «den hadd gått feil, det gjer de iblandt.»

Hendinga synleggjer kor viktig det er for folk å klassifisere laksane. Dersom dei mistenker at laksen ikkje høyrer heime i elva, må dei kontakte fiskeforvaltaren for å få ei stadfesting på dette. Det får fram fokuset på å skilje mellom enkeltbestandar i Namsenvassdraget. Men kjem desse skilnadane til uttrykk i Namsfjorden? I prat med nokre sjølaksefiskarar fekk eg ei oppklaring på dette. Begge stilte seg uforståande til kvifor elvefiskarar er så opptekne av å klassifisere laks frå dei ulike elvene.

Eg møtte dei to sjølaksefiskarane i enden av Namsen. Her på kyststripa er Namslaks ein litt anna skapning. Vi køyrer på nokre smale og svingete vegar. Eg vert kvalm av den tette sumarlufta blanda med eksos. Eg spør Martin om han ser skilnad på dei forskjellige laksane, på Bjørnalaks og Namslaks for eksempel? Martin sit i baksetet, eg må snu meg heilt rundt for at han skal høyre kva eg seier. Eg ser eit glis i andletet hans. Han svarar: «På 60-tallet va det næst'n itj laks i Bjøra, så satt dæm ut laks, og dein kom tebake, så det e egentli dein såmmå laks'n, i Namsen og i Bjøra. Det e så merkeli koffer dæm (biologane og laksefiskarar i elv) e så opptatt tå at laks'n ska vårrå frå såmmå elva, dæm høre t ulike elvi og dæffer må dæm itj blainnes.» Eg merkar at kameraten reagerer. «Det høres ut som nåkkå ein ainna mann ha føinni ut», seier han. Han held den eine handa øvst på rattet, medan han legg ein finger over munnen som ein strek. Det er tydeleg kven han meiner. «Det e rasetænking. Det at iitjnå ska blainnes.» Han fnys, og ristar på hovudet.

Møte med nykomaren

To menn kjem opp bakken frå elva. Dei ber éin laks kvar. Den fremste mannen har på seg ein svart hatt med fjør i, der pins er festa tett i tett. Jakka og buksa hans er i grøntonar, men med eit meir eksklusivt snitt enn dei fleste andre eg har sett. Innanfor jakka har han ei raudrutete fløyelsskjorte. Bak han kjem ein kraftigare kar. Det er fiskaren og roaren som kjem. Dei går mot hytta si. Eg og kameratane deira fylgjer etter. Roaren legg laksen like framføre oss, medan fiskaren går nokre steg vekk og legg laksen på bakken. Tydeleg åtskilt frå den andre. «Det er en ufisk! Det er lett å se at det er en oppdrettslaks, for det står Salmar skrevet i pannen på den.» Seier fiskaren, tydeleg skuffa. Roaren seier han er glad for at dei fekk den skiten opp. Grunneigaren står like ved, han tek fram nokre brune konvoluttar, og seier at dei må ta skjelprøver. Det har NINA gjeve beskjed om. Roaren trekk fram ein stor kniv, set seg på kne over laksen, og skrapar av nokre skjel som han legg i den brune konvolutten. Alle tek ei runde og ser på laksen. Dei seier at den ikkje har ryggfinnar eingong, så det er ingen tvil. Roaren seier det var flaks at fotografar ikkje fekk auge på den, for då hadde dei fått negativ merksemd.

I Noreg byrja ein med oppdrett av laks på 1970-talet. Før dette rekna ein all laks i kategorien laks. Men då næringa tok til, vart det ein trøng for å skilje mellom laksar inni merdane og laksar utanfor. Fyrst då vart to laksar skapt; oppdrettslaks og villaks. Laksane er av same art, atlantisk laks, men er definert ut frå dei forskjellige stadane dei lev (Treimo 2007:61). Konstitueringa av villaks føyer seg inn i ei rekkje av dyr som vert ville, når nokre i same art vert tam. Den ville laksen vert sett på som om den eksisterer utan menneske, medan oppdrettslaksen er nærmere kultur, den er kultivert av menneske. Henrik Treimo problematiserer denne måten å gjere laks vill på, i si doktorgrad *Laks, kart og mening* frå 2007. Framstillinga skjuler kontakta mellom menneske og den såkalla ville laksen tidlegare. I vel 150 år har denne laksen vore kultivert, og slik domestisert i dei fleste lakselever i Noreg (Treimo 2007). Mitt felt, Namsenvassdraget, er ikkje eit unnatak. Det fyrste klekkjeriet kom her i 1881, og seinare kom fleire til (Krekling 1966, Hjulstad 2000). Frå omlag 1940 til 1984 vart laks frå Namsfjorden avla på (Kaspersen 1995a i Kunnskapssenter). I 1985 endra politikken seg. I staden for å hente laks i fjorden, skulle ein då utelukkande setje ut lakseyngel av *stadeigen stamme*, det vil seie frå den same elva. Etter dette byrja ein å reindyrke laks frå dei ulike elvene, slik at dei ikkje skulle verte blanda. Nye grenser vart skapa, og nye forskjellar vart framheva. Sjølv om fiskarar og forvaltarar kring Namsen er oppteke av kva laks som kjem frå dei ulike elvene, er dei alle klassifisert som villaks. Problemene oppsto når oppdrettslaks rømte frå merdane, og fann vegen opp i elvene. Då vart det særskilt viktig å halde

desse laksane frå laksane klassifisert som ville, slik at ikkje nye hybridar skulle veks fram (Lien 2005).

Stadfesting av nykomaren

Når laksen lev i oppdrettsanlegg, er nettet den viktigaste grensa for å halde laksen skild frå andre artar. I tilfelle der oppdrettslaksar røm ut av nettet, er ikkje desse skiljelinjene lenger oppretthaldne. Den rømte laksen vert då «matters out of place». Slik er ikkje oppdrettslaks urein i seg sjølv, men med det same den er på feil stad, utanfor nettet, vert den urein. Når nettet ikkje lenger held laksen på rette stad, må andre praksisar i verk setjast for å finne ut kva laks som sym i elva (Lien og Law 2011). Klassifiseringspraksisane har endra seg mykje etter at nykomaren fann vegen til elva, sidan det har vorte ei stor trøng til å skilje laksane frå kvarandre, og halde dei åtskild. Fyrst er det åtferd og utsjånad. Dersom dei ikkje klarer å sjå at det er ein rømt oppdrettslaks, må dei ty til andre praksisar. Då opnar dei anten laksen, for å sjå korleis den ser ut inni, eller dei tek ei skjelprøve for å sjekke opphavet til laksen. Dersom dei ikkje klarer å stadfeste laksen finn dei nye forskjellar, og skapar nye grenser.

Laksen si åtferd vert nytta som ein forskjell mellom rømt oppdrettslaks og villaks. Fiskarar fortel at dei forventar at ein oppdrettslaks er tam; ein fisk utan styrke som dei berre kan dra rett opp som ein torsk, utan kamp. Rømt oppdrettslaks står slik i skarp motsetjing til ein villaks, som er forventa å vere sprek og vill. Fiskarane har ulike oppleving av korleis det er å ha ein oppdrettslaks på kroken. Nokre gongar er laksen tam, medan den andre gongar er sprek. Difor vert det vanskeleg å bruke åtferda til laksen som kategoriserande.

I ein samtale med ein roar fortel han om dagens fiskeøkt. Den dagen fekk fiskaren som han rodde på, ein oppdrettslaks.

Anita: «Er det berre når den kjem på land at ein merkar at det er ein oppdrettslaks?»
Roar: «Ja, eiller dein i dag va ganske tam da.»

Seinare i sesongen møter eg ein kameratgjeng, der den eine kameraten fekk ein rømt oppdrettslaks. Dei er forundra over at åtferda til oppdrettslaksen er annleis enn det dei hadde førestelt seg:

Fiskar: «Jeg må si jeg ble positivt overrasket over den oppdrettslaksen vi så i går. For den forestillingen som jeg hadde med oppdrettslaks var at den var rømt for 1- 2 uker siden, og at den

skulle vere en dårlig fighter. Men den her hadde rømt i sjøen for 1- 2 år siden. Da blir den for det første seende svært lik ut som en villaks, og for det andre oppfører den seg som en, den fighter som en villaks. Jeg tror ikke kameraten min merket noe forskjell på opplevelsen. Så dersom det er slik så vil jeg kunne forsette å fiske etter oppdrettslaks, nesten helt avslappet».

Fiskarane brukar difor ikkje åtferda til laksen åleine, for å stadfeste om det er ein rømt oppdrettslaks eller ikkje. Når laksen er komen på land nyttar dei andre måtar. Dei observerer då utsjånaden til laksen. Fiskarar forklarar meg korleis dei skiljar rømt oppdrettslaks og villaks frå kvarandre. Den rømte oppdrettslaksen har ofte fleire prikker enn ein villaks. Den har òg skadde finnar og forkorta eller skada gjellelok. Ein lokal fiskar fortel meg korleis han såg at fisken han fekk var ein rømt oppdrettslaks:

«Æ såg det på prikkan på haue, dein hadd fer mang prikka.»

Dersom fiskarane framleis er usikre på kva laks det er, etter å ha observert åtferda til laksen, og dei ytre kjenneteikna, har dei kome fram til ein ny metode. Denne forskjellen mellom rømt oppdrettslaks og villaks er eit mindre synleg teikn. Dette er arr etter vaksinasjon av oppdrettslaks, som gjer til at dei indre organa kan vekse saman. Dette illustrerer fiskeforvaltaren då Miljøvernministeren vitja Namsen.

Fiskeforvaltaren legg to laksar ved sidan av kvarandre. Han forklarar at den eine er ein rømt oppdrettslaks medan den andre er ein villaks. Forvaltaren seier at den sikraste måten å sjekke om det er ein oppdrettslaks, er å opne fisken. Han tek fram ein kniv, og skjer opp oppdrettsfisken. Inni fisken er organa samanvaksne.

Fiskarar ved Namsen bløggar oftast fisken, før dei frys den heil. Difor er det sjeldan at dei opnar laksen for å finne ut om det er ein oppdrettslaks. I staden nyttar dei seg av ein metode der dei ikkje treng å opne laksen. Dette er skjelprøve. Dei tek skjelprøvar ved å skrape av nokre skjel av skinnnet på fisken. Skjela vert lagt i ein konvolutt og sendt til NINA. Der analyserer dei skjelprøvane og finn ut om det er ein villaks eller ein oppdrettslaks. Hendinga nedanfor skildrar korleis stadfesting av laks er ein samproduksjon mellom fiskarar, forvaltarar og forskarar, saman med bilete, dokument og skjelprøve:

I dag er eg med ein lokal fiskar på fisketur. Vi sit på land og ser utover elva, på andre fiskarar. Praten kjem inn på rømt oppdrettslaks. Han seier at det av og til er vanskeleg å sjå skilnad. Difor er det bra å sende prøver inn til nokon som kan det. Han fortel om eingong han fekk ein fisk, som hadde avrunda finnar og mange prikker. Han klarte ikkje å sjå kva det var, men tenkte det var ein oppdrettslaks. Så tok han eit bilet på mobilen og sendte det til ein kamerat. Kameraten trudde det var ei sjøaure. Sjølv bestemde fiskaren seg for å sende inn prøver til NINA. Då han fekk resultatet viste seg å vere ein villaks. Han kunne ikkje tru det, men det var det som sto der. Seinare var kameraten hans på eit kurs med fiskeforvaltaren. Forvaltaren hadde då brukt biletet av den fisken for å vise korleis ein oppdrettslaks ser ut. Men då hadde kameraten hans dokumenta framføre seg, der det sto at det var ein villaks.

Fjerning av nykomaren

Mange tiltak er sett i verk for å stadfeste kva laks som er i elva, og få fjerna den rømte oppdrettslaksen. I elva er det eit pågående arbeid for å finne ut kor mykje av laksen som er rømt oppdrettslaks. Mange prosjekt er òg knytt til korleis ein skal få fjerna nykomaren. Hovudsakleg vert arbeidet gjort av NINA og Kunnskapssenter for Laks og Vannmiljø (KLV). I tillegg er det mange frivillige som deltek i arbeidet. Her vil eg vise ein liten gjennomgang av dei pågåande prosjekta i Namsen.

Kvar haust er det eit omfattande prosjekt kalla *overvåkingsfiske*. Her fiskar dei med stong for å finne ut kor mange prosent rømt oppdrettslaks som finst i elva. Desse resultata vert samanlikna med tal frå tidlegare år. Klassifiseringa skjer her via ytre kjenneteikn. Laks stadfesta som oppdrettslaks vert fjerna, medan dei set ut att laks klassifisert som villaks. Sportsfiskelinja i Grong og lokale fiskarar er aktive i dette arbeidet, og i 2011 var det lagt ned 2400 dognadstimar i dette arbeidet. Resultata frå Namsrapporten 2011 viser at omlag 20 prosent av laksane vart klassifisert som rømt oppdrettslaks.

Eit anna prosjekt er *sorteringsfiske*. Ei spesialbygd kilenot vert sett over elva, nær utlaupet til Namsen. Nota vert røkta, og alle fiskar vert tekne skjelprøver av, som vert sendt til NINA for analyse. Dersom røktarane har mistanke om at det er rømt oppdrettslaks fjerner dei desse frå elva. Her vert òg nærmere 20 prosent av fiskane klassifisert som rømt oppdrettslaks. Eit anna prosjekt er *videoovervåking av laksevandring*. Målet i dette prosjektet er å overvåke laksevandringa i elva

med undersvasskamera, og på same tid klassifisere rømt oppdrettslaks frå villaks. Dette er då sjølv sagt gjennom ytre kjenneteikn. Resultata viser at omlag 6 prosent vart klassifisert som rømt oppdrettslaks. For å finne ut om det har vore ei blanding mellom rømt oppdrettslaks og villaks nyttar forskarane *genetiske undersøkingar*. Dette er ein ny metode, der dei for fyrste gong kan finne svar på i kor stor grad rømt oppdrettslaks har påverka arvematerialet til villaks. Dersom det viser at det har vore store endringar, vil det setjast i verk store tiltak for å hindre dette. Den største redsla for forskarane er at dei finn varige genetiske endringar på villaksen. Til sist har KLV utvikla ein *informasjonsplakat* som syner skilnadane mellom oppdrettslaks og villaks. Plakaten vert distribuert rundt i landet, for å formidle kunnskapen om dette. Den vert òg brukt til undervising om skilnadane (Rikstad 2011).

Under fiskesesongen uttrykte mange fiskarar uro over mykje rømt oppdrettslaks i fangsten. Akutte tiltak vart sett i gang for å hindre at den rømte oppdrettslaksen skulle kome til dei øvre delane av elva. Øvst oppe i ei av laksetrappene i elva, er det ei luke som kan stengast av. Luka vart stengd som eit strakstiltak i ein kort periode for å hindre rømt oppdrettslaks å kome lenger opp i elva, samstundes som fiskarane då kunne hove opp den rømte oppdrettslaksen som samla seg der. Etter ei tid vart luka opna att.

No er vi, ein lokal fiskar og eg på oppdrag for å opne luka. Før vi opnar den skal fiskaren sjå om han ser rømt oppdrettslaks, som han då må hove ut. Eg ser gjennom eit stort vindauge. Laksane sym rundt, men i veldig sakte fart. Han seier at ein kan kjenne att rømt oppdrettslaks på åferda. Eingong var det ein fisk som sumde rundt og rundt i stor fart. Det er slik dei har rørt seg inne i merden, forklarar han. Medan villaksen den står stille, slik som dei. Han peikar mot nokre rolege laksar. Ein liten fisk sym framføre vindauge. «Den ser rar ut, det e gjellokan», seier han. Gjelleloka er kortare enn på dei andre laksane, men dette er det einaste teiknet på at det er ein rømt oppdrettslaks. Han vil ikkje ta den ut, for den var så vanskeleg å skilje frå dei andre. «Hadde det vorri en gytlaks hadd æ tatt den ut.»

Verknadar av oppdrettslaks

Menneske – laks relasjonar kjem til uttrykk i korleis rorarar relaterer seg til den rømte oppdrettslaksen. Dei fortel sjeldan fiskaren om dei har fått ein oppdrettslaks. I staden kjempar dei for å halde biletet av den ekte Namslaks rein. Her fortel ulike rorarar om kvifor dei ikkje fortel fiskarane om fangsten deira er rømt oppdrettslaks:

-Eg spør ein ung roar, Kjartan, om han pleier å fortelje fiskarane når dei har fått ein oppdrettslaks.

Kjartan: «Nei, det e itj nå poæng å ødelægg gleden me det, før opplevelsса e dein såmmå. Æ sei ingenting, spesielt itj te utlendinga. Førr dæm e jo her for å få ein ækt Namslaks, så det bli itj det såmmå å kom heim me ein oppdrættslaks, da kuinn ein lik gjærn ha fæska i ei mær.» Han later som han fiskar i ei mær. Vi ler. Han held fram: «Dæm kainn heiller reis heim i trua på at det e ein ækt Namslaks.»

Ein anna roar, Lars, samanliknar det med dei som kjøper fake Rolex i Syden: «*Det e jo ingen som sei det te dæm! Feskeran e så høgt opp, når dæm har fått fesk.*» Han strekk handa høgt opp i veret. «*Ein kainn itj sei det, sjøl om det e ein oppdrættslaks, så e det stort løll.*»

Dei lokale roarane er samstemde i at dei sjeldan seier ifrå til turistar som ikkje ser skilnad på laksane. Eg ynskte å vite korleis dei reagerer dersom dei sjølve får ein rømt oppdrettslaks. Dette spurde eg ein lokal roar, som nokre dagar tidlegare fekk ein laks:

Anita: «*Men for de då, dykk som fiskar her mykje, korleis er det å få ein oppdrettslaks? For eksempel den du fekk på 8 kg for nokre dagar sidan. Kva om det hadde vore ein rømt oppdrettslaks?*»

Roar: «*Da hadd æ itj sagt nåkkå, det e ingenting å snakk om.*»

Ein anna lokal fiskar fortel:

«*Feskera vil fesk etter villaks. Det e itj det såmmå å få ein oppdrættslaks på kroken. Om ti år kainn æ itj sei (han legg på ei skrytete stemme) « Førr ti år sia fekk æ ein stor oppdrættslaks.» Feskeopplevelsa vil bli dein såmmå når ein hi dæm på kroken, men en bli skikkelig skuffa når en får dæm på land, og sjer at det e ein oppdrettslaks.»*

Døma viser at konstitueringa mellom laks og menneske er heilt annleis når laksen vert klassifisert som ein rømt oppdrettslaks. I elva vert rømt oppdrettslaks ikkje rekna som ein gyldig fisk. For fiskarane får dette store konsekvensar. Uansett om det er ein sprek, blank, eller stor laks, er ikkje denne gyldig når den vert klassifisert som ein rømt oppdrettslaks. Dersom dei veit at det er ein rømt oppdrettslaks, vert den ikkje ein del av dei vanlege praksisane kring fiske. Det er ikkje ein

laks som dei skryt av. Det er ikkje status å registrere den på laksebørsen, ha den som troféfisk eller å verte fotografert med den. Sidan fiskarane ikkje skryt over at dei har fått ein rømt oppdrettslaks, vil heller ikkje kampen med fisken verte snakka om. Difor får dei ikkje utøvd sin maskulinitet gjennom laksefiske. Slik forsvinn sjølve målet med fisket. Som matfisk er òg rømt oppdrettslaks annanrang. Det å servere rømt oppdrettslaks vert ikkje verdsett som å servere villaks. Mine informantar fortel meg at dei då like gjerne kunne kjøpt laksen i butikken. Sidan den ikkje er like gjæv som ein villaks, vil den ikkje brukast som gavebyte og byggje dei sosiale relasjonane som ein villaks kan.

Verknadane av å klassifisere laks som oppdrettslaks er då store i Namsen. Nykomaren er eit døme på ein laks som ikkje høyrer heime i elva. Den klussar til biletet av den reine elva, der den ekte Namslaks skal symje. Nykomaren øydelegg då Namsen si prestisje som ei god lakseelv. På grunn av at den rømte oppdrettslaksen vert sett på som urein, vert Namsen òg sett på som ei urein elv. Tilreisande fiskarar vert skeptiske til å kome attende til Namsen dersom dei betalar for å fiske rømt oppdrettslaks i staden for villaks. Slik får den rømte oppdrettslaksen store konsekvensar for næringa i Namdalens, sett under eitt. Samstundes får den verknadar for turistoperatørar, grunneigarar og rorarar si eiga inntekt. I visse situasjonar vert det då vesentleg å ikkje skilje laksane frå kvarandre. Rorarar utnyttar uvissa til tilreisande fiskarar for å gagne dei sjølve og deira næring. Difor figurerer rømt oppdrettslaks likevel i dei same praksisane som ein villaks. Rømt oppdrettslaks vert registrert på laksebørsen, fotografert, avstøypt til ein troféfisk og nytta som mat, alt i trua på at det er ein villaks.

Trussel

I dag er det Naturmangfalldag ved Namsen Laksakvarium. Her er det mange som kjem for å informere om laks, ein av desse er ein naturrettleiar for villaks. Ho har samla mange skuleborn inn i ein lavvo. Eg får vere med på dette. Vi sit alle i ein ring på bakken og ser på den engasjerte forteljaren framføre oss. Naturrettleiaren spør borna om dei klarer å sjå forskjell på ein oppdrettslaks og ein villaks. Nokre seier at oppdrettslaks har ein anna farge og styggare finnar enn ein villaks. Ho nikkar, og fortel at oppdrettslaks lev eit heilt annleis liv enn ein villaks. Ein oppdrettslaks får mykje mat, slik at han skal vekse seg større. Medan ein villaks skal kunne mange ting, få seg kjærast, finne mat og lukte seg tilbake til si eiga heimelv. Ho spør om dei har høyrt om genar, før ho forklarar at det finst mange forskjellige genar. For villaksen er det viktig å ha varierande gen, for eksempel eit gen for å finne kjærast og eit for å finne heim. Ho tek fram

to byggetårn av legoklossar, som er set saman av ulike fargar. Det eine tånet er raudt, oransje, blått medan det andre er grønt, svart og gult. Ho seier at svart står for det å finne seg kjærast og grøn for å lukte seg heim, så spør ho om dei veit kva byggetårn som er til oppdrettslaks og kva som er til villaks. Dei seier at den med raud, oransje og blå legoklossar er ein oppdrettslaks. Riktig, seier ho. (Ho delar byggetårna i to, og blandar dei inn i kvarandre). Kva skjer med den her laksen no? seier ho, medan ho held fram byggetåret som skal førestille det som tidlegare var ein villaks. Byggetåret manglar den svarte og grøne klossen. Det betyr at den ikkje er like flink til å finne seg ein kjærast, og klarer kanskje ikkje å finne tilbake til si heimelv. Då vil den berre surre rundt. Det vert det ei dårlegare gensamansetjing, og det er difor vi må passe på at dei ikkje blandast.

Tankegongen om at dei ulike laksane ikkje skal verte blanda, vert ungar innlært frå dei er små. Det same med frykta for rømt oppdrettslaks, det at den er skadeleg og må fjernast. Redsla for det framande kjem òg fram blant lokale fiskarar i Namsen. I relasjon til villaks er oppdrettslaks den andre, den framande. Dette merkar eg i samtale med den lokale fiskaren Arvid og kameratane hans:

Eg sit saman med Arvid og kameratane hans i nokre campingstolar på ei stor steinete elvebreidd. Dei tek ein kaffipause etter å ha fiska heile morgonen. Steinane glinsar etter ei kraftig regnskur. Det lettar opp, og eg trekk regnhetta av hovudet. Arvid har akkurat gjeve meg pulverkaffi i ein gammal termokopp han hadde liggjande. Eg held rundt denne, og let blikket gli utover elva. I det siste har det vore mykje rømt oppdrettslaks i Namsen, så eg lurar på kva dei synast om det. Arvid svarar bestemt:

«Oppdrættslaks'n e som innvandrarn, det e som svartingan som kjem fer å bu i husa her. Dæm tek aill husa.»

Svartelista

Det er ikkje berre fiskarar, forvaltarar og forskarar kring Namsen som er redde for den rømte oppdrettslaksen. Nasjonalt er det ein liknande relasjon til denne laksen. I 2005 vart organisasjonen artsdatabanken oppretta. Organisasjonen formidlar kunnskap om biologisk mangfald i Noreg. Her vert det utarbeidd rapportar som syner tilstanden for artar i landet.

Organisasjonen vart oppretta som eit resultat av at Storting og Regjering ynskja eit større fokus på kunnskap om biologisk mangfald. Artsdatabanken er underlagt eit styre som er oppnemnt av Kunnskapsdepartementet (Artsdatabanken 2009).

Artsdatabanken har laga eit system der dei kategoriserer artar i lister etter om dei er trua eller framande. Raudlista definerer trua artar, medan svartelista definerer framande artar. Den første lista over framande artar vart laga i 2007 og kalla *Norsk Svarteliste 2007- økologiske risikovurderingar av fremmede arter*. Svartelista er grunngjeve med at den skal definere skadepotensialet og den økologiske risikoen arten kan føre til. I denne lista er rømt oppdrettslaks definert som ein framand art. Rømt oppdrettslaks går under dei fylgjande to definisjonane: «*arter rømt fra fangenskap og oppdrett, eller forvillet fra dyrkning og næringsrettet virksomhet*», og «*foredlete, stedegne arter spredt i Norge.*» Det er ikkje arten oppdrettslaks som er definert som framand. Snarare er det den rømte oppdrettslaksen, altså når arten er på feil stad, som «*matter out of place*». Forskarar skildrar at oppdrettslaks har arveanlegg frå mange ulike laksestammar, dersom desse vert blanda med villaks vil det føre til at villaksen ikkje lenger har ei unik tilpassing i elva. Artsdatabanken er redd det vil føre til ei utblanding av den stadeigne laksestammen (Gederaas, Salvesen og Viken 2007). Slik vert rømt oppdrettslaks klassifisert, og vidare skapt som ein framand art.

Framande truslar

I naturvern er vern av biodiversitet eit grunnleggande mål, men i dette målet ligg det ein dualisme. Her fjernar artar og plantar som er kategorisert som framande, samstundes som dei vernar dei som er kategorisert som opphavlege. Samstundes arbeidar vernarar for å halde artane åtskild, slik at det ikkje skal oppstå hybridar (Lien og Law 2005). Naturvernarar fjernar furutre i Tasmania, sidan desse eingong vart importert frå California, og dermed er kategorisert som framande i den Tasmanske natur. Dette bygg på ein ideologi om at det eksisterer ein opphavleg og autentisk natur (Lien og Davison 2010). Stefan Helmreich viser eit anna eksempel på eit slikt skilje i boka *Alien Ocean*. Her skildrar han korleis biologar på Hawaii klassifiserer opphavlege og framande artar. Helmreich syner korleis kategoriene ikkje er statiske, men endrar seg med kontekst og historie. Nokre artar vert klassifisert som opphavlege sidan dei vart innført av menneske for lenge sidan. Andre vert klassifisert som framande sjølv om dei vart introdusert på

lik linje som dei andre. Slik syner han at kategoriane er flytande, og at grenser heile tida vert skapt (Helmreich 2009:152- 154).

Mange hevdar at det eksisterer ein parallel mellom notidas miljøvern og 1900-tals fascisme og nazisme (Hage i Lien og Davison 2010). Jean og John Comaroff synleggjer at retorikken rundt invaderande framande plantar i Sør Afrika, skjuler rasisme. Dei tek utgangspunkt i mediedekninga av ein brann i Cape Town rundt milleniumskifte. I media vart årsaka retta mot at framande plantar var meir brannfarlege, og at desse førte til at brannen spreidde seg raskare enn gjennom opphavlege plantar. Mange ynskja desse plantane fjerna. Antropologane syner at natur vert nytta som ein allegori for å gjere nokre objekt og menneske framande. Dei set det i samanheng med korleis Sør Afrika førte ein streng politikk for å få menneske sett på som ulovlege ut av landet. Slik handlar det om kven som har rett til tilhøyrsla til ein nasjon. Det eksisterer ein redsel for at menneske som er sett som dei andre, skal ta over landet (Comaroff og Comaroff 2005).

I Noreg er det ei liknande redsle for framand natur. I 1986 byrja DN arbeidet med å lage genbankar for å sikre arvematerialet til norske villaksstammar (Direktoratet for Naturforvaltning 2011a). Dette systemet konstruerte skarpe grenser mellom den opphavlege, eller det dei kallar den *stadeigne* og den framande fisken. Ein laks som ikkje høyrer heime i elva, er anten ein *framand* laks eller ein *feilvandra* laks. Ideologien i biologi og botanikk er ikkje isolert frå retorikken i det norske samfunnet elles. Natur er eit alibi som skjuler ein underliggende rasisme, slik ein og lagar grenser mellom opphavlege og framande menneske. Dette kjem fram av den auka merksemda mot framande artar. I år arrangerer artsdatabanken konferansen: « NATUR 2012 - Fremmede arter i Norge ». Redsla for framande artar kjem fram av informasjonsskrivet til konferansen: «*Fremmede arter er regnet som en av de største truslene mot verdens økosystemer, planter og dyr. Hvilken trussel utgjør de fremmede artene i norsk natur, og hvilke uventede overraskelser bringer de med seg?*» (Artsdatabanken 2012).

Som nemnt i historiekapittelet var laks og laksefiske sentral i skapinga av ein norsk nasjonal identitet. Sidan har det vekse seg sterke som symbol på den ekte, norske natur. Laks er sjølv symbol på Noreg. I villaksnæringa ikring Namsen er Namslaks det sentrale produktet i laksefiske. Namslaks vert oppfatta som eit særegne produkt som er autentisk, ekte og stadeigen. Øivind Fuglerud har peika på «det autentiske produktet» i samanlikning av immigrasjon og norsk marknadsføring. Den norske nasjonaliteten er vorte eit varemerke som nyttast i marknadsføringa

av produkt, til dømes gjennom matvarekampanjen «Godt Norsk» (Fuglerud 2005). På liknande vis vert laks marknadsført som *norsk laks*. Når den rømte oppdrettslaksen kjem i elva vert det ei redsle for at produktet Namslaks som ekte og autentisk ikkje lenger held det den lova. Difor er grunneigarar og fiskarar uroa over at rømt oppdrettslaks vil skade produktet Namslaks. På denne måten vert rømt oppdrettslaks oppfatta som ein trussel mot Namsen og laksen i elva, men òg mot ideen om det autentisk norske.

Avrunding

I dette kapitlet har eg synt korleis klassifisering av laks vert praktisert, og korleis grensene mellom laks skapast. Dette skjer gjennom laksen sin åtferd og utsjånad, men òg gjennom skjelprøver og gentestar. Arbeidet med å skilje rømd oppdrettslaks frå villaks, eller hybridar mellom dei, har ført til utviklinga av eit sett av markørar for å fastsetje laks. Likevel syner praksis at det ikkje er enkelt å klassifisere den.

Klassifisering er viktig for menneska i Namsen, fordi type laks får konsekvensar for korleis dei skal handsame den. Rømt oppdrettslaks gjev ikkje den same statusen for fiskarar som villaks. Det at laksen er klassifisert som ekte og vill Namslaks, gjev fiskarane den villmarksopplevelinga dei er ute etter. Difor øydelegg det ryet til elva og turistnæringa dersom det vert klassifisert mykje rømt oppdrettslaks i elva.

Eg har synt korleis rømt oppdrettslaks er klassifisert som ein framand art i Noreg. Innanfor biologi og naturvern lagast det grenser mellom opphavlege og framande artar. Eg viser korleis klassifisering og tankar rundt det opphavlege og det framande også kjem til uttrykk ved andre sider av samfunnet. På denne måten hevdar eg at relasjonar mellom menneske og laks har ein overføringsverdi til relasjonar mellom menneske.

7 Avslutning

Korleis kan ein skildre menneske-laks relasjonar i dag, når fiskarar i visse elver brukar heile sumaren på å fiske, utan å kunne ta opp meir enn to fiskar i sesongen? Gjennom denne oppgåva har eg ynskja å vise at det over tid har vore ein stor endring i kva laks er. Tidlegare var det ein fisk for matauk og subsistens, ein ressurs som var del av det kvardagslege kosthald. Den største endringa i kva laks er, kom ved dei aristokratiske britiske fiskarane sitt inntog. Då vart laksen ein dyrebar ressurs utover mat. Laks vart ein opphøgd fisk, «The King Of Fish» som tente som status for den britiske overklassen. Etter kvart utvikla laksefiske seg til å verte ein sportsaktivitet for norske fiskarar òg. Den britiske moralen om kva ein laks var, vart grunnfesta i Noreg. Sportsfiske vart likevel noko anna i Noreg. Etter krigen stadfestaa alle mannsretten norsk natur som ein demokratisk natur som alle skulle kunne ta del i og bruke. Sportsfiske vart ikkje lenger berre for overklassen, i staden vart det tilgjengeleg for alle, overalt. Verdien til laksen var ikkje lenger i kjøtet, men i fiskeopplevelinga.

Laks er eit signifikant dyr for menneske. Dyr som er signifikante for oss vert ordna i moralske system (Douglas 1966). Likevel knyt menneske ulike moralar til laksen. Dette er synleggjort i ein interessekamp mellom ulike grupperingar av fiskarar. Gjennom historia har ulike grupper sine interesser vorte stadfesta i offentleg forvalting, og kan intervenere i andre sin moral. Frå Gulatingslova der laks var ein ressurs på linje med andre naturressursar, som vilt og skog, til Lakse- og Innlandslova der laks som sportsfisk og turisme er framheva. Reguleringar endrar fiskepraksisar. Laksen vert nesten ikkje rekna som ein næringsfisk lenger, det er særstakt få laksegarn og nøter att, og fisketida til sjølaksefiskarane vert meir og meir innskrenka. I staden vert sportsfiskelaksen prioritert. Fiskepraksisar som er lite effektive, som brukar mest tid på å fange få fisk er ynskja gjennom forvaltinga. Slik verkar òg den stadig meir aksepten for fang og slepp. Dette heng saman med utviklinga av ein marknadsorientert natur, der målet er å tene mest mogleg pengar pr. laks, ikkje på fiskekjøtet, derimot på opplevinga som laks er. Dette er ei utvikling der natur er gjort til turisme, ein naturbasert turisme. Trenden i Noreg er at naturen er til for aktivitetar og opplevingar (Ween 2009). Likeins med at fjellet skal brukast til tur, klatre og skioppelingar, skal elva og fisket der nyttast som opplevingar.

Ikkje alle har den same moralen om laks som forvaltinga legg opp til. Kring Namsen er det mykje usemje om kva reguleringar som vert tekne i bruk. Ved denne elva er moralen om laksen

framleis at det er eit bytte, til matauk og som relasjonsbyggande mellom menneske. Fiskarane held fast ved tradisjonelle fiskepraksisar som markfiske og harlingfiske. Desse er effektive fiskemåtar som passar därleg med forvaltingsgrep om døgnkvote på to laks. Forvaltingspraksisar legg opp til at norske lakseelver bør verte meir tilrettelagt mot eit «moderne» fiske, der den intime kampen mellom den eine fisken og den eine fiskaren vert viktigare enn at fisken vert kjøt. I denne relasjonen vert fisken del av større økonomiske nettverk, som ikkje berre inneberer kjøtprodusent og kjøpar, men alle menneske som har sitt virke rundt den individuelle laksen. Grunneigarar, fiskarar, sportsbutikkar og hotell. Alle skal tene pengar på den intime relasjonen mellom den eine fisken og fiskaren.

Korleis kan laks, som er usynleg det meste av tida, og særstund framand for oss, vere signifikant for menneske? Jamvel om det ikkje er eit dyr vi er saman med heile tida, hevdar eg at laks i stor grad verkar inn på livet til menneske. I lokalsamfunnet kring lakseelva er laks utspring for ei rekke turistnæringar. Hotell, hytter, campingplassar og restaurantar kan eksisterer på grunn av laksen i elva. For fiskarane er laksen særskild på ulike måtar. For turistfiskarar er det statusen den kan gjeve, som avstøypingar og trofé. For lokale fiskarar handlar det om fisken som matauk, som relasjonsbyggande, og som konstituerande mellom familie og slekt. Flugefiskarar relaterer seg til laksen ved å trene på kasting, binde fluger, sjå filmar, alt for å tiltrekke seg laksen. Dei vert konstituert med laks gjennom kampen med laksen på fiskestonga, som prov på mestring og maskulinitet. No er Namslaks teken ut av elva og sirkulerer i alt ifrå internasjonale retningslinjer i NASCO, forskingsresultat i NINA, informasjonskampanjar av vernarar, på matbord, i turisme, som bilet i fotoalbum, og som trofé på kontor. Etter kvart som laks vert ein knapp ressurs vert relasjonen mellom den og menneske endå meir særskild. Forskarar og forvaltarar sirkulerer fangststatistikkar, reknar ut gytebestandsmål og lagar nye reguleringar. På denne måten vert menneske til saman med laks på ulike måtar. Nokre av desse praksisane går saman og forsterkar det eksisterande, andre kolliderer eller motverkar kvarandre. Det er ikkje som før, der det var menneska som budde ikring elva som relaterte seg til laksen.

Sidan 1970-talet, då norsk oppdrettsnæring vart eit faktum, har Namslaksen og laks som lev sitt liv på havet og i elva vorte vill. No er det eit mål om at laksen i elva skal vere så vill som mogleg. Den skal vere vill i ein særskild relasjon til menneske, som del av ei villmarksoppleveling. Som vill forvalta laksen som del av vårt nasjonale biologiske mangfold. Det genetiske mangfaldet er eit teikn på villaksen sin styrke. Laksen skal helst leve i elva og havet gjennom heile syklusen, den

skal vere urørd av menneske. Sjølv om oppdrettslaks oftast er usynleg, vert alle praksisane knytt til villaks utført med ein kunnskap om forholdet til den andre laksen.

Etter at den rømde oppdrettslaks kom opp i elva har menneska byrja eit aktivt arbeid med å skilje laksane åt. I elva er det set i verk eit stort arbeid for å kategorisere laks, dernest å handsame den på rett måte, alt etter kva kategori den vert stadfesta i. Etter kvart som det har vorte vanskelegare å skilje mellom laksane, vert nye kategoriar skapt. Den rømde oppdrettslaksen skapar store konsekvensar for laksefiskepraksisar i Namsen. Dersom fiskarar veit at deira fangst er ein rømd oppdrettslaks er opplevinga ikkje lenger særskild. For dei er det eit mål at laksen er så vill og autentisk som mogleg. Av den grunn må produktet Namslaks haldast i hevd for at det skal tiltrekke fiskarar til elva. Produktet symboliserer den reine, ville naturen i Noreg, i kontrast til den ureine nykomaren. Eit skilje dannast altså mellom den opphavlege villaksen og den framande oppdrettslaksen. Skiljet kan knytast til korleis menneske dannar kategoriar og klassifiserer seg sjølv til andre.

Litteraturliste

Anon. 2011. Vedleggsrapport med vurdering av måloppnåelse for de enkelte bestandene. Rapport fra Vitenskapelig råd for lakseforvaltning. Nr 3b. Henta 23. mai 2012 frå
<http://www.nina.no/archive/nina/PppBasePdf/Rapport%20fra%20vitenskapelig%20råd%20for%20lakseforvaltning/2011/Forseth%20Vedleggsrapport%20Rapport%20fra%20vitenskapelig%20råd%20for%20lakseforvaltning%203b%202011.pdf>

Artsdatabanken.2009. *Om artsdatabanken*. Henta 22. mai 2012 frå
<http://www.artsdatabanken.no/Article.aspx?m=5&amid=89>

Artsdatabanken.2012. NATUR 2012- *Fremmede arter i Norge*. Henta 22. mai 2012 frå
<http://www.artsdatabanken.no/artArticle.aspx?m=54&amid=9420>

Asdal, K. 2011. *Politikkens natur- naturens politikk*. Oslo: Universitetsforlaget.

Barad, K. 2003. “Posthumanist Performativity, Towards an Understanding of How Matter Comes to Matter”. I *Signs, Journal of Women in Culture and Society* 8 (3) ss.801-831.

Barth, F.1969. “Introduction”. I Barth .F. (ed.). *Ethnic Groups and Boundaries: the social organization of culture difference*.ss. 9-38. Oslo: Universitetsforlaget.

Belton, W. 1840. *Two Summers In Norway*. London: Saunders and Outley, Conduit Street.

Bjerken, M. 2006 (1955). *Laksefisket i Namsen og de andre elvene i Namdalen*. Valdres Trykkeri.

Callon, M. 1986.”Some elements of a sociology of translation: domestication of the scallops and the fishermen of St Brieuc Bay”. I Law. J. (ed.). *Power, action and belief: a new sociology of knowledge?* ss.196-223. London: Routledge.

Comaroff, J. og J. L. Comaroff. 2005. "Naturing the Nation: Aliens, Apocalypse, and the Postcolonial State". I Hansen T. B & Stepputat F. (ed.). *Sovereign Bodies. Citizens, Migrants, And States in the Postcolonial World*. ss. 120- 147. New Jersey: Princeton University Press.

Dagens Næringsliv. 08.07.2011. *De garanterer at du får napp*. Av Ola Vikås. Henta 12. januar 2012 frå <http://www.dn.no/d2/d2mat/article2176693.ece>

Dalheim, L. 2012. *Into the wild and back again. Hatching "wild salmon" in western Norway*. Masteroppgåve, Sosialantropologisk institutt. Universitetet i Oslo.

de Laet, M. og A. Mol. 2000. "The Zimbabwe Bush Pump". I *Social Studies of Science* 30 (2) ss.225-263.

Direktoratet for Naturforvaltning.2011a. *Genbank for villaks*. Henta 22. mai 2012 frå <http://www.dirnat.no/naturmangfold/laks/genbank/>

Direktoratet for Naturforvaltning.2011b. *Nasjonale laksefjorder og laksevassdrag*. Henta 13. mars 2012 frå http://www.dirnat.no/naturmangfold/laks/nasjonale_laksefjorder_og_laksevassdrag/

Direktoratet for Naturforvaltning.2012a. *Gytebestandsmål*. Henta 25. Mai 2012 frå <http://www.dirnat.no/content/500042256/Gytebestandsmal>

Direktoratet for Naturforvaltning.2012b. *Lakseoppsyn*. Henta 25. mai 2012 frå <http://www.dirnat.no/content/500042109/Lakseoppsyn>

Douglas, M. 1966. *Purity and Danger. An analysis of the concept of pollution and taboo*. London: Routledge and Keagan Paul.

Driftsplanutvalget i Namsenvassdraget.2002. *Driftsplan for Namsenvassdraget 2003-2006*. 1. utgåve. Grong Fritidssenter.

Døving, R. 1997. *Fisk, en studie av holdningar, vurderingar og forbruk av fisk i Noreg*, Rapport nr 12. Lysaker: Statens Institutt for Forbruksforskning.

Forskrift om fiske i vassdrag, Nord-Trøndelag. 2008. *Forskrift om fiske etter anadrom laksefisk i vassdrag, Nord-Trøndelag*. Henta 24. mai 2012 frå <http://www.lovdata.no/cgi-wift/lidles?doc=/lf/lf/lf-20080215-0177.html>

Forskrift om fisket i Tanaelvas fiskeområde. 1989. *Forskrift om fisket i Tanaelvas fiskeområde, Finnmark*. Henta 23. mai 2012 frå <http://www.lovdata.no/cgi-wift/lidles?doc=/lf/lf/lf-19890224-0122.html>

Forskrift om åpning for anadromt laksefiske. 2003. *Forskrift om åpning for fiske etter anadrome laksefisk*. Henta 23.mai 2012 frå <http://www.lovdata.no/cgi-wift/lidles?doc=/sf/sf/sf-20030620-0736.html>

Franklin, Adrian. 2001."Neo- Darwinian Leisures, the body and nature: hunting and angling in modernity". I *Body Society* 7 (4) ss. 57-76.

Frøystad, K. 2003. "Forestillingen om det "ordentlige" feltarbeid og dets umulighet i Norge". I Rugkåsa M & Thorsen, K, T.(ed). *Nære steder, nye rom. Utfordringer i antropologiske studier i Norge*. ss. 32-64.Gyldendal Norsk Forlag.

Fuglerud, Ø. 2005. "Inside Out: The Reorganization of National Identity in Norway". I Hansen T. B & Stepputat F. (ed). *Sovereign Bodies. Citizens, Migrants, And States in the Postcolonial World*. ss. 291-311.New Jersey: Princeton University Press.

Gartland, K. J. 2004. Rapport: *Historisk verdifulle bygninger og bygningsmiljø i Overhalla*. Overhalla kommune.

Gederaas, L., Salvesen, I. og Viken, Å. 2007. *Norsk Svarteliste 2007. Økologiske risikovurderinger av fremmede arter*. Artsdatabanken. Henta 22. mai 2007 frå <http://www.artsdatabanken.no/artArticle.aspx?m=172>

Gupta, A og Ferguson, J. 1997. "Discipline and Practice: "The Field" as Site, Method, and Location in Anthropology". I Gupta, A og Ferguson, J. (ed.). *Anthropological Locations: Boundaries and Grounds of a Field Science*. ss. 1- 46. Berkeley: University of California Press.

Hage, G. 1998. *White Nation: Fantasies of White Supremacy in a Multicultural Society*. Sydney: Pluto Press.

Haraway, D. J. 1988. "Situated Knowledges: The Science Question in Feminism and the Privilige of Partial Perspective". I *Feminist Studies* 14 (3) ss. 575- 599.

Haraway, D. J. 2007. *When Species Meet*. Minneapolis and London: University of Minnesota Press.

Hastrup, K. 1992. *Det antropologiske prosjekt om forbløffelse*. København: Nordisk Forlag AS.

Helmreich, S. 2009. *Alien Ocean*. California: University of California Press.

Hjulstad, O. 2000. *Namsen i våre minner*. Steinkjer Trykkeri AS.

Hjulstad, O og S. Johansen. 1992. *Elvelangs i Namdalen*. Namsos: Hojem Trykkeri AS.

Hoem, E. 2011. *Syng mig hjem*. Oslo: Oktober AS.

Howell, S. 2001. "Feltarbeid i vår egen bakgård: noen refleksjoner rundt nyere tendenser i norsk antropologi." I *Norsk Antropologisk Tidsskrift* 12 (1-2) ss.16-24.

Ingold, T. 1980. *Hunters, Pastoralists and Ranchers: Reindeer Economies and Their Transformations*. Cambridge: Cambridge University Press.

Kalland, A. og F. Sejersen. 2005. *Marine Mammals and Northern Cultures*. Edmonton: Canadian Circumpolar Institute.

Knudsen, S. 2009. *Fishers and Scientists in Modern Turkey. The Management of natural Resources, Knowledge and Identity on the Eastern Black Sea Coast*. Oxford: Berghahn Books.

Kramvig, B. 2006. *Finnmarksbilder*. Doktorgradsavhandling, Samfunnsplanlegging og kulturforståelse. Universitetet i Tromsø.

- Krekling, S. 1966. *Laksefisket i Namdalen*. Namsos: O. Hojems Trykkeri.
- Lakse- og innlandsfiskloven. 1992. *Lov om laksefisk og innlandsfisk av 15. mai 1992 nr. 47*. Henta 23. mai 2012 fra <http://www.lovdata.no/all/hl-19920515-047.html>
- Law, J. 2004. *After Method*. New York: Routledge.
- Law, J. 2007. *Actor Network Theory and Material Semiotics*, version of 25th April 2007. Henta 7. januar 2012 fra <http://www.heterogeneities.net/publications/Law2007ANTandMaterialSemiotics.pdf>.
- Law, J. og Lien, M. E. 2011. “Emergent Aliens: On Salmon, Nature, and Their Enactment”. I *Ethnos* 76 (1) ss. 65- 87.
- Levi-Strauss, C. 1968 [1962] . *The Savage Mind*. Chicago: University of Chicago Press.
- Lien, M. E. 2001. “Latter og troverdighet. Om antropologi i hjemlige egne”. I *Norsk antropologisk tidsskrift* 12(1-2) ss. 68-76.
- Lien, M. E. 2005. “”King of fish” or ”Feral Peril”: Tasmanian Atlantic Salmon and the Politics of Belonging”. I *Environmental and Planning D, Society and Space* 23 (5) ss.659-71.
- Lien, M. E. og A. Davison. 2010. “Roots, Rupture and Remembrance; the Tasmanian Lives of Monterrey Pine”. I *Journal of Material Culture*, 15 (2) ss.233-53.
- Malinowski, B. 1984 (1922). *Argonauts of the Western Pacific*. London: Routledge & Keagan Paul.
- Maurstad, A. 2000. “To Fish or Not to Fish: Small-Scale Fishing and Changing Regulations of the Cod Fishery in Northern Norway”. I *Human Organization*. 59 (1) ss.37- 48.
- Mauss, M. 1995 (1923). *Gaven- Utvekslingens form og årsak i arkaiske samfunn*. Halden: Cappelen.

Mol, A. 2002. *The Body Multiple: Ontology in Medical Practice*. Durham: Duke University Press.

Naturmangfoldloven. 2009. *Lov om forvaltning av naturens mangfold av 19. juni 2009*. Henta 13. mars 2012 frå <http://www.lovdata.no/all/nl-20090619-100.html>

Norges Jeger- og Fiskerforbund. 2010. *Handlingsprogram 2010- 2015*. Henta 13. mai 2012 frå <http://www.njff.no/portal/pls/portal/docs/1/25729014.PDF>

Norske Lakseelver.2009. *Gjenutsetting av fisk*. Henta 07.februar 2012 frå http://www.lakseelver.no/Tema/Fang%20og%20slipp/CR_folder_lowres.pdf

Norske Lakseelver.2012a. *Levesett og biologi*. Henta 13. mai 2012 frå <http://www.lakseelver.no/Biologi/Livssyklus.htm>

Norske Lakseelver.2012b. *Kvotegruppa*. Henta 24. mai 2012 frå <http://www.lakseelver.no/Organisasjon/Dok/Rapport%20kvotegruppa.pdf>

NOU 1999:9.1999. *Til laks åt alle kan ingen gjera? Om årsaker til nedgangen i de norske villaksbestandene og forslag til strategier og tiltak for å bedre situasjonen*. Oslo: Statens forvaltningstjeneste. Henta frå <http://www.regjeringen.no/Rpub/NOU/19991999/009/PDFA/NOU199919990009000DDDPDFA.pdf>

Olsen, R.E., Næsje, T.F., Poppe. T., Sneddon.L., Webb.J. 2010. *Risk Assessment of Catch and Release*. Vitenskapskomiteen for Mattrygghet. Henta 20. mai 2012 frå <http://english.vkm.no/dav/42f495efaf.pdf>

Ramslien, R. D. 2006. *Los på harejaktas mysterier- en kvalitativ analyse av harejakt med langbeint hund*. Hovudfagsoppgåve, Sosialantropologisk institutt. Universitetet i Oslo.

Rikstad, A. 2011. *Namslaksen 2011*. Fylkesmannen i Nord- Trøndelag, miljøvernnavdelinga. Rapport nr 3- 2011.

Skår, M. 2009. "Min, din, vår friluftshistorie?" I *Norsk antropologisk tidsskrift* 20(3) s.167-178.

Statistisk Sentralbyrå. 2012. *Liten auke i laksefiske i elvane*. Henta 24. mai 2012 frå
<http://www.ssb.no/elvefiske/>

St.prp.nr.32 (2006-2007). 2006. *Om vern av villaksen og ferdigstilling av nasjonale laksevassdrag og laksefjorder*. Henta 13. mars frå
<http://www.regjeringen.no/nb/dep/md/dok/regpubl/stppr/20062007/stppr-nr-32-2006-2007-.html?showdetailedtableofcontents=true&id=442061>

Søilen, E. 1995. *Sportsmenn i veide land*. Billingstad: StikkaTrykk.

Thomas-Stanford.C. 1995 (1903). *A River of Norway*. London: Longmans, Green, and co.

Thorstad, E. B., Fiske, P., Stalder, F. og Økland. 2011. *Beskatning og bestansstørrelse av laks i Namsenvassdraget*. NINA Rapport 747:1-32. Henta 27. mai 2012 frå
<http://www.nina.no/archive/nina/PppBasePdf/rapport/2011/747.pdf>

Thorstad, E. B., Rikstad, A. og Sandlund, O. T. 2006. *Kunnskapsstatus for laks og vannmiljø i Namsenvassdraget*. Namsos: Kunnskapssenter for Laks og vannmiljø.

Treimo, H. 2007. *Laks, kart og mening. Det norske laksegenomprosjektet*.

Doktorgradsavhandling. Senter for teknologi, innovasjon og kultur, Universitetet i Oslo.

Veblen, T. 2009 (1899). *The Theory of the Leisure Class*. New York: Oxford University Press.

Vike, H. 1996 (1994). "Norden". I Howell, S og Melhuus, M (ed.) *Fjern og Nær: Sosialantropologiske perspektiver på verdens samfunn og kulturer*. ss.533-556. Oslo: Ad Notam Gyldendal.

Wadel, C. 1991. *Feltarbeid i egen kultur. En innføring i kvalitativt orientert samfunnsforskning*. Flekkefjord: SEEK.

- Walton, I. 1951 (1653). *The Compleat Angler*. London: Oxford University Press.
- Ween, G. B. og S. Abram. 2012. “The Norwegian Trekking Association: Trekking as Constituting the Nation.” *Journal of Landscape Research*. 37 (2) ss. 155-171.
- Ween, G. B. og R. Flikke. 2009. “Naturen som praksiser. Natur i nyere norsk antropologi”. I *Norsk antropologisk tidsskrift* 20(1-2) ss.6-15.
- Ween, Gro Birgit.2009. “Blåfjella-Skjækerfjella nasjonalpark: Naturforvaltning som produksjon av natur/sted.” *Norsk Antropologisk Tidsskrift*.(1-2) ss. 95- 109.
- Ween, G. B.2010. *Den kulturelle betydningen av laksefiske for sjøsamisk kultur*. I Rapport til Finnmarkskommisjonen, Samisk Høgskole.
- Ween, G. B. 2011a. *Clever fish? Exploring ongoing conversations with salmon in Tana River*. EASA konferanse.
- Ween, G. B. 2011b. *Playing with Food? Multiplicity of Ethics regarding Catch and Release*. Caring for Nature workshop paper, UIO.
- Ween, G.B. 2012. “Enacting Human and Non-Human Indigenous Salmon, Sami and Norwegian Natural Resource Management”. I R. Ellefsen, G. Larsen, R. Sollund (ed.) *Eco-global Crimes: Contemporary and Future Challenges*. London: Ashgate.
- Ween, G. B. n.d. “Resisting the Imminent Death of Wild Salmon. Local knowledges of Tana fishermen in arctic Norway”. Under review for *Fishing Peoples of the North*. Sue Keller (ed.). University of Alaska Press.
- Willerslev, R. 2007. *Soul Hunters*. Berkeley: University of California Press.

